

DEMOGRAFI OG BEFOLKNING I NORSKE LÆREPLANAR 1974-2020: Verdier, vitskap eller samtidsutfordringar?

Tove Mariell Bruland



Masteroppgåve i historie

Institutt for Arkeologi, Historie, Kultur-og Religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Vår 2022

© Tove Mariell Bruland

03.06. 2022

Demografi og befolkning i norske læreplanar 1974-2020: Verdiar, vitskap eller samtidsutfordringar?

<http://bora.uib.no/>

Abstract

This master thesis aims to analyse how population and demography have been represented in Norwegian curricula between 1974 and 2020. Furthermore, it aims to analyse how historical population, present population, and demographical scenarios for the future are emphasized in Norwegian curricula. What have influenced the representations and the emphasis over time?

The government wants to prepare the youngest generation for the challenges of an ever-shifting population. The government manage this e.g., by producing curricula that state knowledge, values and competencies pupils should acquire through school. However, the government is not the only one that can influence what is represented in curricula. Former research has shown that, for instance, society, fields of science and the zeitgeist can also influence the final topics in curricula. Based on previous studies, three hypotheses have been established for potential influence: influence of values, influence from the field of population and influence from the present challenges and topics for each curriculum.

In the process of producing a new national curriculum in Norway in 2020, the shifting composition of population was pointed out as one of the main factors that pupils need to be prepared for to meet future challenges. Between 1974 and 2020 there have been five Norwegian national curricula. In this time frame, the field of historical demography and population studies have developed advanced methods and new knowledge has arrived.

The five national curricula have been analysed individually in their own chapter by using a quantitative text analysis called Keyword in context (KWIC). The results for each curriculum have then been compared to display possible changes over time in the representations.

This master thesis finds that curricula are generally up to date in terms of knowledge and studies in the field of population studies. The field of population studies set the foundation for representation of population and demography in the curricula. However, the contemporary challenges and topics of the period for each curriculum, have influenced what demographical components, phenomenon, and view of population that has been highlighted and extracted from the field and represented in the curricula. The contemporary demographical topics has then been fitted the values for each curriculum before being displayed in the curricula. In the curricula, historical demography and future demographical scenarios are also to be studied by the pupils to some degree, but in terms of contemporary topics.

Forord

Fleirfaldige dagar med skriving er kome til ende. Det har vore spennande å få moglegheit til å kople historiske undersøkingar med læreplanar. Nokre dagar har arbeidet gått lettare. Andre dagar har arbeidet møtt på utfordringar. I møte med utfordringane har god støtte og hjelp frå andre vore sentralt.

Først vil eg rette ein stor takk til min rettleiar Arne Solli. Ditt engasjement og evne til problemløysing har vore eineståande for mitt arbeid med masteroppgåva.

Eg ynskjer å takke familie, venar og romkameratar for oppmuntrande ord gjennom prosessen. Stor takk til Johan for god støtte og korrekturlesing av masteroppgåva.

Tove Mariell Bruland

Bergen, Mai 2022

Innholdsliste

1. INNLEIING.....	1
1.1 Innleing.....	1
1.2 Tema og tidelegare forskning.....	2
1.2.1 LÆREPLANEN SOM DOKUMENT	3
1.2.2 ETNISKE OG RELIGIØSE MINORITETAR I LÆREPLANAR	4
1.2.3 NORD-SØR-PERSPEKTIVET I NORSKE LÆREPLANAR	5
1.2.4 «OSS OG DEI ANDRE» I SKULEVERKET	6
1.2.5 PÅVERKNAD PÅ LÆREPLANAR.....	8
1.2.6 VERDIAR I LÆREPLANAR	8
1.3 Problemstilling	9
1.4 Avgrensingar	10
1.5 Strukturen i oppgåva	11
2. TEORI OG METODE.....	12
2.1 Kvantitativ og kvalitativ tilnærming	12
2.1.1 REPRESENTASJONSANALYSE	12
2.2 Kvantitativ tekstanalyse	15
2.2.1 ANALYSEVERKTØYET #LANCSBOX	18
2.2.2 OPERASJONALISERING: NØKKEORDA	19
2.3 Hypotesane og kategorisering av nøkkelord	20
2.3.1 KATEGORISERING AV HYPOTESE: VERDIORD.....	23
2.3.2 KATEGORISERING AV HYPOTESE: SAMTIDSORD	24
2.3.3 KATEGORISERING AV HYPOTESE: VITSKAPSORD	25
2.4 Kontekst og samanlikning	27
2.5 Demografi og historisk demografi.....	29
3. MØNSTERPLAN FOR GRUNNSKOLEN AV 1974	31
3.1 Innleing.....	31
3.1.1 UTVIKLING AV GENERELL DEL	31
3.1.2 TO DELAR – FEM LÆREPLANAR	32
3.2 Analyse av Mønsterplanen av 1974	33
3.2.1 NORGE VENDER BLIKKET UTOVER.....	34
3.2.2 M74: MEIR ENN EIN DØROPNAR TIL VERDA	34
3.2.3 DEN POLITISKE PROSESSEN: PLAN FOR DEN 9-ÅRIGE SKULE	35
3.2.4 KVA KARAKTERISERER M74?.....	35
3.2.5 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN	37

3.2.6	KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANANE.....	40
3.2.7	KWIC ANALYSE NIVÅ 2: NØKKEWORD I M74	43
3.2.8	OPPSUMMERING – «BEFOLKNINGSPROBLEM»	45
4.	MØNSTERPLAN FOR GRUNNSKOLEN AV 1987	47
4.1	Innleiing.....	47
4.2	Analyse av M87.....	47
4.2.1	FRÅ MILJØVERN TIL MATERIALISME.....	47
4.2.2	M87 – MED DØRA PÅ GLØTT FOR INNHALDSFRIDOM?	48
4.2.3	DEN POLITISKE PROSESSEN – POLITIKARANE ELLER PEDAGOGANE?	48
4.2.4	KVA KARAKTERISERER PLANEN?	49
4.2.5	KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN	50
4.2.6	KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANEN	53
4.2.7	KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKEWORD I M87	55
4.2.8	OPPSUMMERING – «BEFOLKNINGSUTVIKLING»	57
5.	LÆREPLANVERKET FOR DEN 10-ÅRIGE GRUNNSKOLE 1997	58
5.1	INNLEIING	58
5.2	Analyse av L97.....	58
5.2.1	REFORMENE OG KUNNSKAPEN – VERKTØY TIL NASJONAL VEKST	58
5.2.2	L97 – KUNNSKAPEN, DØRLUKKAR FOR INNHALDSFRIDOM?	59
5.2.3	POLITISK PROSESS – ARBEIDARPARTIETS MARKANTE MINISTER	59
5.2.4	KVA KARAKTERISERER PLANEN?	61
5.2.5	KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN	62
5.2.6	KWIC-ANALYSE NIVÅ 1 – FAGPLAN	64
5.2.7	KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKEWORD I L97	66
5.2.8	OPPSUMMERING – «BEFOLKNINGSSPØRSMÅL».....	68
6.	LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET 2006	69
6.1	INNLEIING	69
6.2	Analyse av LK06.....	69
6.2.1	DEN MANGFALDIGE BEFOLKNINGA I KUNNSKAPSSAMFUNNET	69
6.2.2	LK06 - KUNNSKAPSLØFTET.....	70
6.2.3	POLITISK PROSESS – PISA-SJOKKET	70
6.2.4	KVA KARAKTERISERTE PLANEN?	71
6.2.5	KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN	72
6.2.6	KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANEN	73
6.2.7	KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKEWORD I LK06.....	75
6.2.8	OPPSUMMERING – «BEFOLKNINGAR»	76
7.	LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET 2020	78

7.1 Innleiing.....	78
7.2 ANALYSE AV LK20.....	78
7.2.1 EIT SAMFUNN I ENDRING – MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR	78
7.2.2 LK20 – VIDAREFØRING AV KUNNSKAPSLØFTET	79
7.2.3 POLITISK PROSESS – NY GENERELL DEL	79
7.2.4 KVA KJENNETEIKNAR LÆREPLANEN?.....	80
7.2.5 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN OVERORDNA DELEN	82
7.2.6 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANEN	85
7.2.7 KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKEWORD	87
7.2.8 OPPSUMMERING – «DEMOGRAFI»	87
8. KOMPARASJON: DEI FEM LÆREPLANANE.....	89
8.1 Haldningar til befolkning	89
8.2 Nøkkelorda	93
8.3 Forholdet mellom tidsdimensjonane	96
8.4 Skilnad mellom generell del og fagplan	98
8.5 Kategoriseringa av kontekstord: Påverknadar på framstillingane	100
9. Konklusjon	106
Litteraturliste	110
Læreplanar.....	110
Stortingsmeldingar, lover og offentlege utreiingar	110
Bøker, rapportar og artiklar	111
Nettressursar og programvare.....	114
Masteroppgåver	116
Vedlegg	118

LISTE OVER FIGURAR

Figur 1.2.4 Prosessen for utforming av lærebøker, henta frå Fjose (2018) s.71, som hennar gjengjeving og utarbeiding av Sætre (2015) s.141.	7
Figur 2.2.1 Utklipp av eit søk i #Lancsbox gjort i PDF av Kirke-og undervisningsdepartementet (1974) M74.....	19
Figur 8.1.1 Årleg vekstrate for verdas befolkning henta frå Roser, Ritchie & Ortiz-Ospina (2013) frå Ourworldindata.org.....	90
Figur 8.1.2 Årleg endring i befolkning henta frå Roser, Ritchie & Ortiz-Ospina (2013) frå Ourworldindata.org.....	91
Figur 9.1 Denne figuren syner prosessen vitskapsfaget demografi gjennomgår før den endelege framstillinga av demografiske fenomen og befolkning i læreplanen.....	109

TABELLISTE

Tabell 2.2 Døme på KWIC, frå Kirke- og undervisningsdepartementet (1974) s.301 frå Mønsterplanen av 1974 (M74)	16
Tabell 2.3 Kopling mellom vitskapsfag og skulefag.....	22
Tabell 2.3.3 Døme på KWIC frå Kirke-og undervisningsdepartementet (1987) s. 237, læreplanen M87.....	26
Tabell 3.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del av M74, jf. Vedlegg 3.....	38
Tabell 3.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i fagplanen av M74, jf. Vedlegg 2.....	41
Tabell 3.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda i M74.....	46
Tabell 4.2.5 Frekvens kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del M87, jf. Vedlegg 3.....	51
Tabell 4.2.6 Frekvens av kontekstord tilknytt det demografiske nøkkelordet *befolk* i fagplan M87, jf. Vedlegg 2.....	53
Tabell 4.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda i M87.....	57
Tabell 5.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del og Prinsipper og retningslinjer for opplæringa i grunnskulen L97, jf. vedlegg 3.....	63
Tabell 5.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i fagplan L97, jf. vedlegg 2.....	65
Tabell 5.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda L97.....	68
Tabell 6.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del av LK06, jf. Vedlegg 3....	73
Tabell 6.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i fagplan i LK06, jf. Vedlegg 2.....	73
Tabell 6.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda i LK06.....	76
Tabell 7.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelorda *befolk* og *demogr* i overordna del av LK20, jf. Vedlegg 3.....	83
Tabell 7.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelorda *demogr* i fagplanen i LK20, jf vedlegg 2.....	85
Tabell 7.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda i LK20.....	88
Tabell 8.2 Døme på læreplanmål 1974 til og med 2020: demografiske komponentar.....	95
Tabell 8.4 Frekvens av kontekstord i generell del (GD) og fagplan (F) i læreplanane mellom 1974 og 2020.....	99
Tabell 8.5 Samla tabell over prosentdel kontekstord for heile læreplanar, 1974 til 2020.....	101

Forkortingar

KWIC	Keyword in Context
M74	Mønsterplan for grunnskolen av 1974
M87	Mønsterplan for grunnskolen av 1987
L97	Læreplanverket for den 10-årige grunnskole 1997
LK06	Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006
LK20	Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020
NOU	Norges Offentlige Utredninger

1. INNLEIING

1.1 Innleiing

«Etnisk, kulturelt og religiøst mangfold utspiller seg ikke bare globalt, men er en del av hverdagen for et stort antall elever i norsk skole. I kjølvannet av demografiske endringer lokalt og globalt blir det å kunne leve sammen i et samfunn og en verden med forskjellighet spesielt viktig i et perspektiv på 20–30 år.»¹

Ludvigsen-utvalet, oppnevnt ved kongelig resolusjon 2013 for utredning av fagfornyelse.

Desse skisserte konsekvensane av demografiske endringar for norske elevar, er skrivne i ein norsk offentleg utreiing, *Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser* som Ludvigsen-utvalet fekk mandat frå regjeringa til å utarbeide i høve arbeidet med det nye læreplanverket for 2020.² Barn og ungdom vert med jamne mellomrom omtala som framtida for ein nasjon, og i mandatet skulle utvalet utreie kva kompetanse den nye læreplanen bør tilretteleggje for framtidens elevar - med utgangspunkt i eit perspektiv på 20-30 år fram i tid. I utreiinga vert det altså skildra ei framtid for norske elevar prega av mangfald i befolkninga som følgje av demografiske endringar. Historia har vist at demografiske endringar kan vere av ulikt geografisk omfang, føre med seg ulike tiltak og ulike haldningar i folkesetnaden. Globalt opplevde ein ved midten av førre sekel ei samtid prega av frykt for overbefolkning.³ Kontrasten til 2019 er stor, då nedgang i nasjonale fødselstal førte til at statsminister Erna Solberg såg det naudsynt i si nyttårstala å ringe det nye året inn med ei bønn til nordmenn om å få fleire born.⁴ I 2020 var det derimot dei regionale demografiske endringane som hamna i søkjelyset, etter at ei offentleg utreiing av dei stadig vaksande demografiutfordringane i distrikta i Norge blei offentleggjort.⁵ I tillegg har komponentar som migrasjon, mortalitet og fertilitet påverka og framleis påverkar desse endringane.⁶

Vitskapeleg kan desse demografiske komponentane, som påverkar samansetjinga og storleiken av befolkninga, undersøkjast både i høve fortidige, samtidige og for framtidige befolkningar. Historikaren arbeider med arkivmateriale i historisk-demografiske undersøkingar av t.d.

¹ NOU 2015:8, s.50.

² NOU 2015:8.

³ FN-sambandet, 2021.

⁴ NRK, 2019. Videoklipp av daværende statsminister Erna Solberg sin nyttårstale.

⁵ NOU 2020:15.

⁶ Solerød & Tønnessen, 2022b.

mortalitetsnedgang dei siste 250 åra, medan demografen gjer berekningar av folketal 100 år fram i tid gjennom befolkningsframskrivingar. Samtidig sit eit utsnitt av befolkninga kvar dag i norske klasserom og skal tileigne seg kunnskap om dei demografiske endringane. I bakgrunnen av svinginga mellom frykt for overbefolkning i 1970-åra og frykt for låge fødselstal på 2000-talet, har det kome til fem læreplanar for den norske grunnskule,⁷ som skal slå fast kva kunnskapar og dugleikar elevar skal lære for å kunne møte utfordringar, utvikling og endringar.

1.2 Tema og tidelegare forskning

Problemområdet i denne oppgåva har to komponentar ved seg: demografi og befolkning, og læreplanar. Ludvigsen-utvalet nemnde demografiske endringar, men kva er demografi?

Demografi er læra om befolkning og beskriv og forklarar befolkninga si storleik, struktur, fordeling og samansetning.⁸ Sentralt i studiet av befolkning er dei demografiske komponentane migrasjon (flytting og inn/utvandring) dødelighet og fruktbarheit. Dei demografiske komponentane er dei faktorane som spelar inn på befolkningsutvikling, t.d. nedgang i befolkningstal, og i tillegg til desse komponentane undersøker demografien geografisk fordeling samt befolkningsstrukturen gjennom alder og kjønn.⁹ Med andre ord er det mange faktorar i læra om befolkninga, og desse kan påverke forhold som t.d. mangfald, kultur og identitet i befolkninga. Historikar Ståle Dyrvik beskriv demografiens forhold til samfunnsutviklinga med å fremje korleis «...faget i særleg grad gir innsyn i folks *leveforhold*...fødsel og død, samliv og einsemd, livsløp og livsfasar» og at dei som arbeider med demografi «...møter desse omstenda for alle menneska, alle sosiale lag».¹⁰

Denne oppgåva koplar demografi og læreplanar, medan forskingslitteraturen også har gjort koplingar mellom tema i demografi og ulike delar av skuleverket, i tillegg til læreplanar: læremidlar, lærarar og elevar. I forskingslitteraturen kan ein identifisere tre tema i høve befolkning, som er undersøkt i skuleverket; framstilling av etniske og religiøse minoritetar, Nord-Sør-perspektivet, og førestillingar om «oss» og «dei andre». I tillegg har forskingslitteraturen vore oppteken av påverknadar og verdigrunnlag i læreplan, og skuleverk.

⁷ Engelsen, 2020. Artikkelen gjev oversyn over læreplanar mellom 1939 og 2020, med vekt på dei med generell del.

⁸ Solerød & Tønnessen, 2022b.

⁹ Tønnessen & Solerød, 2022a.

¹⁰ Dyrvik, 1983, s.203.

1.2.1 Læreplanen som dokument

I forskningslitteraturen er læreplanar ein mykje nytta primærkjelde for å undersøkje ulike fenomen. Forskarane Midtbøen, Orupabo & Røthing framhev korleis «Læreplaner kan...ses som interessante tidsvitner og analyser av læreplaner kan synleggjøre endringer i forståelsmåter, normer og verdier i samfunnet».¹¹ Det er dermed ikkje tvil om læreplanars ressursar og eigenskapar som kjelde, men kva er ein læreplan?

Av professor Lars Erling Dale vert læreplaner blant anna definerte som «...dokumenter som gjelder skolens organisering og innhold».¹² For lærarar inneber læreplanen ei rettesnor for kva innhald deira undervisning bør ha. For den enkelte skuleeigar verkar læreplanen som eit «styringsgrunnlag» som skal sikre at elevane får den tilstrekkelege opplæringa dei har krav på.¹³ For myndigheitene på øvste nivå, er læreplanen eit forvaltningsdokument og eit samfunnsmandat, noko som i praksis inneber at det er teke avgjersler som er vorte legitimerede gjennom representative fora, og må gjennom høyringar.¹⁴ Karseth & Sivesind skriv at læreplanen både kan sjåast på frå eit «politisk og skulefagleg perspektiv»,¹⁵ vil den forbinde dei felles interessene myndigheitene, skulane og samfunnet har i å «...ivareta samfunnsverdier og individrettigheter».¹⁶

Dei tre utdanningsforskarane Aasen, Prøitz & Rye knyt definisjon av læreplan til to sider ved læreplanen. Dei definerer læreplanen først og fremst som «...et utdanningspolitisk dokument med to formål eller funksjonar».¹⁷ Desse to føremåla er lenka til to ulike aktørar knytt til skulen – slik Dale også beskrev. Dei skriv at «For det første er den verktøy for nasjonal politisk styring. For det andre angir den en faglig og pedagogisk plattform for yrkesutøvelse».¹⁸ Ein læreplan er slik meir enn eit dokument som gjere reie for kva kompetansar elevane skal utvikle og kva kunnskapar dei skal lære. Læreplanen vert av interesse både for aktørar med og utan direkte tilknytning til skuleverket, og i prosessen med utarbeiding av nye læreplanar er det ulike grupper og organisasjonar som kan - og ynskjer å kome med innspel. Det kan kome innspel

¹¹ Midtbøen, Orupabo & Røthing, 2014, s.23.

¹² Dale, 2010, s. 145.

¹³ Dale, 2010, s. 86.

¹⁴ Dale, 2009, s.12.

¹⁵ Karseth & Sivesind, 2009, s.26.

¹⁶ Karseth & Sivesind, 2009, s.26.

¹⁷ Aasen, Prøitz & Rye, 2015. s. 417.

¹⁸ Aasen, Prøitz & Rye,, 2015. s. 417.

både til den generelle delen av læreplanen, som m.a. angir verdiane for skulen, men også fagplandelen av læreplanane, som angir det faglege innhaldet i skulen.¹⁹

Det har vore fleire læreplanar i den norske skule gjennom dei siste 100 åra. Frå *Normalplan for byfolkeskolen av 1939* skulle det gå 20 år før *Læreplan for forsøk med 9-årige skole av 1960* kom til. Men frå *Mønsterplan for grunnskolen av 1974*, byrja det å gå kortare tid mellom kvar plan. Frå 1974 har det kome nye læreplanar omtrent kvart ti til femtande år: *Mønsterplan for grunnskolen av 1987*, *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen 1997*, *Læreplanverket for kunnskapsløftet 2006* og *Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020*.²⁰ Læreplanane vert ofte forkorta med første bokstav og årstal, t.d. vert mønsterplanen frå 1974 forkorta til M74 og læreplanen frå 2020 vert LK20.

Sitatet frå Ludvigsen-utvalet illustrer korleis det som pregar utviklinga i samtida og spådomar for framtida vert trekt fram i utreiing om kva dugleikar, kunnskapar og kompetansar ein ynskjer å fostre hjå dagens og kommande elevar i ny norsk læreplan. Gjennom dei ulike innflytingane og beskrivne aktørane – vert læreplanar eit dokument med fleire moglege påverknadskrefter på innhald. Dette er noko forskingslitteraturen diskuterer kring analyse av befolkning i læreplanar og i skuleverket.

1.2.2 Etniske og religiøse minoritetar i læreplanar

Etniske minoritetar har Siri J.G. Stoa skrive om i masteroppgåva si *Nordmannens bilde: En undersøkelse av norske læreplaners framstilling av samer*, der ho undersøker norske læreplanars framstilling av samar og det samiske. Av læreplanar er det mønsterplanane frå 1974 og 1987 samt læreplanverket frå 1997, som er objekt for hennar undersøking - frå no forkorta M74, M87 og L97. Ho identifisere tre skifter i framstillinga av samane i læreplanane. I M74 finn ho at «...skiftet gikk fra utelatelse til inkludering»²¹. I M87 dreier skiftet seg om omgrepsbruk, og «urbefolkning» vert for første gong nytta om samane, i staden for «minoritet». I M87 er dessutan det samiske reservert til samfunnsfaget.²² I L97 derimot er det samiske gjennomgåande i alle fagplanane og dessutan har samane fått eigen læreplan - noko som Stoa ser på som det tredje skiftet: fokuset på samisk utdanning. Sjølv om Stoa trekk fram det

¹⁹ T.d. vert det av Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, i Forord til Mønsterplan for grunnskole beskrive korleis det kom inn 360 uttalelsar til forslaget til ny læreplan, frå ulike organisasjonar og lag.

²⁰ Engelsen, 2020.

²¹ Stoa, 2019, s.82.

²² Stoa, 2019, s. 81-82.

overordna skiftet «...samer som reindriftssamer til samer som urbefolkning» som positivt, påpeiker ho likevel at framstillingane framleis ber preg av stereotypiar.²³ Haldningsendringar frå staten si side, historiske og samtidige hendingar, oppbygning og plassering av kompetansemål og samisk komité og utdanningsråds deltaking i utarbeiding av læreplan - er blant forklaringane Stoa finn for endringane i dei ulike planane.²⁴

Innanfor same tema, men med eit vidare fokus, utarbeidde forskarane Midtbøen Orupabo & Røthing ved Institutt for samfunnsforskning i 2014 rapporten *Beskrivelser av etniske og religiøse minoriteter i læremidler*. I rapporten vert det teke føre seg det fleirkulturelle, religiøse minoritetar, rasisme og terrorisme - i læremidlar og Læreplanverket for kunnskapsløftet 2006 (LK06). I gjennomgang av kompetansemåla for RLE, historie og samfunnsfag finn dei at dei ulike tema i liten grad er uttrykte eksplisitt i kompetansemåla, men at nokre av måla mogleg opnar for handsaming av desse.²⁵ Denne rapporten kjem også innom det samiske, ettersom det er hovudsakleg denne urbefolkninga som vert eksplisitt omtala i kompetansemåla.²⁶ Rapporten peikar særskild på strøymingar i samfunnet og nasjonens ynskje som viktige utgangspunkt for tematikk i læreplanar, og at læreplanen og læremidlar «...gir dermed et godt inntak til å studere samfunnsendringer».²⁷

1.2.3 Nord-Sør-perspektivet i norske læreplanar

Nord-Sør-perspektivet er undersøkt av forskarane Nordkvelle & Tvette ved Høgskulen på Lillehammer i rapporten *Nord/Sør perspektivet i norske lærebøker*. Rapporten undersøker korleis dette perspektivet vert fremja i læreplanen LK06 og i læremidlar. I rapporten inneber tematikken blant anna skilnad i levekår, bistand og migrasjon i Nord og Sør. Dei har teke føre seg læreplanen for samfunnsfag og RLE, og peikar på kompetansemåla som lite konkrete om Nord-Sør-perspektivet, og som generelt vage.²⁸ Dette er same karakteristikken som rapporten om etniske og religiøse minoritetar frå Institutt for samfunnsforskning peikte på. Forskarane ved høgskulen på Lillehammer trekkjer fram at kompetansemåla legg vekt på refleksjon og komparasjon, t.d. mellom fattige og rike land, men at dette er så opent at det kan resultere i svært ulike konklusjonar hjå elevane. Forklaringa dei legg til grunne for dette, er at denne type

²³ Stoa, 2019, s.83.

²⁴ Stoa, 2019, s.83.

²⁵ Midtbøen, Orupabo & Røthing, 2014, s.33.

²⁶ Midtbøen, Orupabo & Røthing, 2014, s.33.

²⁷ Midtbøen, Orupabo & Røthing, 2014, s.132.

²⁸ Nordkvelle & Tvette, 2010, s.13.

tema har sterk politisk slagside, så for at kompetansemål ikkje skal verte farga av partipolitikk kan dei ikkje verte for konkrete.²⁹

1.2.4 «Oss og dei andre» i skuleverket

Det tredje temaet i forskingslitteraturen, dreier seg om førestillingar om oss og dei andre. Forskingslitteraturen har i hovudsak undersøkt lærebøker, og haldningar til lærar og elevar, ikkje læreplanar.

Ragnhild Fagerslett har i masteroppgåva *Forestillingen om de andre. En undersøkelse av elevers forestillinger om befolkningen i utviklingsland – kan de endres?* undersøkt elevar sine førestillingar om «oss»- vestleg befolkning, og «dei andre», befolkning i utviklingsland i Sør. Ho finn at elevane har eit pessimistisk og Malthusiansk syn på befolkning og jordas ressursar,³⁰ og at dei har stereotype preforestillingar kring folkesetnad i utviklingsland, t.d. høg ferilitetsrate.³¹ Forklaringane bak desse preforestillingane finn Fagerslett m.a. i ytre strukturar og oppvekst, altså at elevane i stor grad tek med seg desse førestillingane inn i skuleverket. Resultatet frå undersøkinga hennar før og etter undervisning om demografi, syner at undervisninga er med på endre noko av preførestillingane elevane hadde.³²

I ei forlenging av Fagerslett si oppgåve har Joachim Larsen, og Ingrid Rosseland Fjose skrive masteroppgåver som tematiserer «oss og dei andre» knytt til skulen. Larsen undersøker i oppgåva *Lærernes forestillinger om de andre En undersøkelse av samfunnsfaglæreres oppfatninger til spørsmål om befolkningsvekst og utvikling*, samfunnsfaglærarar sine haldningar til befolkning. Larsen finn at samfunnsfaglærar har noko tilfeldige antagelser om demografiske fenomen, men at dei i større grad enn hjå elevane i Fagerslett si oppgåve, har eit oppdatert syn på befolkning.³³ Om utgangspunktet for demografi i skulen, hevdar Larsen at «Det er ikke vitenskapsfaget som setter rammene for skolefaget, det er det først og fremst Kunnskapsdepartementet som gjør».³⁴ Larsen hevdar at politiske val, lærarkollegiet og media spelar inn på ei eventuell kunnskapsoverføring om befolkning frå vitenskapsfag til skulefag. Han peikar m.a. på korleis vitenskapsfaget stadig kan oppdatere seg, medan skulefag vert halden attende av alle læremidla og aktørane som er innblanda.³⁵

²⁹ Nordkvelle & Tvette, 2010, s.14.

³⁰ Fagerslett, 2015, s. 85.

³¹ Fagerslett, 2015, s.50.


³² Fagerslett, 2015, s.85.

³³ Larsen, 2016, s.73.

³⁴ Larsen, 2016, s.61.

³⁵ Larsen, 2016, s.61.

Med utgangspunkt i Fagerslett og Larsen, undersøker Fjose i oppgåva *Frå primitive sammlarar til dyktige naturfolk. Ei analyse av førestillingar om dei andre i lærebøker*, korleis «dei andre» vert framstilt i eit utval lærebøker frå 1939, 1976 og 2008. Fjose hevdar at utviklinga har gått frå å framheve alt vesten har fått til som eit ideal, til i nyare tid å fremje medynk overfor «dei andre», utviklingsland, som ikkje har hatt moglegheit til same framgang. Dette meiner ho inngår i ein pessimistisk tanke, der lærebøkene også generaliserer tilhøva i utviklingsland.³⁶ Fjose presenterer ein modell for utforming av læreplanar og lærebøker der ho har teke utgangspunkt i ein modell av Sætre.³⁷ Modellen, figur 1.2.4, er lik Sætre sin bortsett frå at Fjose har lagt til det overgripande elementet «tidsånd». «Tidsånd» pregar samfunnsutviklinga og alle ledda ved prosessen, som ein kan sjå av figur 1.2.4. Venstre del av modellen syner påverknad på læreplanar.



Figur 1.2.4 Prosessen for utforming av lærebøker, henta frå Fjose (2018) s.71, som hennar gjengjeving og utarbeiding av Sætre (2015) s.141.

I avhandlinga viser også Fagerslett til den svenske legen og forskaren Hans Rosling. Rosling hevdar i boka si *Factfulness. Ten reasons we're wrong about the world – and why things are better than you think*, at folk i vestlege land i dag har feiloppfatningar og utdaterte haldningar til omstende kring befolkning hjå ikkje-vestlege land.³⁸ Han meiner oppfatningane mange i dag har om at utviklingsland har høg fertilitet og høge fødselstal heller avspeglar befolkningstilhøva slik dei var i desse landa i 1960-åra.³⁹ Altså har mange i vesten forseinka oppfatningar om befolkning i utviklingsland som kan daterast til situasjonen slik den var fleire tiår tilbake i tid.⁴⁰

³⁶ Fjose, 2018, s.71-72.

³⁷ Sætre, 2015, s.141.

³⁸ Rosling, 2018, s.21.

³⁹ Rosling, 2018, s.22-28.

⁴⁰ Rosling, 2018, s.26.

1.2.5 Påverknad på læreplanar

Bjørn Brandtzæg Gundem spør i boka *Mot en ny skolevirkelighet? Læreplanen i et sentraliserings-og desentraliseringsperspektiv* kva i samfunnet som påverkar endringar av læreplanar. Ho kjem med understreking om at «Det kan være vanskelig å skille mellom påvirkning til endring som springer ut av politiske og økonomiske forhold, og andre påvirkningsforhold av samfunnsmessig, kulturell eller kunnskapsmessig art». ⁴¹ Gundem peikar blant anna på verdimesse forhold, endringar i unges levkår og strukturelle endringar i skulen utløyst av reformer som moglege påverkarar på læreplanar. ⁴²

I boka *Norsk Skoleutvikling etter 1945*, spør Alfred Telhaug «Er det mulig for skolen å være nøytral i sit forhold til verdier, livssyn, samfunnsutvikling og samfunnsanskuelser?» ⁴³ Han kjem fram til at det har vore ein form for konsensus i etterkrigstida om at nøytralitet i skulen er uråd å realisere. På 50 og 60-talet styrte samfunnsutviklinga tema i skulen, men denne passiviteten fekk ikkje fotfeste etter 1960-åra. ⁴⁴ Han hevdar at ambisjon om nøytralitet i skulen er brukt til «...å dempe eller fjerne den kristne livssynspåvirkningen og til å motarbeide et sterkere politisk og samfunnsmessig engasjement fra skolens side». ⁴⁵

Theo Koritzinsky hevdar i boka *Samfunnskunnskap – Fagdidaktisk innføring*, at massemedia i dag i hovudsak er prega av eit sterkt fokus på K-slagsider som krigar, konflikter og kriser – altså i stor grad negative dagsaktuelle hendingar. Som motvekt til dette bør samfunnsfaglæraren i undervisning vektlegge også andre utviklingstrekk i samfunnet – med i større grad positivt føreteikn, og her trekk han m.a. fram nedgang i barnedødeligheit i mange land. ⁴⁶

1.2.6 Verdier i læreplanar

Gundem fremja altså verdier som påverkar på læreplanar. Det finn stad forskningslitteratur som teke føre seg nettopp verdier i norske læreplanar.

August Øyen har masteroppgåva *Hva har formet norske læreplaners verdigrunnlag? En analyse av aktører, strukturer, og systemer i norske læreplaner for grunnskolen, 1970-2020* sett på korleis verdigrunnlaget i norske læreplanar mellom 1970 og 2020 har endra seg, og kva som

⁴¹ Gundem, 1993, s.53.

⁴² Gundem, 1993, s.53-55.

⁴³ Telhaug, 1994, s.173-179.

⁴⁴ Telhaug, 1994, s.176-177.

⁴⁵ Telhaug, 1994, s.179.

⁴⁶ Koritzinsky, 2014, s.151.

har påverka dei. Han tek særskild føre seg politkarane som stod føre dei ulike læreplanane, og korleis deira partipolitiske tilknytning samt kva som prega samfunnet, fremja ulike verdisyn i læreplanane. Arbeidarpartiet fekk fremja sosialistiske verdiar i M74 som inngår i eit sosialt integrasjonsideal, medan det i L97 var nyliberalisme som prega verdiane, uttrykt gjennom eit borgarleg kunnskapsideal. Kunnskapen og nyliberalismen blei ytterlegare forsterka i LK06 og politkarane verka ikkje særskild interessert i verdigrunnlaget. Også i LK20 står kunnskapen sterkt, men vert i følge Øyen akkompagnert av verdiane om sosial integrasjon frå M74.⁴⁷

Øyen har ikkje teke føre seg M87. Det har derimot Marte-Marit Bertsen Aarvik, i si masteroppgåve *Likeverd og verdien av ulikhet. En idèhistorisk studie av det utdanningspolitiske målet om å skape en skole for alle, med utgangspunkt i de nasjonale læreplanene fra perioden 1939 til 1987*. Aarvik finn at det i tråd med tanken om velferdsstat så var likeverd ein større del av verdiane som karakteriserte M74, og som også prega M87 – men i M87 blei i særskild dimensjonen om mangfald og ulikskap ein viktig del av tanken om likeverd.⁴⁸ Ho skriv at det i M87 «... åpnes for at ulikhet kan være mer rettferdig enn likhet».⁴⁹

1.3 Problemstilling

Den tidelegare forskingslitteraturen har vore sentral for å utarbeide problemstilling. I metodeboka *Å gripe fortida* vert det beskrive korleis «Teorien kan...hjelp oss med å operasjonalisere spørsmålet vårt...»,⁵⁰ samt at det er nyttig å ha «..eit aktivt og problematiserande forhold til teoriar frå andre forskarar...».⁵¹ Gjennomgangen av forskingslitteraturen har synt at det er eit spekter av forklaringar samt moglege påverknadar på innhaldet i læreplanane, alt etter kva demografisk fenomen som er vorte handsama.

Utgangspunktet for undersøkingar av læreplanar og læremidlar i forskingslitteraturen er konkrete demografiske fenomen og ikkje demografi som eit heile eller som eit vitskapsfag. Forskingslitteraturen tek i hovudsak føre seg eitt eller eit utval førehandsbestemte fenomen i høve befolkning og undersøker framstillinga av desse i læreplan eller læremidlar, og framstillingane vert blant anna forklart med teori, politikk, historiske hendingar og utviklinga i samfunnet. For å gje rom for at det som faktisk vert handsama og framstilt om befolkning og

⁴⁷ Øyen, 2020, s.86-88.

⁴⁸ Aarvik, 2009, s.91-92.

⁴⁹ Aarvik, 2009, s.84.

⁵⁰ Andresen, mfl., 2015, s.133.

⁵¹ Andresen mfl., 2015, s.136.

demografi i læreplanane, vil denne undersøkinga ikkje avgrensast til eitt konkret demografisk fenomen. Problemstillinga for denne masteroppgåva er formulert rommeleg og siktar å handsama *korleis befolkning og demografi vert framstilt i norske læreplanar i perioden mellom 1974 og 2020. Samt korleis er vektlegginga mellom historisk demografi, samtidsdemografi og demografiske scenario om framtida i norske læreplanar? Kva har påverka framstillingane og vektlegginga over tid?*

Av gjennomgangen av forskingslitteraturen er det gjerne Fjose og Larsen som sett opp dei klåraste hypotesane for påverknad på innhald i skulen, med utgangspunkt i Sætre sin modell. Alle tre kan seiast å vektlegge korleis samfunnet på ulike måtar påverkar oppfatningar og framstillingar i lærebøker og for undervisning om befolkning i skulen. Sidan denne oppgåva ikkje tek sikte på å undersøkje lærebøker, vil det vere den første delen av modellen til Sætre som er relevant, altså den som gjeld læreplan.

Basert på forskingslitteraturen, har eg utforma å tre hypotesar for påverknad på framstilling av befolkning og demografi i læreplanar. Den første er at det er vitskapsfaget som har hatt størst påverknad på innhaldet i læreplanen i høve framstilling av demografi. Den andre hypotese er at det er samtida og samtidsutfordringar som har hatt størst påverknad. Ei tredje hypotese er at det er verdigrunnlaget som har hatt størst påverknad. I kapittel 2 vil det verte gjort reie for korleis desse tesene skal operasjonaliserast i analysen av læreplanane.

1.4 Avgrensingar

Melve & Ryymin påpeikar at noko av utfordringa for ein historikar som arbeidar med nyare tid, er at kjeldematerialet gjerne er stort.⁵² Læreplanar vert reviderte og utskifta med jamne mellomrom når ein meiner at samfunn i endring krev nye eller andre kunnskapar hos elevane. I tillegg er læreplanar samansette av ulike delar, slik som generell eller overordna del, samt fagplanar for ulike fag i skulen. På bakgrunn av dette trengst det nokre avgrensingar i høve problemstillinga denne oppgåva handsamar.

Oppgåva vil avgrensast til å take føre seg læreplanar for grunnskulen. Tidsavgrensinga for oppgåva er basert på årstal for den første og den siste aktuelle læreplanen som vert handsama i denne undersøkinga. Denne oppgåva vil verte avgrensa frå perioden mellom 1974 og 2020. Avgrensinga for den første aktuelle læreplanen kjem av to ting.

⁵² Melve & Ryymin, 2018, s.24.

For det første, kjem avgrensinga av denne oppgåva av sitt utgangspunkt og tilhørsle i historiefagets arbeidsmåtar. Innanfor demografiens verden har ein retningar som tek føre seg særskilde tidsdimensjonar ved befolkningslære, deriblant historisk demografi. Historisk demografi vil oppgåva take føre seg og forklare nærare i 2.5. Fordi spesialiseringa av historisk demografi og aukande interesse for vitenskapsfaget demografi begynte for alvor å gjere seg til kjenne på 70-talet,⁵³ er det relevant å avgrense undersøkinga av framstilling av demografi og befolkning med å starte med læreplanen M74.

For det andre kjem avgrensinga av kva delar læreplanane historisk har bestått av. Engelsen skriv at M74 er den første læreplanen med ein generell del. Den generelle delen av læreplanen kjem før kvar fagplanane i læreplanar, og gjer m.a. reie for verdiane som skal prege skulen.⁵⁴ Å analysere læreplanar med generell del av læreplanane er difor særskild relevant for hypotese om verdiane si påverknad på framstilling i læreplanar. Slutten av tidsavgrensinga og siste læreplan som vert undersøkt er LK20. Denne planen er ikkje undersøkt i dei tidelegare masteroppgåvene presenterte i forskingslitteraturen i høve demografiske fenomen, og på grunn av dens klåre framtidsambisjon vil denne verte slutt punkt for tidsavgrensinga i undersøkinga.⁵⁵

1.5 Struktura i oppgåva

I kapittel 2 vil dermed det metodiske knytt til analysen av læreplanar verte gjennomgått, og det vil verte gjort reie for korleis hypotesene skal operasjonalisert via analysemetoden KWIC (Keyword in Context). I kapitla frå 3 til 7 vil læreplanane M74, M87, L97, LK06 og LK20 verte analysert i kronologisk rekkjefølgje. I første analysekapittel 3 der M74 vert analysert, vil det også vere eit rettleiande delkapittel 3.1 som tar føre seg i korte trekk oppbygginga av kvart analysekapittel og kort kva som har kategorisert endringar i struktur og innhald i læreplanane mellom M74 og LK20. Kapittel 8 er eit samanlikningskapittel, der funna for dei ulike læreplanane vil verte diskuterte, samanlikna og skildra endringar over tid. Kapittel 9 er konklusjon.

⁵³ Dyrvik, 1983, s.15-16.

⁵⁴ Engelsen, 2020, s.209. Meir inngåande skildring av læreplanane sin struktur og delar vil denne oppgåva kome attende til i kapittel 3.

⁵⁵ Det finst masteroppgåver som har teke føre seg LK20, og Øyen 2020 gjorde som kjent dette i si undersøking av verdier. Men for forskingslitteraturen kring demografi og befolkning i læreplanar og i læremidlar, er ikkje LK20 vorte handsama.

2. TEORI OG METODE

Temaet for denne oppgåva har i liten grad vorte gjenstand for historiefagleg forskning. Tema kring demografi og befolkning i skuleverket og i læreplanar har vorte gjenstand for didaktisk og samfunnsvitskapeleg forskning. Denne oppgåva har sitt utgangspunkt i historiefaglege tradisjonar. I metodeboka *Å gripe fortida*, vert metode for historikaren definert som noko som «...representerer ein systematisk måte å angripe spora etter fortida på».⁵⁶ Dette betyr at min måte å angripe fortida på gjennom undersøking av læreplanar, vil vere henta frå historisk metode. Likevel har alle fag til felles at det er objektet eller problemstillinga som avgjer metoden.⁵⁷ Problemstillinga, altså spørsmålet ein stillar eit kjeldemateriale, vil også vere med å avgjere om historikaren nyttar seg av kvalitativ eller kvantitativ metode - eller til og med både kvantitativ og kvalitativ metode.

2.1 Kvantitativ og kvalitativ tilnærming

I historisk demografi er særskild det kvantitative i form av historiske statistikkar og tal over m.a. fødselsratar og dødsårsakar, som vert handsama av historikaren.⁵⁸ I denne oppgåva er det rett nok ikkje demografisk statistikk som er objekt for undersøkinga, men framstillingar av demografi og befolkning, forstått som eit vitskapsfag, i læreplanar. Å undersøkje språklege framstillingar av eit fenomen, vil naturleg vere av kvalitativ art. Det er likevel ikkje gjeve at metoden alltid er klårt definert på førehand, men at den vert skapt i prosessen med undersøking av kjeldematerialet.⁵⁹ Dette har også vore tilfellet i mi undersøking. Likevel har undersøkinga i hovudsak teke utgangspunkt i representasjonsanalyse og den kvantitative metoden Keyword in context (KWIC) - for å fange opp kvantitative endringar i omgrepsbruk i dei ulike læreplanane. Komparasjonen, skilnadane og likskapane i dei ulike læreplanane, vil belyse endringar over tid.

2.1.1 Representasjonsanalyse

I denne masteroppgåve ser eg representasjonsanalyse som ein paraplymetode for analyse av læreplanar.⁶⁰ Frå kring 70-talet av hendte det ei vending i historiefaget som utvida

⁵⁶ Andresen mfl., 2015, s.118.

⁵⁷ Andresen mfl., 2015, s.93.

⁵⁸ Dyrvik, 1983, s.14.

⁵⁹ Andresen mfl., 2015, s. 118.

⁶⁰ Slik Stoa, 2019, s.14 påpeikar i si oppgåve, så skriv ho historisk. Dermed har ho vald å ikkje bruke læreplanteoriar i analyse av læreplanar, slik fleire oppgåver i pedagogikk gjer. Fordi også denne oppgåve har eit historisk utgangspunkt vil det vere historiske metodar analysen tek utgangspunkt i.

«...kompleksiteten til historisk kunnskap»,⁶¹ og som mellom anna resulterte i den kvalitative metoden representasjonsanalyse. Denne går gjerne under namnet «den språklege vendinga», og er karakterisert av ei vending frå eit nærast svartsyn på teksten, der språket i ei kjelde er noko som ligg som slør over ei objektiv og sann historie - til eit syn på tekst som meningsskapande i seg sjølv.⁶² Språket i kjelda blei altså framheva og objekt for historiske undersøkingar.

Så kva er representasjonar? Stuart Hall definerer representasjon som «...the production of meaning through language».⁶³ På den eine sida finnast det fysiske objektet, slik som ein stol, og på den andre sida har ein konseptet stol som finnast i tankane våre - sjølv når objektet ikkje finn stad i det fysiske rom saman med deg. For å likevel kunne referere til stolen gjennom vårt konsept av den i tankane våre, gjer vi dette gjennom språk. Denne samanbindinga mellom ting, konseptet og språket kan vi kalle representasjonar, som kan referere til både den verkelege verda og det abstrakte.⁶⁴ I ein kultur og som ein del av eit samfunn fordrar dette at vi har det som Hall kallar eit delt «conceptual map». Til tross for at alle individ vil tolke verda rundt seg noko forskjellig, delar menneske innanfor same kultur nokolunde lik forståing og tolking av verda. Vi deler altså dei komplekse samanbindingane og konseptane, men for å uttrykke desse representasjonane av verda, krevst det også at vi har eit felles språk. Gjennom eit felles språk kan vi «...correlate our concepts and ideas with certain written words, spoken sounds or visual images».⁶⁵

Innanfor historiefaget har ein metode for analyse av desse representasjonane. Av Andresen mfl. vert representasjonsanalyse skildra som ein metode der historikaren «...studerer korleis ting, personar eller saksforhold blir framstilte gjennom uttrykk som kan vere språklege eller ikkje-språklege».⁶⁶ Trass i at Hall, som nemnt, påpeika korleis menneske innanfor den same kulturen i stor grad vil dele den same tolkinga og forståinga av verda (konsept), hadde ikkje analysar av representasjonar vore særskild interessante om dette til ein kvar tid stemde. Ved hjelp av historisering, vil historikaren finne korleis meininga bak ei framstilling avheng av den historiske konteksten; når den er vorte tilbliven, kven som les den og kven som har skapa ho.⁶⁷ Analyse av representasjonar i historiefaget kan strekke seg frå å undersøkje korleis kongelege

⁶¹ Melve, 2010, s.232.

⁶² Andresen mfl., 2015, s. 108.

⁶³ Hall, 1997, s.16.

⁶⁴ Hall, 1997, s.17.

⁶⁵ Hall, 1997, s.18.

⁶⁶ Andresen mfl., 2015, s.110.

⁶⁷ Andresen mfl., 2015, s.110-111.

vert framstilt i måleri⁶⁸ til å undersøkje korleis kongelege er vorte framstilte i europeiske skulebøker og i dei amerikanske skulebøkene. Til skilnad frå før den språklege vendinga er ikkje historikaren, som nyttar representasjonsanalyse, nødvendigvis ute etter å undersøkje den objektive sanninga om dei kongelege i framstillingane. Historikaren jaktar ikkje nødvendigvis kva representasjonane kan fortelje om dei kongelege, men t.d. aktørorienterte forklaringar⁶⁹ om kva representasjonane kan fortelje om synet og haldningane europeiske og amerikanske lærebokforfattarar har til dei kongelege. Kva kan ei positiv førestilling av dei kongelege fortelje oss? Kan førestillingane vere eit resultat av tida ho er skriven i eller til og med hatt konsekvensar for tida ho er skriven i? Representasjonsanalyse opnar for undersøkingar av desse moglege forklaringane.

I mi undersøking dreier representasjonar seg om språklege framstillingar. Historikar Teemu Ryymin listar i *Historikerens arbeidsmåter* opp gangen i utarbeiding av ei representasjonsanalyse. Utgangspunktet for ei representasjonsanalyse er først og fremst ei problemstilling som har med framstillingar å gjere. Neste steg vert å avklare og avdekkje kva det er som vert skrive om fenomenet i teksten ein undersøker. Ein kan mogleg sjå på dette som eit overordna blikk, som i sin tur kan føre til meir inngåande nærlesingar basert på det som kjem fram innleiingsvis. Dette kan til dømes vere å sjå om framstillinga av fenomenet held fram eller endrar seg gjennom teksten.⁷⁰ Eg ynskjer også å nytte mindre betydingseiningar enn lenger ytringar, for å undersøkje framstilling av demografi og befolkning i læreplanar.

Ord er ei sentral del av mi undersøking, som ein vil sjå i presentasjonen av analysemetoden i 2.2. I følgje Asdal mfl. er ord «...den minste betydningsenheten som kan brukes fritt».⁷¹ Det er lett å falle for freisting og tenkje at ei mindre eining, som det ord er, ikkje kan vere av lik verdi å undersøkje for historikaren som det ei lenger ytring er. Då er det interessant å merke seg påstanden til Asdal mfl. om orda som «... det språklige nivået der historisk forandring kan avleses tydeligst og mest umiddelbart...» og at dei faktisk verkar som eit «...møtested for forandring og stabilitet».⁷² Dette fordi ord både kan ha ein varig karakter over tid – det finst der ute, tilgjengeleg til å setje saman med andre betydingseiningar, men samstundes vert ord prega av den tida og konteksten dei til ein kvar tid finn seg innanfor.⁷³ Om ein støyttar på ordet «IT-

⁶⁸ Andresen mfl., 2015, s.110.

⁶⁹ Ryymin, 2018, s.60.

⁷⁰ Ryymin, 2018, s. 60.

⁷¹ Asdal mfl., 2008, s. 83.

⁷² Asdal mfl. 2008, s.83.

⁷³ Asdal, mfl, 2008, s.83.

konsulent» skjønner ein at dette ikkje kan vere henta frå ein tekst skriva på 1800-talet. Men den vetle eininga kan setjast saman med andre mindre einingar i sine kontekstar, og skape forskjellige større betydningseiningar. Det retoriske aspektet ved ein historisk tekst er dermed interessant fordi tekst aldri vil kunne avspegle røynda akkurat slik den er objektivt; den vert sjølv skapa av sin kontekst og tida den blei til i, men kan også sjølv påverke og skape.⁷⁴

I analysen min, har eg valt å nytte analyseverktøyet KWIC for å systematisere og få overblikk over kva som vert skriva om demografi i læreplanar og i kva samanheng desse framstillingane står i, med særskild vekt på nøkkelord og kontekstord.

2.2 Kvantitativ tekstanalyse

Kvantitativ metode har over lenger tid vore forbunden med ei snever betydning av omgrepet. Historikar Arne Solli beskriv korleis kvantitativ metode blei sett på som einstyddande med statistikk, medan ein i dag har utvida betydninga ved å bruke omgrepet kvantitative arbeidsmåtar.⁷⁵ Å bruke og undersøkje lister, statistikkar og tal, t.d. over mortalitet i eit prestegjeld for å finne og forklare dødsårsaker, treng «...næring frå teori, modellar eller god innsikt i dei historiske kontekstane».⁷⁶ Det kvantitative treng altså næring frå det kvalitative. Ved å sjå til tidelegare forskingslitteratur, kan ein finne sin inngang til tema, og det kan etter kvart verte klårt korleis ei kvantitativ tilnærming til materialet mogleg kan kome med ny innsikt om eit område.⁷⁷

I denne oppgåva vil det verte brukt kvantitativ tekstanalyse, som vil seie at eg skal systematisere og kategorisere innhaldet i læreplanane knytt til framstillinga av befolkning og demografi ved hjelp av kvantitativ arbeidsmåte.⁷⁸ Innhenting av relevant kvantitativ informasjon frå ein tekst kan i dag gjerast effektivt på fleire måtar, alt etter føremålet. Dataingeniøren Hans Petter Luhn, viste på ein konferanse i 1958 m.a. fram ein maskin som kunne systematisere og organisere ord og setningar.⁷⁹ Algoritmen kalla Luhn for Keyword in context, forkorta til KWIC. Sjølv beskriv han dette i artikkelen *Keyword-in-Context Index for Technical Literature* frå 1960. Prosedyren bak denne indeksen går ut på å systematisere den språklege konteksten eit særskild ord

⁷⁴ Asdal mfl. 2008, s.112.

⁷⁵ Solli, 2018, s.93.

⁷⁶ Solli, 2018, s. 121.

⁷⁷ Solli, 2018, s.94-95.

⁷⁸ Grønmo, 2020. Hos Store Norske Leksikon beskriv professor Grønmo kva kvantitativ og kvalitativ innholdsanalyse er. Element av strukterering og kategorisering av tekstinnhald ved kvantitativ arbeidsmåte finn ein også i denne samfunnsvitskapelege metoden, og er element brukt i mi oppgåve.

⁷⁹ Stevens, 2018.

(nøkkelord) inngår i.⁸⁰ Denne måten å arbeide med tekst på var kjent tidelegare som concordance (konkordanse) i litteraturanalyse, men det nye var at ei datamaskin kunne gjere dette for ein.⁸¹

For døme på nøkkelord kan ein ta utgangspunkt i tittelen til Fagerslett «Forestillingen om de andre. En undersøkelse av elevers forestillinger om befolkningen i utviklingsland – kan de endres?». Vel ein «befolkning» som nøkkelord i tekstutdraget er «forestillinger» og «utviklingsland» dei næraste meiningsberande kontekstorda.

I dag finst det ein rekkje dataprogram ein kan laste ned frå Internett som gjennomfør KWIC-analyse. Ved hjelp av KWIC kan ein søkje etter eit nøkkelord. Programmet vil syne tekstsamanhengane (konkordansen) for ordet i tekstkorpuset. Dette nøkkelordet kan vere «befolkning». Til skilnad frå andre søkjemotorar vil program som utfører KWIC gje informasjon om kor hyppig nøkkelordet er nytta i ein gjeven tekst (korpus), samt kva meiningsberande kontekstord som nøkkelordet vert brukt saman med i setningar (kontekst) i korpuset.

Eitt nøkkelord kan få ulik betyding i ulike samanhengar, og denne tolkinga avheng av orda føre og etter nøkkelordet i setningane. Det er likevel ikkje alle ord i den umiddelbare språklege konteksten (setningane) nøkkelordet finn seg i, som er like viktige i tolkinga av kva som vert skrive om nøkkelordet. Desse orda omtalar Luhn som «non-significant», og er typisk ord med grammatikalsk betyding, t.d. artiklar; «den», og preposisjonar; «på». ⁸² Med andre ord gjeve desse lite informasjon om nøkkelordet «befolkning». Desse vert også kalla «stoppord» og vert utelatne frå den språklege konteksten. I staden vil ord som «rettigheiter» eller «sultkatastrofe» verte tekne med, fordi dei i større grad beskriv og peikar på betydinga av nøkkelordet «befolkning».

Kontekst -3	Kontekst --2	Kontekst -1	Nøkkelord	Kontekst +1	Kontekst +2	Kontekst +3
ansvar	samfunns-medlem.	Familie-planlegging.	Befolkning -søkningen	problemene	Kristendoms-kunnskap	Familieliv

Tabell 2.2 Døme på KWIC, frå Kirke- og undervisningsdepartementet (1974) s.301 frå Mønsterplanen av 1974 (M74),

⁸⁰ Luhn, 1960.

⁸¹ Luhn, 1960.

⁸² Luhn, 1960.

I tabell 2.2 har eg sett opp eit døme på KWIC gjort i M74 og sett inn i ein tabell med 3 kontekstord før og etter nøkkelordet. Setningane desse er henta frå er i sin heilskap: «Den enkeltes ansvar som samfunnsmedlem. Familieplanlegging. Befolkningsøkningen og problemene den fører med seg. Kristendomskunnskap. Familieliv.»⁸³ I tabell 2.2 ser ein at KWIC ikkje tek omsyn til tekstens oppdeling i setningar og periodar, men konteksten uavhengig av slik inndeling. Den språklege konteksten i KWIC-analyse er med andre ord ikkje avgrensa av setningar og periodar.

Tabell 2.2 syner at ord som «den», «som», «og» og «med» er utelatne frå analysa av kontekst. Dette er altså «stoppord», eller «non-significant» ord som Luhn kalte dei. Slik står ein att med kontekstorda som skildrar og peikar på betydninga nøkkelordet har i setninga, i dette tilfellet «befolkning». I denne oppgåva vert KWIC eit verktøy for å undersøkje framstillinga av demografi i læreplanar. Tal gonger nøkkelordet «befolkning» er nytta i ein læreplan kontra i ein annan, vil i seg sjølv gje informasjon om skilnadar i vektlegging. I tabell 2.2 er nøkkelordet «befolkning» nytta saman med orda «problemene» og «familieplanlegging». Dette kan gje ein indikasjon på kva tematikk ordet vert nytta i høve, samt om det vert nytta i positivt eller negativt ordlag. Dette kan i sin tur sjåast opp mot dei tre hypotesene om påverknad: samtid, vitskap og verdiar.

Tabell 2.2 syner ein manuell KWIC-analyse, der eg har søkt i PDF-fila av M74 etter ordet «befolkning» og teke med dei relevante kontekstorda. For å effektivisere metoden har eg nytta dataprogrammet #Lancsbox.

Kor mange kontekstord skal analyserast per nøkkelord? I følgje Evens & Michael brukar mange studiar vilkårlig tal kontekstord før og etter nøkkelordet, t.d. 5 eller 7.⁸⁴ Læreplanane har ulik oppbygning – nokre prega av stikkord og oppramsing, medan andre har meir tekst. Difor vil også tal ord per setning variere. M74 har ein gjennomsnittleg setningslengde på 5.19 og M87 på 5.94. Dette er dei planane med kortast setningslengde. L97 har ei gjennomsnittleg setningslengde på 14.8, LK06 på 15.8 og LK20 på 13.45.⁸⁵ I programmet #Lancsbox som er brukt for KWIC i denne oppgåva, er standardinnstillinga på 7 kontekstord (både stoppard og meiningsberande ord) før og etter nøkkelordet. Dette gjev totalt 15 kontekstord (7+1+7) som

⁸³ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.301. Læreplanmålet er henta frå fagplanen i Biologi og Helseleære for 7-9 klasse. Årsaka til at «Familieplanlegging» ikkje er ein del av ei setning kjem av måten fagplanane i M74 vert formulerte på med både stikkord og setningar.

⁸⁴ Evens & Michael, 2005, s.51

⁸⁵ Rustøy, 2021. Her er internettportalen til Sandefjordskolen nytta for å rekne ut gjennomsnittleg setningslengde for kvar læreplan.

grunnlag for KWIC-analyse. Læreplanane har ein setningslengde som er om lag lik eller kortare enn oppsettet i #Lancsbox (7+7 kontekstord + eitt nøkkelord). Difor vil ikkje fleire kontekstord (meningsberande ord og stoppord) enn 7+7, vere nyttig fordi det kan inkludere setningsledd som er mindre relevante for å belyse nøkkelordet. Fordi særskild dei to første planane har korte setningar, kan ein ta utgangspunkt i at det er plass til 3 meningsberande ord og 4 stoppord blant dei 7 kontekstorda.⁸⁶ Difor har eg vald å analysere 3 meningsberande før og etter kontekstord i konteksten til kvart nøkkelord. I analysane av læreplanane vil omgrepet «KWIC-kontekst» og «kontekstord» bli brukt om dei seks meningsberande kontekstorda innanfor 7+7 (sjå vedlegg 4 for tal på setningar for kvar læreplan, frå portalen hos Sandefjordskolen⁸⁷).

2.2.1 Analyseverktøyet #Lancsbox

#Lancsbox er ein programvare for analysing av språkleg data og tekstkorpus, og er utvikla av Universitetet i Lancaster. I følgje Universitetet sin nettstad for nedlasting av programmet, kan det verte nytta av m.a. lingvistar, sosiologar, lærarar og historikarar, for å undersøkje språk på ulike måtar.⁸⁸ For å bruke programmet må det lastast ned til datamaskin. I programmet kan ein så importere opp eigne filer og tekster (korpus), eller filer henta frå nettet. Programmet utfører ulike språklege og tekstlege analysar, deriblant KWIC, av alle språk. Ein kan sjølv velje kor mange kontekstord ein ynskjer i analysen. Det er likevel ikkje alle språk som vert støtta likt i programmet. For nokre språk kan programmet gjenkjenne den grammatikalske funksjonen ord har i ei setning, t.d. verb og artikkel.⁸⁹ Sjå figur 2.2.1 for utsnitt av korleis eit søk i #Lancsbox ser ut.

⁸⁶ Dei gangane det i standardinnstillinga 7+7 i «#Lancsbox ikkje har vore 3 meningsberande kontekstord, har eg utvida konteksten for å alltid ha 3 meningsberande kontekstord å analysere.

⁸⁷ Rustøy, 2021.

⁸⁸ Brezina, Weill-Tessier, & McEnery, 2020a, #LancsBox v. 5.x. [software].

⁸⁹ Dette kan den ikkje med norsk, og programmet utelukkar dermed ikkje stoppord i setninga. Eg har dermed sjølv plukka ut dei meningsberande kontekstorda i konteksten 7+7. Programmet har gjeve meg treffa for nøkkelorda og den umiddelbare språklege konteksten.

Index	File	Left	Node	Right
1	M74genei	kart som viser topografi, nedbør, klima, vegetasjon,	befolkningsstetthet,	religion, levestandard etc. Bruk av kart kan
2	M74genei	det er også andre grupper av samisk	befolkning	som er bosatt i Midt-Norge. I samarbeid
3	M74genei	med en vanlig grunnskole har den sørsamiske	befolkningen	fått sin egen skole, og kan gjøre
4	M74genei	nordligste språkblendingsdistrikter. Ved siden av den samiske	befolkning	er det nord i landet en befolk
5	M74genei	befolkning er det nord i landet en	befolk	ningsgruppe med finsk bakgrunn. Elever som tilhører
6	M74genei	finsk bakgrunn. Elever som tilhører den finske	befolk	ning, vil i første rekke ha behov
7	M74genei	sam handel bør tas opp, og likeså	befolknings	problemene. Næringslivet kan behandles som tversnri
8	M74genei	områdene det gjelder. En kan trekke inn	befolkningsøkningen	og for andringene i befolkningsstrukturen og sær
9	M74genei	trekke inn befolkningsøkningen og for andringene i	befolkningsstrukturen	og sær lige forhold i råstoffliførsel og
10	M74genei	Nyttevekster. Redskaper. Driftsmåter. Mat til verdens milliarder:	Befolknings	økningen. Dagens og framtidens situasjon. 9. klassetr
11	M74genei	Nordkalottsamrådet. Kul turelle fellesoppgaver for samer. Norge:	Befolkningsstrukturen.	By og land. Næringsliv. 7. klassetrinn Verdensrommet.
12	M74genei	grupper, kultur, religion. Samekulturen. Rase- og minoritetsspørsmål.	Befolkningskunnskap:	Jordas befolkning, ut bredelse, fødselsoverskudd. Frar
13	M74genei	og minoritetsspørsmål. Befolkningskunnskap: Jordas	befolkning,	ut bredelse, fødselsoverskudd. Framtidsutsikter. Væref
14	M74genei	ning. Omskoling. De unge og utdannings samfunnet.	Befolkningsproblemer:	Befolkningstilvekst gjennom tidene. Problemer ved gris
15	M74genei	Drmskoling. De unge og utdannings samfunnet. Befolkningsproblemer:	Befolkningsstilvekst	gjennom tidene. Problemer ved grisgrendt og bymessi
16	M74genei	ved grisgrendt og bymessig bebyggelse. Områdeplanleg ging.	Befolkningsproblemer	i andre land. Verdensbyenes problemer. Helsestell og
17	M74genei	f. eks. verdens matvareproblemer og sultens virkninger,	befolkningsøkningen	og de problemer den fører med seg,
18	M74genei	Sentrale kostholdsproblemer i verden. Underskott/overflod.	Befolkningsstilveksten	i verden. FN's organisasjoner FAO og WHO.
19	M74genei	og nær ingsmidler. Renovasjon. Menneskets fram tid.	Overbefolkning	og matmangel. Familie planlegging. Distriktsutbygging
20	M74genei	produksjon og handel og problemer som gjelder	befolk	ningsstrukturen og flyttingen til tettsteder og 280
21	M74genei	Enkeltindividet internasjonalt sett (mann- kvinne -barn). Internasjonale	befolkningsproblemer.	ARBEIDSMÅTER i undervisningen i familiekunnskap sl
22	M74genei	Den enkeltes ansvar som samfunns medlem. Familieplanlegging.	Befolknings	økningen og problemene den fører med seg.
23	M74genei	Internasjonale problemer. Utviklingsland. Verdens matvareproblemer.	Befolkningsutviklingen.	Rasediskriminering. Geologi: Trekk fra hjemstedets ge

Figur 2.2.1 Utklipp av eit søk i #Lancsbox gjort i pdf av Kirke- og undervisningsdepartementet (1974) M74

2.2.2 Operasjonalisering: nøkkelorda

For å operasjonalisere metoden med bruk av nøkkelord, er det nyttig å take utgangspunkt i dei omgrep ein finn innanfor vitkapsfaget demografi. I Store Norske Leksikon vert dei ulike komponentane samt områda for undersøking i faget, ramsa opp: «...befolkningers størrelse, alders- og kjønnsfordeling, geografiske fordeling, samt de demografiske FAO komponentene fruktbarhet, dødelighet og migrasjon (flytting).»⁹⁰ I historisk demografi har også andre vitkapelege omgrep for demografiske fenomen, slik som natalitet for fødelshyppighet og nuptialitet for giftarmålshyggighet.⁹¹ Desse har eg vald å utelate frå analysen, sidan dei ikkje opptrer i korpuset.

Basert på desse komponentane og demografiske fenomena har eg kome fram til desse relevante orda å nytte som nøkkelord: *befolkning*, *demografi*, *fødsel*, *fertilitet*, *dødelegheit*, *mortalitet*, *flytting*, *innvandring*, *utvandring* og *migrasjon*.⁹²

For å bruke alle desse nøkkelorda samstundes i #Lancsbox, har eg satt saman orda i eit regulært uttrykk. Eit regulært uttrykk er eit konstruert søkemønster, der ein søkestreng beskriv eit sett av

⁹⁰ Solerød & Tønnessen, 2022b.

⁹¹ Dyrvik, 1983, s.63.

⁹² Rate og fruktbarhet kunne også vore med, men søkjestregane **rate** og **fruktbar** hadde gjeve mange mindre relevante treff, som t.d. adjektivet fruktbart, referat, kamerater og preparater. Men bade rate og fruktbarhet kan dukke opp i konteksten til dei andre nøkkelorda.

tekststrenger ved hjelp av spesialteikn og syntaksregler.⁹³ Eksempel: søkestrengen /demogr*/i beskriv alle ord som tek til med demogr, t.d. demografi og demografisk, og ignorerer store og små bokstavar ved bruk av *i* på slutten av strengen. #Lancsbox søker opp alle ord som har treff med dei særskilde søkestrengane (det regulære uttrykket). Fordelen med dette er at eg kan søkje etter fleire nøkkelord samstundes. Dei gjevne nøkkelorda er vorte trunkerte, slik at det er stammen av ordet som står att, og resten er vorte erstatta av teiknet «*». Trunkering gjev treff uavhengig av bøyingsformer og språk (bokmål, nynorsk). Det regulære uttrykket eg har brukt ser dermed slik ut:

```
/.*demogr.*|.*befolk.*|.*fertil.*|.*migr.*|.*innvan.*|.*utvan.*|.*flytt.*|.*mortal.*|.*død.*|  
.*født.*|/i
```

Teiknet « | » har funksjon som skiljeteikn mellom søkjeuttrykka. Skråstrek « / » omsluttar den samla søkjestrengen.⁹⁴ Stjerneteiknet * representerer null (ingen) eller fleire bokstavar.⁹⁵ Dette teiknet kan også brukast framfor søkjeuttrykket for å fange opp ord som t.d. har søkeuttrykket *befolk* som andre ledd i eit samansett ord. Søkjestrengen vil difor både kunne fange opp ordet «**befolkningsreduksjon**», der uttrykket finn stad i første ledd, men også «**urbefolkning**» der søkjeuttrykket er i andre ledd i ordet. I oppgåva vil dei enkelte søkjestrengane som er del av det regulære uttrykket verte omtalt som nøkkelord og vil verte skrive med trunkering og ordstammen, t.d. *innvan* og *befolk*. Nøkkelordstammene, t.d. *demogr*, vil verte omtalte som nøkkelord i resten av oppgåva.

2.3 Hypotesane og kategorisering av nøkkelord

Det regulære uttrykket med utgangspunkt i nøkkelord frå demografi vil i #Lancsbox syne alle nemningar nøkkelordet har i kvar einskild læreplan, frekvens og kva kontekstord nøkkelordet er omgitt av. For å kunne undersøkje hypotesene om vitskaps-, verdi- og samtidspåverknad, vil

⁹³ Wikipedia, 2021.

⁹⁴ Brezina, Weill-Tessier, Mcnery, 2020b. Dette er ein manual som syner korleis ein søker i #Lancsbox, ved Regex searches.

⁹⁵ Antonsen, 2015, s.256. I denne metodeboka vert regulære uttrykk beskrive, korleis dei fungerer i praksis og korleis tolke desse.

analysen av nøkkelord operasjonaliserast ved å dele inn analysen av kvar læreplan i to ulike nivå.

Det første nivået i analysen vil undersøkje kontekstorda knytt til dei to demografiske nøkkelorda *demogr* og *befolk*. For dette nivået vil analysen undersøkje den generelle delen og fagplanen kvar for seg, for kvar læreplan.. Noko av utfordringa knytt til læreplanar med generelle delar er i kva grad den røde tråden er vorte beholden gjennom den generelle delen og fagplandelane. Gudem hevdar at «Forholdet mellom generell læreplan og læreplan for de enkelte fag har alltid vært problematisk».⁹⁶ Dette forholdet mellom desse to delane av læreplanar, kan gjere seg gjeldande på blant anna to måtar. På den eine sida kan gjennomgåande tema i den generelle delen verte neglisjert i fagplandelane. På den andre sida kan det som står i den generelle delen av læreplanen, legge føringar samt prege førestillingane i dei ulike fagplandelane – noko som ikkje nødvendigvis fordrar nyansert kunnskapsformidling av særskilde faglege tema.⁹⁷ Analyse av kontekstord for kvar del kan slik få fram eventuelle relevante likskapar eller ulikskapar i vektlegging og framstilling av befolkning og demografi i generell del og fagplan. For å operasjonalisere hypotesane, vil kontekstorda kategoriserast etter vitskapsord, samtidsord, verdiord og ubestemte ord, og setjast i tabell som syner fordeling og verte diskuterte. Kategoriane vil verte gjennomgått i 2.3.1 til 2.3.3.⁹⁸

For det andre nivået av analysen for kvar læreplan, vil alle nøkkelorda verte gjennomgått, men ikkje ved analyse av dei tre kategoriane for kontekstord. Desse vil i staden verte undersøkte i høve kva fagleg samanheng dei inngår i. Den faglege samanhengen vil verte vurdert utifrå den språklege konteksten, og ikkje etter kva skulefag dei faktisk inngår i planen. I følge Dale vil «De ulike skolefagene skille seg fra hverandre nettopp ved at de har særegne begreper, terminologi og temaer innenfor ulike hovedområder».⁹⁹ Men dei ulike skulefaga har endra innhald og namn over tid, samt at nokre av skulefaga kan vere meir lik kvarandre enn andre. Til dømes kan nøkkelordet *fød* som «fødsel» vere nemnt i skulefaget Heimkunnskap i M74,¹⁰⁰ som saman med orienteringsfaget kan innehalde tema frå fleire av vitskapsfaga, t.d.

⁹⁶ Gudem, 2008, s.54

⁹⁷ Gudem, 2008, s.54. Gudem nytter ulike døme frå utarbeiding av M74 der det er manglande samsvar mellom den generelle delen og fagplandelane – deriblant om likestilling og miljø.

⁹⁸ Tabellane over kategorisering i analysane for kvar plan i nivå 1, vil syne prosent av dei meiningsberande kontekstorda, ikkje stoppord.

⁹⁹ Dale, 2010, s.122.

¹⁰⁰ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s. 266. Her inngår nøkkelordet *fød* i skulefaget Heimkunnskap, i ein naturvitskapeleg samanheng som følge av kontekstord som «fosterutvikling» og «næringsstoffene».

samfunnsvitenskap og naturvitenskap. På grunn av den språklege konteksten kan nøkkelordet både få ein historiefagleg betydning, t.d. gjennom kontekstord som «fortidig» og «krigen», eller naturvitenskapeleg betydning gjennom «fosterutvikling» og «næringsstoffa». Slik vil ein kunne fange korleis nøkkelordet faktisk vert brukt, trass i at skulefaga endrar seg mellom dei fem læreplanane, samt at ein også kan kategorisere den faglege samanhengen for nøkkelord som finn stad i den generelle delen – som ikkje eigentleg er knytt til fag.

Tabell 2.3 Kopling mellom vitenskapsfag og skulefag

Vitenskapsfag	Skulefag
Geografi	Samfunnsfag. Orienteringsfag (M74 og M87). Heimkunnskap (M74, M87 og L97)
Historie	Samfunnsfag. Orienteringsfag. Heimkunnskap.
Samfunnsvitenskap	Samfunnsfag. Orienteringsfag. Heimkunnskap
Religionsvitenskap	Religion og etikk (har endra namn gjennom alle planane)
Naturvitenskap	Naturfag. Heimkunnskap. Orienteringsfag.
Andre	Norsk, engelsk, framandspråk, kroppsøving, kunst og handverk m.a.

Det interessante ved denne kategoriseringa, er å undersøke om dei ulike demografiske nøkkelorda vert knyta til ulike vitenskapsfag. Kan nokre av dei samla seiast å vere samfunnsvitenskapelege, medan andre historiefagleg? Tabell 2.3 syner koplinga mellom vitenskapsfag og skulefag. For analysen i nivå 2 vil nøkkelorda kategoriserast etter kva vitenskapsfaglege samheng dei inngår i, altså den første kolonnen i tabell 2.3. Orienteringsfaget samla blant anna heimstadiære, samfunnsfag, historie, geografi og naturfag i M74 og M87,¹⁰¹ medan heimkunnskap i M74, M87 og L97 både hadde ein sosial og helsefremjande karakter, og i dag heitar faget mat og helse.¹⁰² Dei mest relevante skulefaga som kan ta opp demografi eller demografiske spørsmål faller inn under vitenskapsfaga geografi, historie, samfunnsvitenskap, religionsvitenskap og naturvitenskap i analysen, og desse faga er til stades i alle læreplanane men uttrykt som ulike skulefag, t.d. orienteringsfag i M74 men samfunnsfag i LK20. Tabell for nøkkelorda for kvar læreplan er i vedlegg 1.

¹⁰¹ Sjøberg, 2019.

¹⁰² Nilssen, 2022.

2.3.1 Kategorisering av hypotese: Verdiord

Ei av hypotesane som er vorte reist er at påverknad på framstilling av demografi i læreplanar er prega av dei rådande verdiane som har prega den norske skule til ein kvar tid. For å kunne kategorisere kontekstorda i nivå 1 av analysen trengst det å definerast kva kategoriane inneber i denne undersøkinga.

I følgje Sagdahl i Store Norske leksikon er verdi «...kvaliteten ved noe, det som er godt ved noe. En tings verdi sies gjerne å bestemme dens viktighet med hensyn til hvordan vi bør gjøre våre vurderinger og beslutninger.»¹⁰³ I skulen opererer ein med verdiar som sjåast på som å vere viktige for samfunnet, og dermed sentrale å implementere i danninga av den kommande slekt. Dette verdigrunnlaget for skuleverket finn ein i føremålsparagrafen i opplæringslova. Det er denne ein tek utgangspunkt i utarbeidinga av den generelle eller overordna delen av læreplanen.¹⁰⁴ I den generelle delen av læreplanen frå 2020 står det uttrykt at «Verdiene er grunnlaget for vårt demokrati og skal hjelpe oss å leve, lære og arbeide sammen i en kompleks samtid og i møte med en ukjent framtid».¹⁰⁵ Det vert altså festa stor lit til verdiane si kraft i skuleverket, for samfunnets nytte og framhevinga av særskilde verdiar vil variere frå læreplan til læreplan. Difor vil det verte interessant å sjå det gjeldande verdigrunnlag for kvar einskild læreplan i analysen opp i mot vektlegging av demografi i læreplanen.

I ein verdianalyse gjort av Johs. Lunde av Tor Obrestad si bok *Sauda! Streik!*, påpeikar han korleis det både kan vere uttrykt konkrete verdiord i ein tekst, men også implisitte uttrykk for verdiar som ein må tolke. I ein tabell har han lista opp konkrete verdiord som «likhet» og «frihet» og frekvens av desse, funne i boka til Obrestad.¹⁰⁶ Samtidig påpeikar han korleis fleire ord og setningar kan gje uttrykk for verdiar og ein samla verdiimpuls, utan at det finn stad eitt konkret verdiord – og at dette vert opp til tolking utifrå kontekst.¹⁰⁷ I denne undersøkinga av læreplanar vil nok særskild verdigrunnlaget i den generelle delen ha konkrete verdiord som t.d. «likestilling» og «solidaritet». Når verdigrunnlaget skal operasjonaliserast i fagplanane kan det tenkjast at dette vert gjort både gjennom konkrete verdiord, men også gjennom indirekte uttrykk som er verdilada. Verdiar vert lada med tema og innhald frå m.a. kultur og religion.¹⁰⁸ Til dømes kan ordet «minoritet» eller «etnisitet» vere verdilada i éin læreplan. Lunde forklarar at ein ved

¹⁰³ Sagdahl, 2019.

¹⁰⁴ Saabye, 2019, s.8.

¹⁰⁵ Saabye, 2019, s.8.

¹⁰⁶ Lunde, 1981, s.64-65.

¹⁰⁷ Lunde, 1981, s.45-46.

¹⁰⁸ Leirvik & Røthing, 2008, s.9.

enkelte uttrykk og formuleringar som er verdilada, kan jamføre desse med meir konkrete verdiord.¹⁰⁹ «Minoritet» og «etnisitet» kan dermed vere uttrykk for konkrete verdiord som t.d. «mangfald» eller «inkludering» i det norske samfunnet. Samstundes kan vektlegging av namngjevne etnisitetar i læreplanane, t.d. «kvenar», på same vis vere verdilada, men kan også vere uttrykk for den tematikken som pregar samtida, og dermed vere eit samtidsord, som oppgåva kjem attende til.

For å kunne samanlikne kontekstorda i læreplanane må kategoriseringa vere konsekvent, og eitt kontekstord til nøkkelorda *befolk* og *demogr* som t.d. «samar» kan ikkje kategoriserast som verdiord i ein plan, men samtidsord i ein annan. Der den kvantitative analysen må vere konsekvent i sin kategorisering, vil den kvalitative gjennomgangen av kontekstorda i analysen av kvar plan gje næring til det kvantitative, slik Solli beskrev. I denne oppgåva vil dermed kontekstord som er konkrete verdiar, t.d. likestilling, òg ord som kan jamførast med konkrete verdiar, t.d. minoritet, verte kategorisert som verdiord. Namngjevne etnisitetar vil i staden verte kategorisert som samtidsord.¹¹⁰ Kva inneber så kategorien samtidsord?

2.3.2 Kategorisering av hypotese: samtidsord

I ei av dei tidelegare masteroppgåvene har det vorte referert til «tidsånd». Fjose beskriv tidsånda som noko som vil «...prege samfunnsutviklinga, og dermed også alle medverkande faktorar i utforminga av ei lærebok».¹¹¹ I beskrivinga nemner ho også «samfunnsendingar».¹¹² Utifrå figur 1.2.4 var tidsånda overordna vitskapsfaget, samfunnet og læreplan, og verkar på kvart ledd. Likevel er det noko uklårt kva tidsånda er. I Nynorskordboka, vert tidsånda definert som «tenkjemåten som særmerker ei viss tid».¹¹³ I ei kvalitativ analyse er det mogleg eit beskrivande uttrykk, men når eg skal nytte omgrepet som kategori i ei kvantitativ analyse reiser spørsmålet om korleis uttrykket skal operasjoniserast.

I mi oppgåve har eg nytta ordet «samtid» for å referere til det Fjose omtalar som tidsånd. I Nynorskordboka vert «samtid» definert som «tid(srom) som for talaren (eller den det blir (for)talt om) fell saman med hans/hennar eiga tid».¹¹⁴ Uttrykket skil seg noko frå tidsånda, fordi

¹⁰⁹ Lunde, 1981, s.38-39.

¹¹⁰ Oversikt over alle kontekstorda som finn stad i læreplanane er samla i vedlegg 2 og 3.

¹¹¹ Fjose, 2018, s.71.

¹¹² Fjose, 2018, s.71.

¹¹³ Nynorskordboka, *Tidsånd*.

¹¹⁴ Nynorskordboka, *Samtid*.

det ikkje utelukkande handlar om tenkjemåten i tida. I mi oppgåve vert samtida den perioden som fell saman med tida læreplanane er vorte utarbeidde i. T.d. har læreplanane M74 og LK06 er vorte til i kvar sin individuelle historiske kontekstar, der samtida har hatt sine særskilde problem og dagsordenar.

I sin tur må uttrykket sjåast opp i mot det tema den skal knytast til: demografi og læreplanar. Eg har dermed laga ein regelgjevande definisjon, der eg «...angir hvordan et uttrykk skal eller bør forstås i en bestemt sammenheng».¹¹⁵ Samtidsord vil i denne oppgåva dermed omfatte dei haldningane, tilstandar, utfordringane, institusjonar og politiske løysingane som pregar samfunnet i den tid som fell saman med læreplanane. Min bruk av samtid vert difor noko meir politisert enn Fjose sin bruk av tidsånd.

Så korleis skal ein kunne identifisere samtidsord blant kontekstorda til dei demografiske nøkkelorda? Når samfunnet står ovanfor problematikk eller ei positiv utvikling, vil det gjerne vere tenleg for både stat og samfunnsmedlemar å forsøke og løyse dette eller halde fenomenet vedlike. Difor har eg valt å la ord som har med tiltak, forvaltning og regulering falle innunder kategorien for samtid, t.d. Dette kan til dømes dreie seg om «familieplanlegging», som på sett og vis kan sjåast på som eit politisk omgrep for fertilitetsnedgang. Omgrep som «helseskilnadar», «utvikling» og «vekst» peikar på tilstandar, endringar eller trekk ved samtida og framtida og vil også gå innunder samtidsord. I fleire av planane vert det også brukt omgrep for områder, t.d. «Finnmark», «Fylke» og «verden», for å fremje trekk eller tilstandar ved særskilde områder, og vil også verte kategorisert som samtidsord. Stoa si oppgåve synte også korleis samane gjekk frå å vere ekskluderte i tidelegare planar til å verte inkluderte i M74.¹¹⁶ Dette har med haldningar og tematikk i samtida, og slik har eg vald å kategorisere namngjevne etnisitetar, minoritetar og urbefolkning som samtidsord.

2.3.3 Kategorisering av hypotese: Vitskapsord

Vitskapsord eller faguttrykk vil i denne sammenheng vere ord som høyrer til og verte brukt i dei ulike vitskapsfaga som er utgangspunktet for skulefaga, altså ikkje berre vitskapsord henta frå demografi. Dette kan til dømes vere: «ernæring», «tverrsnitt», «befolkningsstruktur», «urbanisering» og «miljø». Slik kategorisering av både verdiord og samtidsord vil verte ei tolking, vil kategorisering av vitskapsord verte det same. Vitskapsorda må ikkje forvekslast

¹¹⁵ Karlsen, 2015, s.19.

¹¹⁶ Stoa, 2019.

med dei demografiske nøkkelorda. Vitskapsord i konteksten til nøkkelorda treng ikkje å ha tilhøyrse i vitskapsfaget demografi, men frå vitskapar som t.d. geografi, samfunnskunnskap og naturvitskap. Rett nok kan dei demografiske nøkkelordet t.d. *migr* dukke opp som kontekstord til nøkkelorda *befolk* og *demogr* og vert dermed kategorisert som eit vitskapsord.

For å illustrere korleis dei tre kategoriane opptre som kontekstord, kan ein bruke ei setning frå M87 som døme: «Økologiske endringer. Helse og ernæring. Befolkning og bosetting. Migrasjon. Næringsliv.»¹¹⁷

Kontekst -3	Kontekst --2	Kontekst -1	Nøkkelord	Kontekst +1	Kontekst +2	Kontekst +3
endringer	Helse	Ernæring.	Befolkning	Bosetting	Migrasjon	Næringsliv

Tabell 2.3.3 Døme på KWIC frå Kirke-og undervisningsdepartementet (1987) s. 237, læreplanen M87

Tabell 2.3.3 syner setninga i ein KWIC-tabell med tre kontekstord føre og etter nøkkelordet. Her vil «endringer», «bosetting» og «næringsliv» verte kategorisert som samtidsord. Dei seier noko om tilstandar og trekk i samtida. Kontekstorda «Ernæring» og «Migrasjon» vil verte kategoriserte som vitskapsord, der ernæring gjerne har sin tilhøyrse i naturvitskap, medan migrasjon har tilhøyrse i demografi. Det finn også stad eitt verdiord i konteksten til *befolk*. Kontekstordet «Helse» er eitt verdilada omgrep, og finn stad i verdigrunnlaget for fleire av læreplanane.

Dei ubestemte orda vil vere dei som ikkje fell innanfor noko av dei tre kategoriane, t.d. «uformell», «uketime» og «opplegg». I vedlegg 2 og 3 til oppgåva ligg det oversikt over alle kontekstorda i læreplanane.

For at den kvalitative tilnærminga til representasjonar skal kunne gje næring til den kvantitative tilnærminga til kontekstord og nøkkelord i framstilling av befolkning og demografi i dei fem læreplanane, trengst det nødvendigvis noko informasjon om kontekst om kvar læreplan.

¹¹⁷ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s. 237. Målet finn stad i Samfunnsfag 7-9 klasse.

2.4 Kontekst og samanlikning

Korleis skal ein forstå representasjonar? I følgje Andresen mfl. må historikaren sjå representasjonen i høve konteksten og «...i relasjon til dei historiske aktørane som har produsert dei». ¹¹⁸ Altså må periodane for dei fem læreplanverka kontekstualiserast for å kunne undersøke representasjonane – noko som kan gjerast på fleire måtar.

Konteksten som teksten og fenomenet finn seg innafor er ikkje gjeven. Idèhistorikar Mikkel Thorup hevdar at å kontekstualisere både er meiningsproduserande, men også meiningsreduserande, fordi «Konteksten findes altså ikke. Den udvælges og (re)konstrueres: særlige dimensioner isoleres og prioriteres». ¹¹⁹ Spørsmålet vert i sin tur kva som skal utvelgast og prioriterast i mi undersøking?

Olden-Jørgensen trekk fram korleis erkjennelseinteresse har konsekvens for utval av relevant kontekst for den historiske undersøkinga. ¹²⁰ Erkjennelseinteresse handlar om «..de sider af fortidens liv, historikeren har særlig sans eller interesse for». ¹²¹ Problemstillinga er naturleg viktig for erkjennelseinteressa, men til skilnad frå problemstillinga dreier erkjennelseinteressa seg om kva aspekt eller dimensjon ved kjelda ein ynskjer å undersøkje for å kunne svare på problemstillinga. Olden-Jørgensen listar m.a. opp erkjennelseinteresse for tekstens virkningshistorie, det usagte, forfattarens intensjon òg forhold, tankemønster og verdiar som kjem fram i teksten. ¹²² Den siste er den erkjennelseinteresse eg har for undersøking av befolkning i læreplanar – for kva kan representasjonane fortelje om verdiane, forhold og tankemønsteret kring befolkning i læreplanane? Med eit medvite forhold til eins erkjennelseinteresse, unngår ein samanblanding som kan medføre at ein ikkje får svar på dei spørsmål ein spør kjelda, samt å unngå ein grenselaus kontekst. ¹²³

Når mi erkjennelseinteresse for forhold, tankemønster og verdiar kring befolkning i læreplanane, er etablert, vil også poeng om representativitet reise seg. Olden-Jørgensen skriv om det han omtalar som presisjon. Presisjon handlar om at historikaren vil oppleve å få eit klårare bilete av kjelda og korleis ein kan anvende ei kjelde i høve erkjennelseinteressa, etterkvart i prosessen. Til dømes kan det vere at utsagn i kjelda «...man troede var represæntative for hele befolkningen, viser sig f.eks. at afspejle en langt snævrere

¹¹⁸ Andresen mfl., 2015, s.114.

¹¹⁹ Thorup, 2013, s.104.

¹²⁰ Olden-Jørgensen, 2001, s.58.

¹²¹ Olden-Jørgensen, 2001, s.50.

¹²² Olden-Jørgensen, 2001, s.58-66.

¹²³ Olden-Jørgensen, 2001, s.51-64.

opinion...». ¹²⁴ I høve mi problemstilling inngår eit relevant spørsmål om dei framstillingane av befolkning i læreplanane reflekterer rådande verdiar, vitskapsfeltets- eller samtidas opinion – altså dei tre hypotesene. Desse tre vert dermed også relevante for kontekstualiseringa.

Først og fremst er det problemstillinga, og ikkje teksten, som må leggje føringar for korleis historikaren skal kontekstualisere. ¹²⁵ KWIC-analysen min av læreplanar vil omfamne det Thorup nemnar som *den språklege konteksten* ¹²⁶ som omgrepa knytt til demografi finn seg innanfor. Derimot den historiske konteksten, som eg ynskjer å belyse i dette kapitlet, er i større grad ei samanbinding mellom situasjonskontekst; «...den umiddelbare lokale situasjonen eller sammenhengen teksten kan sees i lys av» ¹²⁷, og dei «strukturelle, kulturelle, sosiale, institusjonelle og politiske forhold». ¹²⁸

Om ein ser til den tidelegare forskingslitteraturen kring skuleinnhald, læreplanar og befolkning, finn ein ulike inndelingar av den historiske konteksten, alt etter kva litteraturen har sett seg føre å undersøkje. Telhaug & Mediås i boka *Grunnskolen som nasjonsbygger – Frå statspietisme til nyliberalisme*, periodiserer utifrå eit nasjonsbyggingsperspektiv, der det som dannar kontekstualiseringa er «...internasjonale strømningsar av politisk, økonomisk, kulturell og pedagogisk art, og med den norske samfunnsutviklingen i sin alminnelighet». ¹²⁹ Stoa kontekstualiserer i si oppgåve ved å generalisere den historiske perioden i Norge for hennar undersøking, før ho spissar kontekstualiseringa ved å beskrive betente politiske saker i Norge knytt til samane. Dette ser eg på som ei kontekstualisering av det konkrete fenomenet ho undersøker: framstilling av samar. Den andre kontekstualiseringa ho føretekk seg tek utgangspunktet i kjelda ho undersøker; ved å beskrive forløparen til t.d. læreplanen M74 og oppbygning av planen. ¹³⁰

Som allereie nemnt vil denne oppgåva også samanlikne framstillinga av befolkning og demografi i dei fem læreplanane. Andresen mfl. fremjar at samanlikningar vil kunne få fram likskapar og skilnadar mellom einingar - som igjen opnar for forklaringar. Dette fordrar at komparasjonen ikkje er av fleire einingar enn at ein klarer å fange det særskilde ved tid og rom

¹²⁴ Olden-Jørgensen, 2001, s.52.

¹²⁵ Ryymin, 2018, s.53.

¹²⁶ Thorup, 2013, s.94.

¹²⁷ Ryymin 2018. s.54. Han har teke utgangspunkt i Thorup 2013 sine ulike konteksttypar

¹²⁸ Ryymin, 2018, s.55. Her har Ryymin utvida omgrepa noko frå Thorup 2013 s.95 sitt «*Den kulturelle og sociale kontekst*».

¹²⁹ Telhaug & Mediås, 2003, s.32.

¹³⁰ Stoa, 2019, s.15-19.

for kvar eining.¹³¹ Læreplanane mellom 1974 og 2020 utgjer einingane som skal samanliknast i denne oppgåva. Korleis skal så desse kontekstualiserast for å få fram det særskilde ved tid og kvar eining?

Basert på dei tidelegare masteroppgåvene sine modellar over påverknadar på framstillingar og fenomen i læreplanar, samt mine framsette hypotesar, vil både generelle skildringar av kva som prega samtida og det norske samfunnet læreplanane blei til i, oppbygning av planane, dei politiske prosessane kring utarbeiding av læreplanane samt kva forskingslitteraturen meiner karakteriserer planane – danne kontekst for dei ulike læreplanane.

2.5 Demografi og historisk demografi

I tråd med reising av tese om vitenskapsfagets påverknad på framstilling av demografi og befolkning i læreplanar, trengst det ein nærare gjennomgang av historisk demografi og betydning for vitenskapsfaget demografi. Dyrvik fremjar at det ikkje er eit tydeleg skilje mellom dei som held på med historisk-demografiske undersøkingar, og samtidsdemografi. Noko av skilnaden ligg i at historisk demografi handsamar befolkningar i fortida, men først og fremst dreiar skilnaden seg om korleis historisk demografi i hovudsak nyttar primærmateriale for å undersøkje befolkning i eit mindre område, t.d. ein kommune, og ikkje for heile landet.¹³² Vidare skildrar han korleis Eilert Sundt allereie på 1800-talet i Norge dreiv historisk-demografiske undersøkingar. Men det var først etter andre verdskrig, og fram på 70-talet at historisk demografi blei eigen spesialisert disiplin, der fleire universitetsfolk¹³³ fatta interesse og henta metodar frå Frankrike, blant anna frå den franske samtidsdemografen Louis Henry.¹³⁴ Særskild har Henry fått æra for familierekonstitusjon, som er ein metode der ein organiserer kyrkjebøkene sine kronologiske hendingar, til å i staden verte organisert for kvar person og familie. Å samle opplysningane systematisk opna igjen opp for undersøkingar av dei demografiske tilhøva.¹³⁵

Kan dei utanlandske innflytingane, gjennom metodiske avansement og banebrytande arbeid, aleine ta æra for spesialiseringa av m.a. historisk demografi i Norge? For å svare på det kan ein sjå til rapporten *Demografi i Norge: status og perspektiver: rapport* frå 1978. I 1974 satt Norsk

¹³¹ Andresen mfl., 2015, s.102-107.

¹³² Dyrvik, 1983, s.13-14.

¹³³ Johansen, 2018. Deriblant Sølvi Sogner, Ståle Dyrvik, Kåre Lunden og i seinare tid Eli Fure.

¹³⁴ Dyrvik, 1983, s.15-16.

¹³⁵ Dyrvik, 1983, s.92-93.

Demografisk Forening ned eit utval som skulle take føre seg befolkningslæra si framtid i Norge. Rapporten om utvalets arbeid syner ambisjonane om styrking av fagmiljøet ved universiteta og mangfaldig rekruttering av personar frå fleire fagfelt, deriblant økonomi, sosiologi, geografi og historie.¹³⁶ Demografien skulle verte tverrfagleg – sterkare forankra i fleire vitenskapar, deriblant historie. Slik var det også norske insentiv bak spesialiseringa og vitenskapleggjeringa av historisk demografi.

Dyrvik påpeikar at historisk demografi eksisterer best i samspel med den allmenne demografien, og at historisk demografi har dratt nytte av demografiens store vokster frå 70-talet.¹³⁷ Men forholdet er også omvendt. Den allmenne demografiens forskning har også nytt godt av historie demografiens utvikling av avanserte metodar, t.d. i høve forskning kring den viktige demografiske overgangen, ifølgje Dyrvik. Særskild dei industrialiserte landa har vore igjennom ein transisjon frå høge fødsels- og dødsratar, til låge dødsratar og fødselsratar, kalle den demografiske overgangen. I overgangen går først dødsratane ned medan fødselsratane held seg stabil. Dette fører til eit større fødselsoverskot i ein periode, før fødselsraten også går ned og stabiliserar seg.¹³⁸ Lenge meinte ein demografisk forskning at dette var forårsaka av betra økonomi og medisinske nyvinningar i i-landa, som gjorde at færre døydde – og at dermed ville u-landa i framtida oppnå det same. Men historisk-demografisk forskning har synt at det ikkje nødvendigvis alltid er økonomi og medisin som har medført mortalitetsnedgang, ei heller at fødselsraten alltid ligg i etterskot av dødsraten i den demografiske overgangen for alle land. Slik har historisk demografi bidrege til ny kunnskap om den demografiske overgangen som meir beskrivande enn den er framsynt.¹³⁹ Med vissheita om historisk demografi si innverknad på demografisk forskning, kan måla om sterkare vitenskapelig forankring av historisk demografi på 70-talet, ha medført meir vitenskapleggjering i læreplanane?

¹³⁶ NAVFs utvalg for demografi, 1978, s.1-5.

¹³⁷ Dyrvik, 1983, s.14.

¹³⁸ Dyrvik, 1983, s.57-58.

¹³⁹ Dyrvik, 1983, s.59.

3. MØNSTERPLAN FOR GRUNNSKOLEN AV 1974

3.1 Innleiing

Frå kapittel 3 til 7 vil læreplanverka analyserast i kvart sitt kapittel, i kronologisk rekkjefølgje startande med M74, og til slutt LK20. Kvart kapittel er delt inn i delkapittel. Før KWIC-analysen av kvar læreplan vil det gjennom delkapittel bli skildra den historiske konteksten til kvar læreplan samt den politiske prosessen bak læreplanane. Det vil verte gjennomgått kva type læreplan det er tale om og korleis forskingslitteraturen har karakterisert læreplanane.

I høve KWIC-analysen, vil den skje på to nivå i handsaming av nøkkelorda for kvar plan. Det første nivået inneber analyse og kategorisering av kontekstorda for dei to nøkkelorda *befolk* og *demogr*. Analysen av kontekstorda vil bli gjort kvar for seg for generell del og fagplan for den einskilde læreplan. Alle kontekstorda er i vedlegg 2 og 3. Det andre nivået vil ta føre seg kor hyppige nøkkelorda *innvan*, *utvan*, *fertil*, *mortal*, *flytt*, *migr* òg *demogr* og *befolk* er - samla for både generelle del og fagplan - samt kva fagleg samanheng dei vert brukt i. Tabellane for nivå 2 er å finne i vedlegg 1.

Innleiinga i dette kapittelet (3) skil seg frå dei øvrige (kap 4-7) med ein felles og generell beskrivelse av skilnaden mellom den generelle delen og fagplan. Beskrivelsen legg vekk på funksjon og innhald.

3.1.1 Utvikling av generell del

Læreplanar har sidan 1974 hatt ein eigen generell eller overordna del i tillegg fagplanane.¹⁴⁰ Fagplanane vert inndelt i skulefag som samfunnsfag og norsk, og skal oppgeve fagspesifikke mål for opplæringa. Den generelle delen derimot tek ikkje utgangspunkt i dei særskilde undervisningsfaga, men føremålet med opplæringa og dei verdiar som skal prege skuleverksemda i sin heilskap. Den generelle delen vert av Engelsen beskrive som delen av læreplanen som skal syne utdanningsmyndigheitene sine visjonar med skulen. Den generelle delen har for dei ulike planane vore tufta på den gjeldande skulelova, og den generelle delen i dei ulike læreplanane utdjupar på forskjellig vis gjeldande lov. I 1969 fekk Norge ei ny skulelov, Grunnskoleloven av 1969.¹⁴¹

¹⁴⁰ Engelsen, 2020.

¹⁴¹ Engelsen, 2020, s.207-210.

I denne står det om føremålet at «Grunnskolen skal i forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle deira evner, åndeleg og kroppsleg, og gje god allmennkunnskap så dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn».¹⁴² M74 og M87 har vore tufta på denne. I 1998 kom den nye opplæringslova, som læreplanane L97, LK06, LK20 har vore tufta på – gjennom ulike revisjonar av lova. I 1993 kom det ein felles generell del av læreplanen som for første gong skulle gjelde både for vidaregåande skule og grunnskulen.¹⁴³ Mellom M74 og LK20 har den generelle delen endra seg. Trass i at den generelle delen og lovene har endra seg, «kan det slås fast at de skiftende regjeringene har holdt fast ved *likhet, likeverd, utjevning og fellesskapsverdier* som bærebjelker i det norske samfunnet».¹⁴⁴

3.1.2 To delar – fem læreplanar

Historikarar er kjent med korleis ein periode på 50 år både kan by på endringar og stabilitet, og læreplanar er ikkje eit historisk unntak. Engelsen tek føre seg korleis den generelle delen av læreplanane historisk har vore utforma mellom Normalplanen frå 1939 til LK20. Ho kategoriserer L60 og N39¹⁴⁵ som utan eigentleg generell læreplandel, og skisserer ei utviklingsline der den generelle delen av læreplanen har vorte stadig meir omfattande. I følge Engelsen kjem dette av at det til skilnad frå tidelegare tiår, i dag ikkje er like openbert kva forventingar ein skal ha til skule og kva skulen skal lære elevane. Den generelle delen i M74 og M87 skildrar ho som «...relativt kjedelig tekst med lærebokpreg...».¹⁴⁶ Trass at den generelle delen i L97, skilte seg tydeleg frå føregjengarane ved å vere meir spennande visuelt gjennom utforming og bilete, hevdar ho likevel at denne læreplanen liknar meir på M87 og M74 i høve grad av styring. Den generelle delen av LK06 var uendra frå L97. Måten desse generelle delane styrar på beskriv ho som eit «bakgrunnsteppe», medan LK20 i større grad er orientert kring resultat, og at dette har resultert i ein ny form for styringsregime.¹⁴⁷ Engelsen skisserar slik to måtar den generelle delen styrar på.

Fagplanane har også endra både utforming og grad av styring. I læreplanen L97 blei i følge Thuen krava til læringa som føregjekk i skulen spissa gjennom dei ulike delane av planen, og

¹⁴² Grunnskoleloven 1969, §1.Føremål.

¹⁴³ Øyen, 2020, s.54.

¹⁴⁴ Telhaug & Mediås, 2003, s.300.

¹⁴⁵ N39 og L60 var forløparane til M74.

¹⁴⁶ Engelsen, 2020, s. 214.

¹⁴⁷ Engelsen, 2020, s.214.

fagplanane blei detaljerte og fekk konkrete mål som anga kva elevane skal lære. I læreplanane M74 og M87 var innhaldet gjerne delt inn i enten breiare hovedemner, delemner eller stikkord, og læraren stod i større grad friare til å velje innhald for opplæringa i klasserommet. Innhaldet for fagplanane i LK06 og LK20 er mindre detaljerte enn L97, men i likskap med L97 har dei mål i faga for kva elevane skal lære i dei ulike tema, kalla kompetansemål.¹⁴⁸

Forskingslitteraturen avslører at for skulefaga som er sentrale i høve demografi, finst det ei linje som kjenneteiknar oppbygginga av faglege tema gjennom skuleløpet til elevane. Koritzinsky peikar på at i læreplanar for skulefaga historie, geografi og samfunnskunnskap, vektlegg emna og kompetansemåla forskjellige samfunnsnivå i innhaldet for dei ulike trinna. For dei yngste i skulen vektlegg læreplanen det nære i form av familie og skule. Proporsjonalt med alderen til elevane veks perspektivet frå det lokale til det nasjonale og til slutt til det globale. Frå familie til demokrati, og så til internasjonale prosessar. Dette perspektivskiftet kallar han det nære til det fjerne, og er også eit typisk trekk ved lærebøker for den norske skule.¹⁴⁹

Før analysen av kvar læreplan, gjev desse linjene gjennom 50 år eit kort innblikk i skilnadar og likskap mellom læreplanane, fagplan og generell del - i høve utforming, oppbygging og styring. Den enkle gjennomgangen gjev forventning om at læreplanane M74 og M87 er meir lik kvarandre i styring, fagleg innhald og utforming, og at det same gjeld LK06 og LK20, medan L97 har likskapar og ulikskapar til både føregjengarane og etterfølgjarane. Det kan også ventast at den generelle delen av læreplanane er prega av verdiar, medan fagplanen er meir vitskapeleg. Kanskje kan overgangen til meir resultatorientert generell del, samt kunnskaps- og kompetanseorientert fagplan, gjer seg utslag i meir vitskapleggjering men mindre vektlegging av demografi og befolkning? Spørsmålet vert i sin tur om desse likskapane og skilnadane slår til i framstilling av befolkning og demografi i læreplanar. Korleis kan desse spørsmåla svarast på med ein kvantitativ tekstanalyse?

3.2 Analyse av Mønsterplanen av 1974

Den første planen som skal analyserast i høve framstilling av befolkning er Mønsterplanen av 1974. Lærarane hadde som allereie nemnt stor fridom i høve val av innhald, ettersom M74 gav forslag til emner og tema. Korleis kan konteksten læreplanen blei til i, belyse innhaldet i M74?

¹⁴⁸ Thuen, 2017, s.202-208.

¹⁴⁹ Koritzinsky, 2014, s.153. Dette er ei forenkling av dei tema som han ramsar opp. Koritzinsky setter opp utvida perspektiv frå småskule til mellomtrinn, og ungdomstrinn til vidaregåande.

3.2.1 Norge vender blikket utover

Telhaug & Mediås, beskriv tidsperioden for M74, frå 1965 til 1986, som «Venstreradikalismens gyldne år». Dette prega skulepolitikken.¹⁵⁰ M74 skulle verte prega av mjukare verdiar, og desse verdiane kom m.a. av nyradikalismen si nyvunne merksemd kring «trivsel og et godt miljø», heller enn «framskritt og utvikling» som hadde prega Gerhardsen si regjeringstid.¹⁵¹ Av særskilde fanesaker innanfor nyradikalismens rammer, var natur og miljø. I ei naturleg forlenging av denne miljøvinden som blåste innover Norge frå 60-åra av, reiste det seg bekymringar om framtidige ressurskriser på bakgrunn av befolkningsveksten, særskild i dei fattigare landa i verda. På grunnlag av denne merksemda kring skeivskap mellom land i verda «...trakk forholdet mellom de rike nasjonene og den fattige verden til seg større oppmerksomhet enn i de foregående tiårene».¹⁵² Engasjement og demonstrasjonar, særskild blant ungdommen, førte mellom anna til kvinneopprøret og sameopprøret, men også ei nyvunne og redefinert framheving av likskap som verdi – ikkje i form av etterkrigstidas standardisering, men i form av likeverd ved å ta vare på identitetar hjå ulike grupper.¹⁵³

Denne nyradikalismen medførte også motstand mot nasjonsbygginga som hadde prega skuleverket og «Tida vendte seg altså mot nasjonalismen», i følgje Telhaug & Mediås.¹⁵⁴ Til fordel for det sterke nasjonsperspektivet, vende læreplanane seg frå og med 1974 i større grad utover mot den globale verda. M74 forsøkte å bevege seg vekk i frå eit eurosentrisk verdssyn, og planen i dei ulik faga la no vekt på at elevane skulle lære om ulike kulturar.¹⁵⁵ I følgje Telhaug markerte 70-talet eit sindigare debattklima for samfunnsdebatten i Norge, m.a. som følgje av at dei radikale røystene var noko svekka.¹⁵⁶ Det var i dette klimaet M74 skulle sjå lys for fyrste gong.

3.2.2 M74: meir enn ein dørøpnar til verda

M74 var ein mønsterplan eller rammeplan, og avløyste Normalplanen frå 1939. At M74 var ein rammeplan innebar at planen opna døra for større fridom til læraren i val av innhald i undervisning, og læreplanen skulle berre verke retningsgivande.¹⁵⁷ Dette til skilnad frå

¹⁵⁰ Telhaug & Mediås, 2003, s.205.

¹⁵¹ Uttrykka for skildringar av perioden henta frå Telhaug & Mediås, 2003, s.207.

¹⁵² Telhaug & Mediås, 2003, s. 208.

¹⁵³ Telhaug & Mediås, 2003, s.211.

¹⁵⁴ Telhaug & Mediås, 2003, s.225.

¹⁵⁵ Telhaug & Mediås, 2003, s.224-226.

¹⁵⁶ Telhaug, 1994, s.86.

¹⁵⁷ Engelsen, 2012, s.25.

Normalplanen av 1939, som var ein «minimumsplan». N39 fastsette minimumskrav til kva elevane skule lære seg av kunnskapar og dugleikar, noko som i verste fall kunne resultere i at elevane måtte gå klasstrinn på nytt om ikkje desse blei innfridde.¹⁵⁸ I forordet i M74 vert bortfallet av minstekrav grunna med at opplæringa skulle tilpassast kvar elev i høve interesser og dugleikar.¹⁵⁹ Planen blei «... dominert av et sosialpolitisk ønske om å skape en integrasjon av individuelle og sosiale hensyn».¹⁶⁰ M74 som rammeplan førte til at planen ikkje var like konkret formulert som seinare planar, noko som gav rom for tolking for lærarane.¹⁶¹ At M74 fekk akkurat denne utforminga, kom til gjennom ein lenger politisk prosess.

3.2.3 Den politiske prosessen: plan for den 9-årige skule

I forordet til M74 vert prosessen med utarbeiding av læreplanen beskrive - steg for steg. Første steg var Kirke- og undervisningsdepartementet si oppnemning av eit utval allereie i 1967 som skulle leggje fram forslag til nye læreplan.¹⁶² Forslaget som utvalet utarbeidde mottok fleirfaldige hundre innvendingar og uttalelsar frå ulike organisasjonar og lærarar, før den midlertidige utgåve var klar i 1971.¹⁶³ I følgje Telhaug var det særskild Arbeidarpartiet som stod på for at planen først skule gjennom Stortinget for synspunkter hjå dei folkevalde før den endelege utgåva blei utgjeven. Denne midlertidige utgåva blei lagt fram for Stortinget i 1972, og den endelege utgåva stod klar i 1974.¹⁶⁴

I tida etter dei første etterkrigsåra var skulen prega av stor forsøksverksemd med eit eige Forsøksråd, der det blant anna blei prøvd ut ulike strukturar i skulen lokalt. Utover 1960-talet breia forsøket med 9-årig skule i mange kommunar, og i 1975 blei alle kommunar pålagde å innføre 9-årig skule for alle. Skulen skifta også namn frå folkeskole til grunnskole.¹⁶⁵

3.2.4 Kva karakteriserer M74?

I følgje Telhaug blei skulens innhald frå 70-talet av, i større grad prega av «...det globale perspektivet (forholdet mellom i- og u-land), ressursproblema (overbefolkningen i verden,

¹⁵⁸ Gudem, 1993, s. 58.

¹⁵⁹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, i Forordet.

¹⁶⁰ Telhaug, 1994, s.399.

¹⁶¹ Engelsen, 2012, s.26.

¹⁶² Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, i Forordet.

¹⁶³ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, i Forordet.

¹⁶⁴ Telhaug, 1994, s.96.

¹⁶⁵ Telhaug, 1994, s.95.

grensene for vekst, ressursknapphet, økologi, miljølære, ny livsstil, kvinnes situasjon og lokalsamfunnet (nærmiljøet).»¹⁶⁶ Dette fokuset skisserer Telhaug som eit resultat av dei nemnde tema nyradikalismen framheva, samt kritikken frå venstresida i politikken av innhaldet i skulen. Dei hevda at skulen hadde ei konservativ slagside. Tidelegare hadde skulens kunnskapsformidling vore prega av kunnskapar om fortida og historiefaget stod sentralt, medan det frå 70-talet av slo ei aktualitetsbølge innover skuleverket, som i større grad vektla samtidsproblem. Telhaug peikar på både innflyting frå massemedia, samt utviklinga av samfunnsvitskapen som sentrale årsaker bak denne aktualitetsorienteringa.¹⁶⁷

Telhaug & Volckmar skildrar korleis det i tideleg etterkrigstid hadde sprunge ut ein tanke om at «...utdanningen skal tjene samfunnet og følgelig tilpasse seg den».¹⁶⁸ Reaksjonen på dette blei ei meir individorientert retting i 60- og 70-åra, der utdanninga skulle verke verdifull for individet. Det var ikkje lenger slik at skulen skulle føye seg etter utviklinga. I staden var fleire politiske parti samde om at «...skolen må ha som oppgave å motarbeide uønskede trekk ved samfunnsutviklingen».¹⁶⁹ Men partia har aldri hatt ei enten eller haldning. Det har alltid vore anerkjent at skulen finn seg innanfor eit «...spenningsfelt mellom ønsket om å tjene enkeltindividets utvikling og kravene frå samfunnet som den unge generasjon etter hvert skal virke i.»¹⁷⁰ Men politisk har dei ulike skule historiske epokane i norsk skule bevegde seg på aksen mellom individorientering og orientering kring samfunnsutviklinga.¹⁷¹

Men det var ikkje berre val av innhaldet i skulen som la til rette for vektlegging av samtidsproblem; også måten læraren og elevane i samspel fekk utfalde seg i undervisninga i klasserommet hadde innflyting. Engelsen hevdar at det i 70-åra kom kritiske røyster som meinte at læraren sin autonomi skulle fremjast, framfor fokus på undervisningsteknologi og ferdigstillte undervisningsopplegg som hadde prega 50- og 60-talet.¹⁷² Læraren si oppleving av autonomi i klasserommet ville kunne fordre dialog og samspel i klasserommet mellom lærar og elev, som i sin tur var sentralt for å «...bearbeide den kunnskapen som var nødvendig for å løse reelle samfunnsproblemer».¹⁷³ Desse kritiske røystene ynskte at undervisninga og læreplanane i skulen skulle kunne opne for «...kritisk perspektiv på samfunnsutviklingen...».¹⁷⁴ Elevane

¹⁶⁶ Telhaug, 1994, s.317.

¹⁶⁷ Telhaug, 1994, s.315-318.

¹⁶⁸ Telhaug & Volckmar, 1999, s.73.

¹⁶⁹ Telhaug & Volckmar 1999, s.72.

¹⁷⁰ Telhaug & Volckmar, 1999, s.71.

¹⁷¹ Telhaug & Volckmar, 1999, s.71.

¹⁷² Engelsen, 2012, s.80-81.

¹⁷³ Engelsen, 2012, s.83.

¹⁷⁴ Engelsen, 2012, s.83.

skulle ha høve til å drive kritisk tenking og refleksjon, noko kritikarane meinte overdriven tru på undervisningsteknologien ikkje opna for.¹⁷⁵

Det var altså i følgje forskingslitteraturen ei aktualitetsbølge som prega skulen på 70-talet. Kan KWIC-analysen belyse forholdet mellom kritikken mot samfunnsutviklinga og framstilling av befolkning og demografi i den generelle delen av M74?

3.2.5 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN

Om generell del og verdigrunlaget

M74 var som kjent den første læreplanen med ein eigentleg generell del. Frå den midlertidige utgåva av planen, M71 til M74, er det gjort endringar i både den generelle delen og i fagplandelen. I forordet i kjem det fram at M74 enkelte tema har fått større vektlegging og dette gjeld deriblant samisk kultur og historie, samt likestilling.¹⁷⁶

Den generelle delen strekkjer seg til omlag 70 sider, men verdigrunlaget for skulen finn ein i dei første 13 sidene av den generelle delen, først og fremst under *Grunnskolen oppgave* men også i noko grad i *Skolesamfunnet*. Her vert det påpeikt at «Grunnskolen skal som helhet bygge på de etiske grunnverdier som er forankret i kristendommen».¹⁷⁷ Blant verdier eller ord knytt til verdier finn ein mellom anna ein:., ansvar, sannhet, redelighet, rettferdighet, moralsk vekst, troskap, nestekjærlighet, selvstendighet, samarbeid, individualitet, følsomhet, respekt, samhörighet, samvirke, natur, kulturarv, eigenverdi, solidaritet, åndsfrihet, toleranse, vidsynt, rettigheter, demokratiske prinsipper og likestilling.¹⁷⁸ Det vert understreka at «Verdinøytralitet vil gjøre all oppdragelse og undervisning umulig».¹⁷⁹

Desse verdiorda kan seiast å vektlegge individet og individets rettar - men i samspel med andre. I følgje Øyen har M74 eit verdisyn prega av sosialisme, nasjonalisme og kristendom, og den vektar integrasjonen i det sosiale fellesskapet.¹⁸⁰ Finn ein dette verdisynet kring individ og fellesskap blant kontekstorda i den generelle delen av M74?

¹⁷⁵ Skjelbred m.fl., 2017, s.302

¹⁷⁶ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, i Forordet.

¹⁷⁷ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.10.

¹⁷⁸ Her har eg gått manuelt inn i planen og funne verdier eller verdilada uttrykk. Desse er ikkje nødvendigvis knytt til dei demografiske nøkkelorda, men er tekne med for å syne det overordna verdigrunlaget i planen.

¹⁷⁹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.15.

¹⁸⁰ Øyen, 2020, s.86.

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

Dei to demografiske nøkkelorda som skal undersøkjast kontekstord til i nivå 1 av analysen, er *demogr* og *befolk*. I den generelle delen av M74 er ikkje nøkkelordet *demogr* brukt. Analysen av kontekstord i det føreståande er difor kontekstorda til nøkkelordet *befolk*, som vert brukt 6 gongar i den generelle delen. Først vil kontekstorda som er kategorisert som verdiord gjennomgåast, dernest samtidsord, og til slutt vitskapsord. Tabell 3.2.5 syner fordeling og frekvens for kontekstorda, og tala i tabellen vil verte handsama i gjennomgang av kvar kategori.

Tabell 3.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del av M74, jf. Vedlegg 3

Plan M74	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Generell/overordna	4	19	3	10	36
Prosent	11%	53%	8%	28%	100%

Verdiord – religion og samarbeid

Blant kontekstorda som gjev uttrykk for verdi finn ein «samarbeid», «religion»¹⁸¹ og «behov». Av tabell 3.2.5 kan ein lese at det er 8% verdiord og fordi det berre er tre verdiord i teksten, er det vanskeleg å finne éin samla knagg å henge desse på. Likevel kan dei seiast å reflektere verdiane som vert fremja i verdigrunlaget; «religion» inngår i grunnverdiane si forankring i kristendommen, medan «behov» handlar om individet. Det første verdiordet «samarbeid» vert brukt i setjinga «I samarbeid med en vanlig grunnskole har den sørsamiske befolkningen fått sin egen skole...».¹⁸² I denne setninga vert altså ikkje verdiordet knytt til befolkning samla, men til ei særskild gruppe av befolkninga knytt til etnisitet: sørsamisk. Viser samtidsorda tilsvarande avgrensing?

Samtidsord – Norge og dei nasjonale etnisitetane

Av kontekstorda knytt til samtid er det særskild ord som har med etnisitet og geografiske områder i Norge å gjere som trer fram, deriblant «Samiske», «finske»,

¹⁸¹ Religion og livssynsfridom vert vektlagt i verdigrunlaget i fleire av planane, og vert difor kategorisert som eit verdiord.

¹⁸² Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.72. Her er «samarbeid» kontekstord +3 til nøkkelordet som finn stad i setninga før, og ikkje til nøkkelordet i setninga i dømet.

«språkblandingsdistrikter» og «nordligste»,¹⁸³ og ved to høve vert også «landet» nemnt. Samtidsorda er den største kategorien med 53% av kontekstsorda, og vedlegg 3 syner alle kontekstorda for generell del. Om ein går inn i den generelle delen syner det at fleire av desse kontekstorda vert brukte som adjektiv rett i forkant av befolkning, t.d. «Ved siden av den samiske befolkning er det nord i landet en befolkningsgruppe med finsk bakgrunn».¹⁸⁴ Nøkkelordet er i denne setninga ikkje nemnt i tilknytning til verdigrunnet, men under eit eige kapittel i den generelle delen kalla *Elever i språkblandingsdistrikter*. Det kan argumenterast for at namn på særskilde etnisitetar ikkje treng å vere samtidsord. Men fordi M74 var den første læreplanen der samar og det samiske vart inkludert, jf. Stoa, peikar dette mot ei forankring i samtidas innflyting. Fokus på etnisitetar og minoritetar kan vere ein varig del av verdigrunnet i skulen, men kva for minoritetar som skal vektleggast vil kunne endre seg. På same vis kan fremjing av særskilde områder og himmelretningane nord, sør, øst og vest falle innanfor kategorien samtidsord. «Nord» eller «Nordligste» vert nemnt 3 gonger i konteksten til nøkkelordet. I den generelle delen av M74 trer dermed ikkje eit globalt Nord-Sør perspektiv fram i tilknytning befolkning, men eit nasjonalt Nord-Sør perspektiv der dei etniske minoritetane og gruppene i nord (Nord-Norge) vert framheva.¹⁸⁵ Kjem det same perspektivet fram blant vitkapsorda?

Vitskapsord - miljøet

Under avsnittet *Arbeidsmåter* står det at skulane skal ha tilgang til kart av ulike slag. Her vert nøkkelordet *befolk* brukt i setninga «Det gjelder kart som viser topografi, nedbør, klima, vegetasjon, befolkningstetthet, religion, levestandard etc.»¹⁸⁶ Det er blant kontekstorda i denne setninga, ein finn vitkapsorda; «nedbør», «klima», «vegetasjon» samt kontekstordet «kart» i den påfølgande setninga, og dei utgjer 11% av KWIC-konteksten.¹⁸⁷ Dette er ikkje vitkapsord knytt til demografi, men vitkapsord med opphav i geografifaget. I oppramsinga av ulike

¹⁸³ Omgrepa «etnisitet», «etnisk» og «minoritet» er kategorisert som verdiord fordi dei inngår gjerne som del av mangfald, inkludering og kulturarv i verdigrunnet, medan dei konkrete etnisitetane (t.d. kvenar) er kategorisert som samtidsord.

¹⁸⁴ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.72

¹⁸⁵ For resten av samtidsorda og kontekstorda i dei andre kategoriane som finn stad i den generelle delen, sjå vedlegg 3.

¹⁸⁶ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.34

¹⁸⁷ Her er det på sin plass å minne om at det i analysen er tre kontekstord før og etter nøkkelordet som inngår i analysen. Difor er ikkje «topografi» her ein del av vitkapsorda. Gjennom samspelet mellom den kvantitative og den kvalitative tilnærminga, ved m.a. å trekkje fram døme på setningar, vert slike ord likevel belyste i analysen.

karttypar står også samtidsordet «levestandard» i konteksten til nøkkelordet.¹⁸⁸ Samansetjinga av nøkkelordet peikar i mot ei vektlegging av storleik (tettleik) av befolkninga, men konteksten gjev ikkje vidare uttrykk for at dette er noko negativt lada. Elevane skal arbeide med kart og i seg sjølv kan vektlegging av arbeid med kart av alle dei ulike typane tolkast som ei global orientering. Kan KWIC-analysen av fagplanen gje meir innsikt i perspektivet i M74?

3.2.6 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANANE

Om fagplanen

Den andre delen av M74 som skal gjennomgåast i høve kontekstord er fagplanane. Før kwic-analysen tek til, kan eit innblikk i oppbygginga av fagplanen vere relevant.

Fagplanane i M74 består m.a. av skulefag som Kristendomskunnskap, Orienteringsfag (naturfag, heimstadiære og naturfag inngår som tema her) og matematikk mfl. Fagplanane strekkjer seg samla på over 280 sider. Dei er strukturerte slik at det både er noko utfyllande setningar om lærestoffet, men også ein del opprømsing av konkrete tema. T.d. kjem dette fram i naturfag for 7-9 trinn via setningar som «På 9.klassetrinn gis en avsluttende behandling av menneskets biologi og helselære». Dette blir lenger nede i avsnittet konkretisert ved opprømsing av sjukdomar og skadelege midlar, «Infeksjonssjukdommer, herunder kjønssjukdommer. Kreft, reumatisme, belastningssjukdommer, allergier, sukkersyke... Tobakk, alkohol og narkotika og deres skadevirkning».¹⁸⁹

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

For KWIC-analysen vil kontekstorda gjennomgåast slik som i den generelle delen - gjennom verdiord, vitskapsord og samtidsord. Fordi det er få verdiord og vitskapsord, vil desse handsamast samla. I tillegg vil tidsdimensjonane og eventuelle gjengangarar i konteksten undersøkjast i kvart sitt avsnitt. Nøkkelordet *demogr* er ikkje nemnt, men *befolk* er nemnt 17 gongar i fagplanen, og det er difor konteksten til dette nøkkelordet som vert analysert i det føreståande, startande med verdiord og vitskapsord. Tabell 3.2.6 syner frekvens av kontekstord i fagplanen. Sjå vedlegg 2 for alle kontekstorda i fagplanen.

¹⁸⁸ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.34.

¹⁸⁹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.191-192.

Tabell 3.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i fagplanen av M74 jf. Vedlegg 2

Plan M74	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Fagplan	8	83	5	6	102
Prosent	8%	81%	5%	6%	100%

Verdiord og vitskapsord– identitet, fellesskap og ressursar

Verdiorda og vitskapsorda står høvesvis for 5% og 8% av KWIC-konteksten jf. tabell 3.2.6 og kan ikkje seiast å dominere konteksten. Verdiorda peikar m.a. på rollene og individa i befolkninga har, t.d. «samekulturen», «familieliv», «samfunnsmedlem»,¹⁹⁰ og «fellesoppgave». Desse orda gjev uttrykk for aspekt ved identitet og det å vere ein del av eit fellesskap – smått eller stort. Desse kontekstorda kan slik sjåast i samanheng med verdigrunnlaget i den generelle delen.

I fagplanen for Orienteringsfag i Historie for 7-9 klassetrinn skal dei ta føre seg ulike regionar og det vert fremja at «En kan trekke inn befolkningsøkningen og forandringene i befolkningsstrukturen og særlige forhold i råstofftilførsel og produksjon, industrireiseing, handel og liknende».¹⁹¹ I denne setninga finn ein to av dei vitskapelege kontekstorda «befolkningsstrukturen»¹⁹² og «råstofftilførselen». Desse vitskapsorda samt «Geologi» og «jordas» syner ei orientering kring utbreiing av befolkninga og ressursbruk på jorda. Desse kan sjåast som ei forlenging av den generelle delens fokus på miljø.

Samtidsord – kriser, urbanisering, reguleringar og forvaltning

Samtidsorda derimot kan seiast å dominere KWIC-konteksten i fagplanen med 81%. Miljøperspektivet er gjerne ikkje like framtrudande blant samtidsorda som vitskapsorda, men samtidsorda syner ei fremjing av områder og urbanisering. Blant kontekstorda finn ein konkrete kontekstord for forvaltning og regulering, slik som «områdeplanlegging», «familieplanlegging» og «distriktsutbygging», og vert brukte i oppramsing av tema. Alle desse kan seiast å vere politiserte uttrykk som omhandlar regulering av den demografiske utviklinga på fleire områder; begrense barnefødsler og korleis og kor folk bur. Vidare peikar kontekstord

¹⁹⁰ I andre samanhengar vil nødvendigvis ikkje «samfunnsmedlem» verte sett på som eit verdiord, men ordet vert fleire gonger trekt fram i verdigrunnlaget for dei ulike læreplanane, og er difor fått denne kategoriseringa i analysen.

¹⁹¹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.180.

¹⁹² «Befolkningsstrukturen» er kontekstord til «befolkningsøkningen» i denne setninga.

som t.d. «bymessig», «bebyggelse», «hjemstedets», «verdensbyenes», «pressområder» og «grisgrendt» på ei orientering kring geografiske områder utanfor Norden, i fagplanane. Av 102 kontekstorda i fagplanen er «samer» berre nemnt ein gong, og «minoritetspørsmål» er nemnt ved to høve. Sjå vedlegg 2 for alle kontekstorda i fagplan.

For 7-9 trinn i naturfag i emnet biologi, skal dei ha om menneskets biologi og helse og kunne flette dette inn i eit «...videre perspektiv, feks. verdens matvareproblemer og sultens virkninger, befolkningsøkningen, og de problemer den fører med seg, sosial medisinske og samfunnshygienske tiltak, spesielt yrkeshygiene og eldreomsorg».¹⁹³ I denne setjinga finn ein samtidsord som «matvareproblemer», «sultens virkninger», og «problemer», og sett i samanheng med andre samtidsord som finn seg i konteksten, t.d. «overflod», «pressområder» og «underskott», har fagplanen ei tydeleg orientering kring kriser og manglar, som ein kan forstå som konsekvensar av befolkningsvekst.

Tidsdimensjonane – befolkningstilvekst

I høve tilstedeværelsen til tidsdimensjonane er det i KWIC-konteksten til *befolk* nytta konkrete omgrep for tid; «dagens», «framtidens» og «framtidutsikter». Nøkkelordet *befolk* vert slik knytt eksplisitt knyta til samtida og framtida. Verdt å merke er at det demografiske uttrykket «fødselsoverskudd» vert nemnt som kontekstord rett føre «framtidutsikter». Ser ein desse omgrepa i høve reguleringsomgrepa blant samtidsorda, verkar det som at tiltaka vert iverksette for dei framtidutsiktene ein såg føre seg på det tidspunktet. Dette vert også tydeleg utifrå dei kontekstorda som uttrykk storleik og mengde i tillegg til «fødselsoverskudd»: «befolkningstilvekst», «befolkningsøkningen»,¹⁹⁴ «underskott»¹⁹⁵ og «overflod». Ved nærlesing av fagplanen, dukkar det riktig nok også opp eitt høve der det fortidige trer fram. Setninga «Befolkningsproblemer: Befolkningstilvekst gjennom tidene»¹⁹⁶ syner at planen anerkjenner at dagens situasjon (på 70-talet) og utsiktene for framtida nødvendigvis er komne til som eit resultat av ei utvikling over tid. I denne setninga er det rett nok interessant val av fokus. Alternativt kunne setninga teke form av ei formulering der det var befolkningsutvikling gjennom tidene elevane skulle få kjennskap til. I staden er det «tilveksten» som vert fokus for

¹⁹³ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.191.

¹⁹⁴ «Befolkningstilvekst» og «Befolkningsøkningen» inneheld her også nøkkelordet *befolk*, men fungerer sjølve ved enkelte høve som kontekstord til nøkkelordet.

¹⁹⁵ I M74 har det ved enkelte høve ord på nynorsk.

¹⁹⁶ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.186.

det fortidige perspektivet. Samstundes sikrar «Befolkningsproblemer» ein pessimistisk inngong til den historiske undersøkinga.

Kontekstens gjengangar

Det er nokre ord som går igjen i konteksten til nøkkelordet. Påfallande er det at «problem» er nytta 9 gonger i KWIC-konteksten,¹⁹⁷ og er ved 4 høve sett saman med sjølvve nøkkelordet. Problem vert knyta til befolkningsauke på fleire områder; bebyggelse, matvaremangel, sosialt, medisinsk, samt produksjon og samhandel. Norge vert ikkje nemnt, og det er såleis ikkje her læreplanen reknar at problemet ligg. I staden er det «Befolkningstilveksten i verden»¹⁹⁸, «Internasjonale befolkningsproblemer»¹⁹⁹ og «Befolkningsproblemer i andre land»²⁰⁰ som vert tematisert. I konteksten finn det også stad andre ord som utpeikar særskilde geografiske områder som problematiske. Under *Valgfag og valgemner* finn ein eit studieemne med overskrift *Internasjonale problemer*. Her vert det sett opp tema som fire stikkord: «Utviklingsland. Verdens matvareproblem. Befolkningsutviklingen. Rasediskriminering».²⁰¹ Utviklingsland får altså merkelapp som eit problem i M74. Samanlikningar ein dette med formuleringa «Verdensbyenes problemer»,²⁰² kjem det fram eit skilje i framstillinga. Der verdsbyane *har* problem, så *er* utviklingsland eit problem. Det er naturleg å påpeike at strukturen for innhaldet, ved bruk av stikkord, også kan vere utslagsgjevande for framstillinga. Likevel er det merkverdig at «Utviklingsland» vert ramsa opp på lik linje med «Rasediskriminering» som eit problem i M74.

3.2.7 KWIC ANALYSE NIVÅ 2: NØKKELOD I M74

Analysen av kontekstorda til nøkkelordet *befolk* i nivå 1 av analysen av den generelle delen og fagplanen har synt frekvens og kva for kontekstord som er nytta i kvar del for seg. Men det er ikkje berre dei konkrete nøkkelorda *befolk* og *demogr* som kan reflektere framstilling av befolkning og demografi. I kapittel 2 blei det gjort reie for fleire nøkkelord som har med

¹⁹⁷ Sjå tabell 2 i vedlegget over alle kontekstord. Problem er ved nokre høve samansett med andre ord, t.d. «matvareproblemer».

¹⁹⁸ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.212.

¹⁹⁹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.290.

²⁰⁰ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.186.

²⁰¹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.367.

²⁰² Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s. 186.

demografi, knytt til dei demografiske komponentane, deriblant fødsel og migrasjon i befolkninga. Frekvensen og den faglege samanhengen til dei andre demografiske nøkkelorda kan dermed også belyse framstillinga og vektlegginga av demografi og befolkning i M74. Kva fagleg samanhengen dei inngår i er som kjent ikkje dømt utifrå kva skulefag dei høyrer til i M74, men kva vitenskapfag den språklege samanhengen tilseier at nøkkelordet vert knytt til. Tabellen over fagleg samanheng kan finnast i tabell for M74 i vedlegg 1 .

Resultatet for KWIC vil gjennomgåast i tre avsnitt, der nøkkelorda som er knytt til same demografiske komponent vil verte samla. Difor vil nøkkelorda *befolk* og *demogr* vert behandla samla. Det same vil *død*, *født*, *mort* og *fertil*, og orda som har med migrasjon; *innvan*, *utvan*, *flytt* og *migr*. Kva nøkkelord finn så stad i heile M74?

I M74 er dei demografiske nøkkelorda nemnde 94 gongar – enten som første ledd eller andre ledd av eit ord. Nøkkelordet *befolk* er nemnt 23 gonger, medan *demogr* som kjent ikkje er nemnt i det heile. Dei andre vitenskaplege nøkkelorda *fertil* og *mortal* er heller ikkje nemnde. Nøkkelordet *født* er nemnt 27 gongar og *død* er nemnt 9 gongar. Av nøkkelorda som har med migrasjon å gjere er *flytt* nemnt mest, 31 gongar, medan *innvan* er nemnt to gongar. Nøkkelorda *utvan* og *migr* er begge nemnde ein gong kvar. Alle nøkkelorda er altså nemnde bortsett frå dei vitenskaplege termene t.d. mortalitet, fertilitet og demografi, jf. tabell for M74 i vedlegg 1.

For heile læreplanen er *befolk* ein del av eit samansett ord 18 gongar. Desse samansetjingane er: befolkningstetthet, befolkningsproblemene, befolkningsøkningen, befolkningsstrukturen, befolkningskunnskap, befolkningstilveksten, overbefolkning og befolkningsutviklingen, og nokre av dei er nemnde fleire gongar. Nøkkelordet er nemnt hovudsakleg i samfunnsvitenskapleg samanheng (14 gonger), men også i geografifagleg samanheng (7 gonger).²⁰³ Det er også nokre ord som går igjen i konteksten til nøkkelordet. Befolkning er knytt til ordet «problem» 12 gongar for heile M74, enten samansett med nøkkelordet eller i konteksten.²⁰⁴ Dette blei tematisert i nivå 1 under kontekstens gjengarar av analysen av kontekstord. I tillegg til at «økning» er samansett med ordet befolkning ved to høve, finn ein også ordet tre gongar i den språklege konteksten. Ordet «vekst» er ikkje nytta i konteksten, men samansatt med «befolkning».

²⁰³ Sjå tabell for M74 i vedlegg 1.

²⁰⁴ I Nivå 2 det ikkje blitt gjort ein KWIC-analyse av kontekstorda som i nivå 1, men når #Lancsbox har synt treffa for nøkkelorda har eg sett om det er noko særskild å merke ved konteksten.

Der nøkkelordet *befolk* i hovudsak vert knyta til samfunnsfaglege tema i M74, vert derimot nøkkelorda *Fød* og *død* nemnde flest gonger i religionsvitskapleg samanheng i samband med religiøse hendingar og ritual frå Bibelen og andre heilage skrifter. I høve innsamling av dødt naturmateriale for naturvitskaplege undersøkingar, og ved tematisering av utdødde indianerkulturar i historiefagleg kontekst, vert nøkkelordet *død* brukt.²⁰⁵ I samfunnvitskapeleg kontekst er rett nok nøkkelordet *fød* brukt. Knytt til situasjonen i familiesfæren vert *fød* nytta, t.d. i «Barnets avhengighet av omsorg og pleie etter fødselen».²⁰⁶ Ved to høve blir barn født utanfor ekteskap, tematisert. Meir relevant for befolkning og demografi er det at *fød* ved eit høve er samansatt til ordet «fødselsoverskudd», slik analysen av samtidsord i nivå 1 av fagplanen synte.

Alle dei utvalde nøkkelorda som har med migrasjon å gjere, er nemnde i M74. Det er rett nok ikkje alle som vert brukt i like relevante samanhengar for denne analysen. I mindre relevant samanheng i forbindelse med organisatoriske aktivitetar knytt til klasserommet vert nøkkelordet *flytt* brukt. Meir relevant er det nemnt i samfunnsfagleg kontekst i samband med at folk flyttar til tettstadar. I historiefagleg samanheng er nøkkelordet nemnt i samband med historia til flyttsamane, og i naturfagleg samanheng knytt til reinsdrift og næringsbehovet til rein. Dei to andre nøkkelorda *Utvan* og *innvan* er nemnde få gongar, men ved alle høva i historiefagleg samanheng. For 7.klassetrinn er nøkkelordet *innvan* brukt som ein del av ei oppramsing av tema under *Finnmark på 1700-og 1800-tallet*. Her vert ordet brukt i oppramsinga av «Norsk bosetting i Finnmark. Finsk innvandring. Promorhandelen»,²⁰⁷ samt om dei første koloniane i Amerika. Utvandring er nemnt i samband med vikingane. I samfunnsfagleg samanheng er nøkkelordet *migr* brukt som «immigrasjon», i samband med flyktningar og minoritetar. Det verkar altså som at nøkkelorda som har med migrasjon å gjere «tilhøyrar» særskilde fag i M74, t.d. innvandring og utvandring er historiefaglege omgrep.

3.2.8 Oppsummering – «befolkningsproblem»

I M74 er det befolkningsproblem i form av befolkningstilvekst som er hovedtema, og problemområda er utviklingsland. M74 framstår som pessimistisk i sin framstilling av befolkning. Både i historisk demografisk undersøking gjennom tidene og i høve

²⁰⁵ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.358.

²⁰⁶ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.300.

²⁰⁷ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.184.

framtidssiktene i fagplanen er det særskild fødselsoverskot, vekst og auke i befolkninga som vert tematisert. Knyta til tilveksten i befolkninga vert ordet «problem» brukt ved fleire høve.

Trass i at det vitskapelege nøkkelordet *demogr* ikkje er brukt i M74, så har læreplanen klare demografiske tema. Det er særskild samtidsord som pregar konteksten til nøkkelordet *befolk*, både i den generelle delen og fagplanen, men desse samtidsorda har noko forskjellig tematisering. I den generelle delen er særskild namn på etnisitetane og minoritetane med særstilling i Norden som vert vektlagde, samt geografiske områder i Norge. Den generelle delen har slik sett eit meir nasjonalt perspektiv. Fagplanen derimot, har ei større vektlegging av ord som peikar på forvaltning, regulering og kriser i høve befolkning i tilknytning verda utanfor Norge. Tabell 3.2.8 syner kontekstorda i M74 inndelt etter tema dei kan seiast å omhandle (sjå vedlegg 2 og 3 for alle kontekstorda nytta i M74).

Tabell 3.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda i M74

M74	Vitskap	Samtid	Verdi
Generell del	Miljø og klima	Nasjonale etnisitetar	Samarbeid
		Regionale områder i Norge	Religion
Fagplan	Ressursar	Regionale områder.	Identitet og fellesskap
	Befolkningsstruktur	Forvaltning og regulering	Samekultur
		Problem og kriser	

Tilknytt tilvekst i befolkning, er nokre av nøkkelorda, *fød* og *død*, hovudsakleg i religionsvitskapeleg samanheng. Vitskapsorda *mortal* og *fertil* er ikkje nytta. I tråd med at også *demogr* ikkje er brukt i M74, er dei vitskapelege nøkkelorda uteletne frå planen. Blant nøkkelorda er både orda som har med migrasjon å gjere (*flytt*, *innvan*, og *utvan* og *migr*) brukte, men i tilknytning ulike fag. Nøkkelorda *innvan* og *utvan* er brukt i historiefagleg samanheng, medan *flytt* i større grad brukt i geografisk og samfunnsvitskapeleg samanheng. Nøkkelordet *Befolk* vert fleire gongar også samansett.

4. MØNSTERPLAN FOR GRUNNSKOLEN AV 1987

4.1 Innleiing

Den neste læreplanen, Mønsterplan av 1987 (M87), kom 13 år etter mønsterplanen frå 1974. I likskap med M74 skal også denne læreplanen analyserast m.a. i høve historisk kontekst og kva som kjenneteiknar planen, før KWIC-analyse av kontekstord og nøkkelord i planen. Kva var det som prega tiåret M87 blei til i?

4.2 Analyse av M87

4.2.1 Frå miljøvern til materialisme

Frå 70-åra og over i perioden mellom 1980 og 1990, vert nye tema sett under politisk lys. Politikken gjekk frå å dra dreie seg om «...energi-, miljø-, og ressurspolitikken» til i større grad å rette seg mot «...økonomiske spørsmål knyttet til arbeidsledighet og inflasjon...», og dei andre tema som hadde prega 70-talet, som likestilling og Arbeidarpartiets sosialisme, stilna noko.²⁰⁸ Det blei samstundes sett fram kritikk mot staten om kva grad den faktisk leverte den lova velferda overfor folket.²⁰⁹ Sett vekk frå nokre år tideleg på 80-talet, opplevde Norge ein øyen velstandsvokster og Jappetid kring midten av 80-talet, og folk blei no først og fremst sett på som forbrukarar.²¹⁰ Etter at Willoch-regjeringa kom til makta i 1981, ljoma enkelte høgre-røyster om kunnskapsfremjing i skulen. Nokre meinte Arbeiderpartiets «enhetsskole», fronta av verdier som likeverd og likskap, hadde gått på kostnad av kunnskapen i norsk skule.²¹¹ Dette stod i stil med nykonservatismen som internasjonalt prega tida. Under lupa fann skulens innhald seg – all den tid utdanning og skule no blei rekna som økonomisk kapital.²¹² Samstundes skildra Telhaug & Mediås perioden frå 1975 som prega av reformtrøttheit, og lite iver etter å endre verken skulen eller læreplanane.²¹³ Trass i både regjeringsskifte og politisk temaskifte, blei 80-talet ståande utan store skulereformer.²¹⁴

²⁰⁸ Telhaug, 1994, s.384.

²⁰⁹ Telhaug & Mediås, 2003, s.275.

²¹⁰ Telhaug, 1994, s.384.

²¹¹ Thuen, 2017, s.181.

²¹² Aasen, 1999, s.30.

²¹³ Telhaug & Mediås, 2003, s.306.

²¹⁴ Thuen, 2017, s.182.

M87 skulle ikkje by på radikale endringar, men det var likevel nokre nye trekk som prega tenkinga i samfunnet og i skulen. I følgje Telhaug & Mediås blei individets eigenart og mynde framheva – rett nok paradoksalt i eit avhengigheitsforhold til marknaden. Dei tidelegare moralske kristne verdiane blei utfordra av individualiseringa, og måtte retta seg etter det nye forbrukarsamfunnet der lyst og tilfredsstilling framfor alt stod i første rekke. Samstundes opplevde Norge i likskap med mange andre land, ei auka innvandring. Dette retta merksemd kring konsekvensane av eit fleirkulturelt samfunn.²¹⁵ I desse bølgiene av konjunkturar og innvandring på 80-talet, skulle M87 verte til.

4.2.2 M87 – med døra på gløtt for innhaldsfridom?

Mønsterplan for grunnskolen 1987 var i likskap med sin føregjengar ein rammeplan – og er ein revisjon av M74.²¹⁶ Dei frie taumane planen ga, resulterte i rom for tolking og skulle operasjonaliserast ved at lærarane på den enkelte skulen skulle samlast om éin lokal læreplan og verdigrunnlag, altså ein felles pedagogisk plattform.²¹⁷ M87 var tydeleg på at lokalt læreplanarbeid framleis stod sentralt som ei desentraliserande kraft,²¹⁸ og at den dermed gjev skulane og læraren ein «...tillagt betydelig innflytelse på skolens faglige innhold».²¹⁹ Samstundes hadde planen nokre skilnadar frå M74. Hovudemna og delemna i M87 kunne i mindre grad veljast vekk, samstundes som at verdiforankringa i skulen blei forsterka.²²⁰ Døra til val av innhald i undervisning stod ikkje på like vidt gap for læraren som den gjorde i M74.

4.2.3 Den politiske prosessen – politikarane eller pedagogane?

I 1985 kom første utkast av den nye læreplanen som Grunnskolerådet fekk mandat til å utarbeide av Kirke- og undervisningsdepartementet i 1984.²²¹ Telhaug beskriv arbeidet med M87 som omfattande. Dei tre partia som sat i regjering hadde ulike politiske føremål med skulen; «For Høyre var kunnskapsskolen viktig, for Kristelig Folkeparti skolens kristne karakter, mens Senterpartiet var mest opptatt av en skole orientert mot lokalsamfunnet».²²²

²¹⁵ Telhaug & Mediås, 2003, s.280-282.

²¹⁶ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.7.

²¹⁷ Engelsen, 2012, s.26.

²¹⁸ Gudem, 1993, s.141.

²¹⁹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.8.

²²⁰ Mediås, 2010, s.49.

²²¹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.7.

²²² Telhaug, 1994, s.398.

Partiet Høyre sat i ei rein Høyre-regjering frå 1981, men ynskte ikkje å «...demontere den sosialdemokratiske orden»,²²³ slik ein gjerne skulle trudd. Blant anna grunna nokre år med økonomisk nedgang på byrjinga av 80-talet, blei ikkje skule sett øvst på prioriteringslista og dei konservative ideane fekk ikkje stor betydning for den nye læreplanen.²²⁴ Det var først når regjeringa blei tre parti i 1983, at Kjell Magne Bondevik sat i gang ein prosess med å revidere mønsterplanen frå 1974.²²⁵ På 80-talet var den politiske debatten i skulen orientert kring mindre betente og kontroversielle spørsmål, enn tidelegare.²²⁶ Telhaug hevdar til og med at M87 «...var den pedagogiske profesjonens arbeid langt meir enn politikernes».²²⁷ Kan dette ha medført mindre samtidspåverknad på framstillinga av befolkning og demografi i M87?

4.2.4 Kva karakteriserer planen?

Trass i at dei politiske drivkreftene bak revideringa av M74 ikkje var like sterke som dei skulle vise seg å vere på 90-talet, bydde likevel M87 på endringar frå føregjengaren. M87 vektla i større grad kunnskapsformidling enn M74. Telhaug hevdar at skiljet mellom skulefaga blei noko viska ut som følgje av innføring av delemner, men at dei dermed blei meir integrerte, også som følgje av at nokre fag blei samla i same emneplan (orienteringsfaga).²²⁸ Likevel fekk ikkje den tanken om restaurering Høyre-regjeringa stod for, med vekt på kvalitet og høg fagleg kompetanse, prege M87 i særskild grad. Det som derimot vart løfta fram var verdiane. Dei kristne verdiane var blitt svekka dei seinare åra, og det var behov for eit løft i form av felles verdiar; både kristne og humanistiske verdiar skulle no fremjast.²²⁹ I følgje Gudem er verdiar som ansvar, medansvar og omsorg framtrekkande.²³⁰ Folk hørde i mindre grad heime i dei nære institusjonane og gruppene individet tidelegare hadde definert seg innanfor, slik som familie og religion. Difor blei fellesskap og tilhøyrsløse viktige omgrep i M87.²³¹

Både vektlegging av verdiar og mindre innverknad frå politikarar i arbeidet med M87, kan ha medført færre samtidsord, men fleire verdiord i kontekst til nøkkelorda. Inndeling i delemne som viskar ut noko av skiljet mellom faga, kan tenkjast å resultere i få vitskapsord. Orienteringa

²²³ Telhaug & Mediås, 2003, s.306.

²²⁴ Aasen, 1999, s.34.

²²⁵ Telhaug & Mediås, 2003, s.306-308.

²²⁶ Telhaug, 1994, s.88.

²²⁷ Telhaug, 1994, s.405.

²²⁸ Telhaug, 1994, s.403.

²²⁹ Telhaug, 1994, s.389-401.

²³⁰ Gudem, 1993, s.48.

²³¹ Telhaug, 1994, s.404.

kring innvandring, fellesskap og tilhørslse skapar forventning om at det gjerne er den samansette befolkninga i Norge som vert tematisert. Slår desse forventningane til i analysen av M87?

4.2.5 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN

Om generell del og verdigrunlaget

Den generelle delen av M87 strekkjer seg over 80 sider. I den generelle delen vert det vektlagt at elevane skal lære om menneska sine livsvilkår og utviklingsmuligheter, og i denne samanheng vert særskild historie og geografi framheva som viktige for å erverve denne kunnskapen. Vidare vert det trekt fram at elevar skal både lære om «...befolkningsgrupper i vårt eget land og i verden for øvrig».²³²

På side 14 finn ein overskrifta *Verdier skolen bygger på – og skal formidle*. Her vert kapittelet innleia med å understreke at «Skolen skal i sin undervisning og virksomhet bygge på grunnleggende kristne og humanistiske verdier».²³³ Til skilnad frå M74 skal altså verdigrunlaget byggjast også på det som vert omtalt som humanistiske verdier. Verdiane vert samla i desse overordna kategoriane; kristen tro og moral, de demokratiske ideene, menneskerettighetene og vitenskapelig tenkemåte og metode.²³⁴ Blant konkrete verdier nemnde i den generelle delen er m.a. respekt, menneskeverdet, sannhet, rettferdighet, troskap, toleranse, rettsikkerhet, religionsfrihet, solidaritet, frihet, ansvarlighet, nestekjærighet, kultur, kulturarv, ytringsfrihet, fred, åndsfrihet, likeverd, likestilling, skapertrang, intellektuell nysgjerrighet, selvstendighet, samarbeid, medansvar, naturen, kunst, opplevelsevne, følsomhet og identitet.²³⁵ Korleis omtalar forskingslitteraturen desse verdiane?

Aarvik har teke føre seg verdier som likverd og likskap i læreplanar mellom 1939 og 1987.²³⁶ Her understreker ho at dei medmenneskelege verdiane frå M74 er forsterka i M87, og i eit forsøk på ein renessanse for fellesskapskjensla i samfunnet, vert ulikskap trekt fram som ein ressurs, enten det gjelder kultur eller verdier. Der M74 er meir oppteken av likskap, så opnast det i M87 opp for at «...ulikhet kan være meir rettferdig enn ulikhet».²³⁷ Jf. Stoa er også som nemnt M87

²³² Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.18.

²³³ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.14.

²³⁴ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.14.

²³⁵ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.13-78.

²³⁶ Aarvik, 2009.

²³⁷ Aarvik, 2009, s.86.

den planen der samane for første gong vert omtalt som urbefolkning og dei får ein tydelegare plass i planen.²³⁸ I tråd også med den auka innvandringa, kan ein seie at verdiane i M87 dreiar seg kring mangfaldet. Kan KWIC-analyse belyse om desse verdiane er å finne i framstillinga av befolkning? Dette krevst først og fremst at befolkning er tematisert i M87.

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

Er dei to demografiske nøkkelorda *befolk* og *demogr* å finne i den generelle delen av M87? Det siste nøkkelordet er ikkje nemnt, men nøkkelordet *befolk* er brukt 9 gongar i den generelle delen. I tillegg til gjennomgangen av verdiord og samtidsord i konteksten til nøkkelordet, vil det verte skrive om tidsdimensjonen som kjem fram i den generelle delen knytt til vitskapsorda i konteksten. Tabell 4.2.5 syner frekvens av kontekstord i den generelle delen.

Tabell 4.2.5 Frekvens kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del M87, jf. Vedlegg 3.

Plan M87	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Generell/overordna	2	28	8	16	54
Prosent	4%	52%	15%	30%	100% (101)

Verdiord – mangfald og kultur

Gjer verdiløftet i M87 seg til kjenne i frekvens av verdiord i konteksten til nøkkelordet? Tabell 4.2.5 syner at det er 15% verdiord, og det er ikkje denne kategorien av kontekstord som er størst. Av verdiord kan ein m.a. finne «mangfoldet», «forståelse», «samarbeid», «kulturelt», «kulturtradisjon» og «tradisjonene», og desse vert ved fleire høve knyta direkte til dei nasjonale etnisitetane og urbefolkninga i Norge. Dette ser ein t.d. i setningar som framhevar at «Den samiske kulturen har lange tradisjonar og er en del av det kulturelle mangfoldet i vårt land. Den samiske befolkningen har en spesiell stilling i forhold til andre etniske minoritetsgrupper».²³⁹ Slik forskingslitteraturen førespeglar – samt dei konkrete verdiane som vert nemnde i den generelle delen, er verdiorda orientert kring mangfald – særskild det kulturelle mangfaldet i befolkninga knytt til etnisitetar. Det kan vitne om ei fremjing av dei berikelsane ei mangfaldig befolkning bidreg med til fellesskapet.

²³⁸ Stoa, 2019.

²³⁹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.18.

Samtidsord – nasjonale etnisitetar og regionale områder

Fremjing av nasjonale etnisitetar kan også lesast av samtidsorda som finn stad i konteksten. Samtidsorda utgjer den største delen av konteksten med 52%. Vektlegging av namngjevne nasjonale etnisitetar i Norge, samt samtidsord som peikar på områder i Norge, «Finnmark» og «Vadsø», medfører at befolkning i den generelle delen av M87, i realiteten inneber Norges befolkning. Rett nok vert det anerkjent at «Skolen må utvikle forståelse for samarbeid mellom ulike befolkningsgrupper i vårt eget land og i verden for øvrig»,²⁴⁰ men verden er elles utelaten frå konteksten. Av nasjonale etnisitetar som vert trekte fram i konteksten til nøkkelordet, finn ein samtidsord som «sørsamisk», «samiske», «kvensk» og «finsk». Ein finn også orda «tospråkligheit» og «dagligspråket». Det vert orientert om korleis språket til samane endrar seg, t.d. «I enkelte samiske områder er samisk språk forsvunnet, mens det i andre områder er dagligspråket for størstedelen av befolkningen».²⁴¹ Samtidsordet «innvandring» er nemnt ved to høve i konteksten til *befolk* som samtidsord, og også her er det nasjonale minoritetar; kvenar og finsk befolkning som vert trekt fram.²⁴² Sjå vedlegg 3 for alle kontekstorda i generell del av M87.

Vitskapsord og tidsdimensjonane – historisk-demografisk data

Innvandring vert også knytt til historisk undersøking av befolkning i den generelle delen. Under kapittel 6: *Språklige minoriteter*, vert det skildra korleis det allereie på 1600-talet starta ei bølge av finsk innvandring, og at «Omkring 1860 utgjorde de finske innvandrerne to tredeler av befolkningen i Vadsø, og i Finnmark som helhet en firedel».²⁴³ Det er i denne setninga ein også finn dei to vitskapsorda «tredeler» og «firedel», og dreiar seg altså om storleik og mengde i befolkning. Dette kan lesast som bruk av historisk-demografisk data om norsk befolkning i nord for å legitimere kvenane sin tilhøyrsløse i Norge, og dermed også deira sentrale plass i den generelle delen av læreplanen som språkleg minoritet. Det vert konkludert med at denne innvandringa har «...satt sitt preg på befolkningsutviklingen, både sosialt og kulturelt, helt fram til i dag».²⁴⁴ Slik vert det historisk-demografiske materialet kopla til befolkningssituasjonen i samtida i den generelle delen.

²⁴⁰ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.18.

²⁴¹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.33.

²⁴² *Innvan* er eit demografisk nøkkelord i denne undersøkinga. Når det trer fram i konteksten til andre nøkkelord, har det blitt kategorisert som samtidsord, grunna dets samtidsforankring.

²⁴³ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.37.

²⁴⁴ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.37.

4.2.6 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANEN

Om fagplanen

Den andre delen av M87 som skal analyserast ved hjelp av KWIC - i høve nivå 1 av analysen, er fagplanane. Fagplanen samla går frå s.85 til 303. I M87 er det som kjent hovudemne og delemne i fagplanane. Dette er strukturert slik at hovudemna er beskrive med setningar og avsnitt. Delemna er spesifiserte ved hjelp av opprømsing av stikkord. T.d. i samfunnsfag i 7-9.klasse er eine hovudemne *Natur, mennesker og ressurser*. Som delemne finn ein m.a. *Ressurser og ressursutnyttelse*, som vert konkretisert av stikkord som «Natur-og kulturressurser. Ressursutnyttelse og levevis. Selvberging, ernæring og matvareproduksjon».²⁴⁵

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

Alle kategoriane av kontekstord fann stad i den generelle delen. Kva med kontekstorda i fagplanen? Det demografiske nøkkelordet *demogr* er heller ikkje nemnt i fagplanen for M87, så tabell 4.2.6 avspeglar kontekstord for nøkkelordet *befolk*, og er nemnt 14 gongar i fagplanen. Kategoriane som finn stad i fagplanane vil verte gjennomgått i det føreståande.

Tabell 4.2.6 Frekvens av kontekstord tilknytt det demografiske nøkkelordet *befolk* i fagplan M87, jf. Vedlegg 2

Plan M87	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Fagplan	13	54	8	9	84
Prosent	15%	64%	10%	11%	100%

Verdiord og vitskapsord – mangfald, busetjingsmønster og berekraft

Tabell 4.2.6 visar at verdiorda står for 10% av konteksten, og vitskapsorda for 15%. Verdiorda kan lenkjast til orienteringa rundt mangfaldet slik som i verdigrunnlaget – gjennom m.a. «ulikheter», «samarbeid», «forståelse» og «respekt». Eit anna skilje mellom dei to delane er synleg. I den generelle delen vert kultur og tradisjonar særskild trekt fram, medan «naturvern» vert brukt ved to høve i konteksten for *befolk* i fagplan. Dette medvite kring natur og berekraft kjem også fram i vitskapsorda blant kontekstorda, gjennom ord som «naturressursar» og «naturforhold». I samanheng med dette vert også dei demografiske komponentane tematisert gjennom stikkord om Befolkning og bosetting i samfunnsfag for 7-9 trinn.; «Befolkningsutvikling, befolkningsstruktur og bosettingsmønster. Urbanisering.

²⁴⁵ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.233.

Distriktpolitikk. Samfunnsplanlegging.»²⁴⁶ Dei vitenskaplege termene for demografiske komponentar t.d. fertilitet og mortalitet, er ikkje brukte. I staden opnar dei tre komplekse vitkapsorda «bosettingsmønster», «befolkningsstruktur» og «urbanisering», for handsaming av også dei demografiske komponentane (sjå vedlegg 2 for alle kontekstorda i fagplanen av M87.)

Samtidsord – områder, regulering, migrasjon og minoritet

Samtidsorda i fagplanen er i hovudsak innanfor dei tre tema geografiske områder, migrasjon og minoritetar, forvaltning og regulering – og utgjør største delen av kontekstorda med 64%. Dei to siste tema vil undersøkinga kome attende til i handsaming av tidsdimensjonane. Av minoritetar står «samer», det «samiske» og «samefolket» seg fram i konteksten, men verken finsk eller kvensk vert nemnde. *Samene – en egen folkegruppe* heitar det eine hovudtemaet i samfunnsfag for 7-9 trinn, og det vert her lista opp «Samer som urbefolkning» samt «FN's konvensjon om sivile og politiske rettigheter...».²⁴⁷ I tillegg til fremjing av samane og deira rettar som urbefolkning i Norge, vert også samtidsorda «Fylker», «landsdeler» og «Norge» brukt i konteksten, og peikar mot ei regional og nasjonal orientering.. I forlenging av det nasjonale perspektivet peikar ord som «næringsliv», «økonomi» og «distriktpolitikk» på ei framheving av dei nasjonale og regionale ressursane i landet, òg samtidsord som «hjem» og «skole» vendar seg til den nære sfæren til elevane i befolkning. Det er berre ved eitt høve at «internasjonale» er nemnt i konteksten. Samtidsorda som har med regulering og forvaltning vert tematisert i høve eksplisitte uttrykk for tidsdimensjonane.

Tidsdimensjonen - befolkningsutvikling

I samfunnsfag for 7-9 klasse finn ein delemnet *Fra de eldste tider til 1700-tallet: Utviklingslinjer*. Her vert «Folkeflyttingar» og «utvandring» nemnt i samband med «befolkningsutvikling».²⁴⁸ Det historisk-demografiske perspektivet trer dermed fram, og til skilnad frå fagplanen i M74 er det utvikling og ikkje tilveksten i befolkninga som skal undersøkjast historisk. Men det fortidige perspektivet er ikkje det som pregar konteksten til nøkkelordet først og fremst. Dette kan lesast særskild utifrå dei samtidsorda som har med forvaltning og regulering å gjere, m.a. «matvareproduksjon», «ressursutnyttelse», og «befolkningsreduksjon», men også ord som peikar direkte på her og no og framover, slik som

²⁴⁶ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.235.

²⁴⁷ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.235.

²⁴⁸ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.234.

«endringer», «utvikling» og «situasjon». Det er under delemnet *Ressurser og ressursutnyttelse* i samfunnsfag for 7-9 klasse at «befolkningsreduksjon» er nemnt i samband med samansetjinga av nøkkelordet *befolk* til «befolkningsvekst».²⁴⁹ Tematisering av befolkningsvekst, er dermed ikkje forsvunne i overgangen frå M74 til M87.

Kontekstens gjengingar

Det som derimot er forsvunne er kontekstordet «problem». Heller ikkje er fleire av kontekstorda som peikar på mengde og storleik er like framtrudande i M87 som i M74. I staden verkar det som «endringer» og «utvikling» i noko grad har overtatt for desse orda. «Utvikling» vert også samansett fleire gongar i konteksten til ord som «utviklingsarbeid», «utviklingsland og «utviklingstiltak».

4.2.7 KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKELORD I M87

Til no er det vorte undersøkt kontekstord til nøkkelordet *befolk*, medan *demogr* manglar både i den generelle delen og fagplanen. Kor frekvente er så dei andre demografiske nøkkelorda samla for M87?

I M87 er dei demografiske nøkkelorda nemnt 97 gongar, jf. tabell for M87 i vedlegg 1. Nøkkelorda er i 42% av tilfella nemnt i samfunnsvitskapeleg samanheng. Andre fag utgjer 23%, medan geografi, historie og naturvitskap samla utgjer 21% av den faglege samanhengen. Religionvitskapeleg-samanheng utgjer 13%. Nøkkelordet *befolk* er nemnt 23 gongar, medan dei vitskapelege nøkkelorda *demogr*, *fertil* og *mortal* ikkje er nemnde. I høve migrasjon er alle nøkkelorda å finne i M87, men det er nøkkelordet *innvan* som er nemnt mest, 31 gongar. Deretter er *flytt* nemnt 14 gongar. *Utvan* er nemnt 3 gongar, og *migr* er nemnt 5 gongar. For nøkkelorda direkte tilknytt til tilvekst, er *fød* brukt 12 gongar, og nøkkelordet *død* 9 gongar.

Konteksten til nøkkelordet *befolk* er vorte undersøkt, men kva samansetjingar av ordet finn stad i planen? *Befolk* er samansett med andre ord 11 gongar. Desse samansetjingane er: befolkningsgrupper, befolkningskonsentrasjoner, befolkningsstruktur, befolkningstyngdepunkt, befolkningsutvikling, befolkningsreduksjon og urbefolkning (nokre

²⁴⁹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.233.

av desse er nemnt fleire gonger). Befolkning er nytta for det meste i samfunnsfagleg samanheng og dernest i geografi.²⁵⁰ I konteksten til nøkkelordet manglar ordet problem. Ordet vekst, auke eller reduksjon er heller ikkje nytta i den språklege konteksten, men vekst og reduksjon er samansett med befolkning ved nokre høve. Urbefolkning vert m.a. nemnt i samband med samar, samt utviklingsarbeid.

Av nøkkelorda som har med befolkningstilvekst å gjere, er det *død* og *fød* som vert brukte. Dei er samla nemnt flest gongar i religionsvitskapeleg samanheng. Nøkkelordet *fød* er også nemnt i samfunnsvitskapeleg samanheng i samband med innvandring, og i naturvitskapeleg samanheng i samband med det biologiske ved fødsel og fosterutvikling.

Blant nøkkelorda som har med migrasjon å gjere, er alle nytta i M87, men som kjent med ulik frekvens. *Flytt* er i hovudsak nemnt i samband med organisering av rom på skulen samt tiltak og omsyn som må takast i høve innvandrarbarn som har flytta frå eit land til eit anna. Nøkkelordet er også nemnt ved fleire høve i samfunnsfag, og dette er i samband med migrasjon, tettstadar og befolkningsutvikling. *Innvan* er nemnt flest gongar i samfunnsvitskapeleg samanheng. I den språklege konteksten finn ein ord som «nærmiljø», «toleranse», «livsvilkår», «kultur», «identitet», «kvenar» og «rasisme». T.d. skal 1-3 klassingar lære om nabolaget; «Ulikhet, likeverd, toleranse, respekt. Innvandrere».²⁵¹ Det er ved høve også knytt til det fortidige t.d. «Fra Israelfolkets historie: Innvandring, dommertid, kongetid, profeter og bodskap. Salmene».²⁵²

Nøkkelordet er også nemnt i historie, knytt til Nord-Norge og finsk innvandring. Nøkkelordet er også knytt til utanomfagleg samanheng, som tiltak og omsyn til innvandrarbarn. *Utvan* er nemnt færre gongar enn *innvan*, og er nemnt ein gong i historie, samfunnsvitskap og andre, som ein kan sjå av tabell for M87 i vedlegg 1. *Migr* er nemnt eine og åleine i samfunnsvitskapeleg samanheng. Ved eit høve er det nemnt saman med befolkning og busetjing og næringsliv.²⁵³ Ved eit anna høve finn ein i minoritetar i den språklege konteksten til ordet. Implikasjonane ved å flytte frå eit land til eit anna vert også tematisert i samband med migrasjon.

²⁵⁰ Sjå tabell for M87 i vedlegg 1.

²⁵¹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.217.

²⁵² Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.108.

²⁵³ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.238.

4.2.8 Oppsummering – «Befolkningsutvikling»

I motsetnad til M74 er det i M87 hovudsak befolkningsutvikling som vert tematisert, framfor befolkningsproblem. Tematisering av befolkningsstilvekst er ikkje fråverande, og reguleringar i form av befolkningsreduksjon vert nemnt, men ikkje like tydeleg. Dette gjer seg m.a. til kjenne i den historisk-demografiske undersøkinga av befolkningsutvikling, og ikkje tilvekst, som fagplanen ved eitt høve inviterer til. Det er likevel situasjonen i samtida og forvaltning for framtida som får største merksemd.

Verdigrunnlaget med vekt på mangfald og fellesskap gjer seg gjeldande i konteksten både i den generelle delen og fagplanen, gjennom vektlegging av ulikskap i befolkninga gjennom kultur og etnisitetar – men med eit nasjonalt perspektiv. Men der den generelle delen framhev kultur, er det berekraft, natur og naturvern som kjem fram i fagplanen, både gjennom vitskapsord og verdiord. Tabell 4.2.8 viser tema for kontekstorda i M87, og vedlegg 2 og 3 syner alle kontekstorda som er nytta i planen.

Tabell 4.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda i M87

M87	Vitskap	Samtid	Verdi
Generell del	Storleikar	Minoritetar, etnisitetar og innvandring Geografiske områder – regionalt (Nord).	Mangfald Samarbeid Kultur og tradisjon
Fagplan	Befolkningsstruktur – geografisk og samansetjing Naturforhold Berekraft	Geografiske områder – regionalt. Forvaltning, regulering av ressursar og utvikling Minoritetar, etnisitetar og migrasjon	Mangfald Samarbeid Naturvern

Frå å vere nemnt eit fåtalsgongar i M74, er *innvan* det demografiske nøkkelordet som vert nemnt flest gongar i M87. Saman med dei andre orda om migrasjon vert dei brukt flest gongar i samfunnsvitskapeleg samanheng. *Innvan* gjennomgår eit fagorientert skifte frå å vere eit historiefagleg omgrep i M74, til å verte eit tydeleg samfunnsvitskapeleg uttrykk i M87.

5. LÆREPLANVERKET FOR DEN 10-ÅRIGE GRUNNSKOLE 1997

5.1 Innleiing

Etterfølgjaren til M87 skulle bli Læreplanverket for den tiårige grunnskole (L97), og er hovudkjelda for analysen for framstilling av befolkning i dette kapittelet. Det blei i 3.1.2 nemnt korleis den generelle delen var visuelt utforma, m.a. illustrert med bilete av kunstverk. Ein endring ved L97 var at krava til læring var tydelegare i blant anna gjennom konkrete læreplanmål. Kva kom dette av?

5.2 Analyse av L97

5.2.1 Reformene og kunnskapen – verktøy til nasjonal vekst

Utviklingstendensane i samfunnet på 90-talet legitimerte nye tankar om reformar i den norske skulen, ifølgje Telhaug.²⁵⁴ Internasjonalisering og auka konkurranse, forureining frå industrien, endringar i strukturen i nære og fjerne institusjonar m.a. familien, samt medias påverknad. Dette meinte fleire fordra fornying og endringar også i skulen.²⁵⁵ I reformiverens namn, blei fokuset på skule på 90-talet den rake motsetnad til første halvdel av 80-talet. Tidelegare leiar for Stortingets Kirke,- utdanning-, og forskningskomitè og førsteamenuensis i samfunnsfag, Theo Koritzinsky, omtalar denne perioden i norsk skuleutvikling som «utdanningsreformenes tiår».²⁵⁶ Reformene dreia seg både om «...styring, struktur og faglig/pedagogisk innhald»²⁵⁷ på alle nivå - frå høgare utdanning til grunnskulen.²⁵⁸

Den beskrivne individualiseringa og draginga mot marknaden på 80-talet, prega også samfunnet inn på 90-talet, i følgje Telhaug & Volckmar. Det politiske synet på skulen bevegde seg på nytt på aksen mellom individorientering og samfunnsretting. Den samfunnskritiske funksjonen til skulen vart noko svekka, og synet på «...skolen som et reiskap for de samfunnsmessige interesser» vart forsterka.²⁵⁹ Politisk skulle kunnskapen løftast opp og fram

²⁵⁴ Telhaug, 1994, s.413.

²⁵⁵ Telhaug, 1994, s.411-413.

²⁵⁶ Koritzinsky, 2000, s.34.

²⁵⁷ Koritzinsky, 2000, s.34.

²⁵⁸ Telhaug, 1994, s.413.

²⁵⁹ Telhaug & Volckmar, 1999, s.73.

og det var Mindretalsregjeringa Brundtland III, med kirke-utdannings-og forskningsminister Gudmund Hernes i spissen, skulle stå føre realiseringa av kunnskapshevinga i skulen. Resultatet av reformiveren blei m.a. den nye læreplanen L97, der målet var «kunnskap som fellesskap».²⁶⁰

5.2.2 L97 – Kunnskapen, dørlukkar for innhaldsfridom?

Frå dei retningsgjevande læreplanane M74 og M87, blei læreplanen L97 i større grad styrande for verksemda i den norske skulen.²⁶¹ Der føregjengarane i større grad gav rom for tolking av læreplanen, blei det med L97 vektlagt at læreplanen skulle ha eit definert lærestoff og arbeidsmåtar som var felles for alle elevar i den norske skule.²⁶² Auka grad av styring av skulens innhald samt fokus på korleis skule og utdanning skulle verke som reiskap for økonomisk vekst, var ein del av ein internasjonal trend kalla restaurativ pedagogisk tenking.²⁶³ Med L97 skulle den sosialdemokratiske tanken om einskapsskolen sameinast med idéen om kunnskapsskolen. Dette kom til uttrykk ved at læreplanen både vektla fellesskapet i form av felles kunnskapar og kultur, men samstundes erkjente ulikskapar i befolkninga og legg til rette for individuelle tilpassingar.²⁶⁴

5.2.3 Politisk prosess – Arbeidarpartiets markante minister

Det var Kirke-,utdannings-og forskningsdepartementet som sat i gong arbeidet med læreplanrevisjon i 1992, som resulterte i det endelege læreplanverket frå 1997.²⁶⁵ På 90-talet skjedde det store endringar knytt til lengde og oppstart av skulegangen for norske elevar. Fordi reformene i skulen var så omfattande både i struktur og innhald, så er ikkje den politiske prosessen like beinveges å skildre. Mot siste halvdel av 80-talet starta den politiske prosessen bak reformene, blant anna med fleire meldingar til Stortinget.²⁶⁶

I st.meld. nr.43 (1988-89) *Mer kunnskap til flere*, blei forslaget frå regjeringa om skulestart for 6-åringar lagt fram, i følgje Koritzinsky.²⁶⁷ I 1994 blei 10-årig skulegang innført, og born skulle

²⁶⁰ Thuen, 2017, s.198.

²⁶¹ Engelsen, 2012, s.26.

²⁶² Engelsen, 2012, s.26-27.

²⁶³ Koritzinsky, 2000, s.48.

²⁶⁴ Thuen, 2017, s.203.

²⁶⁵ Engelsen, 2012, s.50.

²⁶⁶ Koritzinsky, 2000, s.37.

²⁶⁷ Koritzinsky, 2000, s.38.

starte skule frå og med det året dei fylte 6 år.²⁶⁸ Det at elevar skulle starte skulen som 6-åringar, fekk fleirtal, men partia var ikkje like unisone i ideen om utvida grunnskule. For Arbeidarpartiet tydde også namnet på stortingsmeldinga at ein utvida grunnskule så fekk alle like moglegheiter til å tileigne seg den same mengda kunnskap - i einskapsskulens ånd, ifølgje Thuen. Høgre meinte derimot at ein ikkje burde utsette differensieringa gjennom spesialisering i teoretiske og praktiske fag, som elevane møter på i vidaregåande skulen.²⁶⁹ Gudmund Hernes (AP) fekk det som han ynskte, og både tidelegare start og forlenga grunnskule blei eit faktum.

Reformene skulle også gjere seg gjeldande i den vidaregåande skule. Alle ungdommar skulle no få rett til å få vidaregåande opplæring og i 1999 blei Opplæringslova iverksett, der denne retten blei lovfesta.²⁷⁰ I eine reformleddet skulle også læreplanane under lupa og den generelle delen blei lagt fram i St.meld.nr.40 (1992-93) ...*vi smaa en Alen lange*.²⁷¹ For første gong skulle den generelle delen av læreplanen både gjelde for grunnskulen og vidaregåande. Det politiske ynskje på 90-talet om at læreplanar i større grad skulle vere orienterte kring målstyring, samt presise i skildring av kva alle elevar i den norske skule skal kunne lære, gjorde at den generelle delen i M87 blei sett på som diffus, og ambisjonen for den nye generelle delen frå 90-talet var at den skulle vere meir konkret.²⁷²

Det var mindretalsregjeringa Brundtlands III som sat i gong arbeidet med L97.²⁷³ I 1994 kom det to høyringsutkast for både nye fagplanar samt for prinsipp og retningslinjer i L97.²⁷⁴ I 1992 kom det også eit høyringsutkast om den generelle delen, som Kirke-utdannings- og forskningsminister Gudmund Hernes (AP) stod føre.²⁷⁵ Han ynskte å skape ein meir spennande og utradisjonell generell del enn det M74 og M87 hadde, med bilete og kunst.²⁷⁶ I skildringa av den nye generelle delen av læreplanen i st.meld.nr.40 (1992-1993) kjem det fram at «Departementet har lagt vekt på å unngå fagsjargong og internspråk i den språklige utforminga av læreplanen».²⁷⁷ Dette vert grunna i at andre aktørar utanfor skulen, slik som foreldre, skal kunne forhalda seg til og forstå planen.

²⁶⁸ St.meld.nr.29, (1994-1995), s.11.

²⁶⁹ Thuen, 2017, s.198.

²⁷⁰ Thuen, 2017, s.192.

²⁷¹ Koritzinsky, 2000, s.38.

²⁷² Engelsen, 2012, s.50.

²⁷³ Øyen, 2020, s.42.

²⁷⁴ Koritzinsky, 2000, s.38.

²⁷⁵ Engelsen, 2020, s.210.

²⁷⁶ Engelsen, 2020, s.210.

²⁷⁷ St.meld.nr.40, (1992-1993), s.75.

Vidare i stortingsmeldinga vart arbeidet med ein ny generell del av læreplanen grunngjeve i ny struktur i den norske skule og samfunnsendringar. Blant endringane som vart lagt til grunne er eit større mangfald av kulturar i det norske samfunn, svekka tilhøyrse til arbeidslivet for unge og funksjonstapping av familien - der foreldre bruker meir tid utanfor heimen, samt større påverknad frå internasjonale media i unges liv.²⁷⁸ Trass i at den generelle delen var kortare enn i dei føregåande planane, fekk L97 behalde sin plass i dei norske læreplanane heilt frå 1993 til den blei erstatta av den nye overordna delen av planen i LK20.²⁷⁹

5.2.4 Kva karakteriserer planen?

I følgje professor i pedagogikk Gunn Imsen, var L97 meir kunnskapsorientert enn tidelegare læreplanar.²⁸⁰ Prega av ulike teoriar og strøymingar internasjonalt på slutten 1900-talet, kom også tanken om menneske og utdanning som kapital, til Norge. Denne tanken blei forsterka av den allereie skildra nyradikalismen i 1980-tåra, og Imsen hevdar at det er «...sterke makroøkonomiske motiver bak alle utdanningsreformene siden 1990-tallet».²⁸¹

I følgje Koritzinsky meinte enkelte at sidan reformene tideleg i 1990-åra starta på toppen med høgare utdanning, for dernest å take føre seg VGS og til slutt grunnskule, så kan dette kunne bidrege med at særskild fagplanane i L97 i større grad er prega av fleire akademiske og teoretiske detaljar enn i M87.²⁸² Han tek ikkje sjølv konkret stilling til om rekkjefølga har hatt noko og seie. Likevel slår han fast at det verkar som «Uansett reformenes rekkjefølge i tid kan det synes som om den grunnleggende kunnskapspolitiske tenkning bak dem er nærmere knyttet til akademiske, vitenskapssentrerte tradisjoner enn til visse folkeskoletradisjoner».²⁸³ Fleire kritiserte høyringsutkastet blant anna for å fremje eit nasjonalt perspektiv på kostnad av eit globalt perspektiv.²⁸⁴

Om det er fremjing av kunnskapar og vitenskapssentrering eller fokus på mindre fagsjargong som har fått prege framstillinga av befolkning i den generelle delen, kan mogleg del vitskapsord i KWIC-analysen i det føreståande gje innblikk i.

²⁷⁸ St.meld.nr.40, (1992-1993), s.74-75.

²⁷⁹ Engelsen, 2020, s.212.

²⁸⁰ Imsen, 2011, s.119.

²⁸¹ Imsen, 2011, s.131.

²⁸² Koritzinsky, 2000, s.37.

²⁸³ Koritzinsky, 2000, s.47.

²⁸⁴ Koritzinsky, 2000, s.108.

5.2.5 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN

Om generell del og verdigrunnlaget

Den generelle delen av L97 er på 40 sider, medan *Prinsipp og retningslinjer for opplæringa i grunnskulen* går frå s.53-84.²⁸⁵ Den siste vert gjerne omtalt som «Broen», fordi den skulle verke som ein overgang mellom den generelle delen og fagplanen.²⁸⁶ Dei seks tema, eller sidene ved menneske i den generelle delen består av *det meningssøkende menneske, det skapende menneske, det arbeidende menneske, det allmenndannete menneske, det samarbeidende menneske og det miljøbevisste menneske*. Desse spring ut av ei analyse av formålsparagrafen samt fleire skulelover som den generelle delen innleiest med. Dei seks sidene utgjer samla *det integrerte mennesket*.²⁸⁷ Kvar side av mennesket figurer som overskrift, og for kvar overskrift er det ein utfyllande tekst om kva verdiar som inngår i temaet. Blant verdiane som vert nemnde finn ein m.a. likeverd, verdighet, toleranse, kultur, demokratisk, menneskeretter, mangfoldig, egenart, likestilling, kulturarv, identitet, solidaritet, ansvar, samisk kultur, kritisk refleksjon, oppfinnsomhet, nysgjerrighet, vitebegjær, omsorg, omtanke, kyndighet, frisinn, entusiasme, lagarbeid, fellesskap, modenhet, forståelse, allmenndannelse, miljø, viten, respekt, disiplin, naturen, helse, naturvitenskapelig innsikt, humanistisk innsikt.²⁸⁸

Nokre av desse orda er mogleg ikkje typiske verdiord, men også ord som peikar på viktige dydar og eigenskapar hjå individet, slik som «nysgjerrighet», «entusiasme», og «modenhet». I følgje Øyen kan verdigrunnlaget i den generelle delen av L97 koplast til verdisyn som nasjonalisme, humanisme, kristendom og nyliberalisme – og mindre spor av sosialisme.²⁸⁹

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

Har det visuelle aspektet av den generelle delen av L97 gått på kostnad av vektlegging av befolkning? Dei to nøkkelorda i denne delen av analysen er i alle høve ikkje heilt utelatne av Hernes. I den generelle delen og i prinsipp og retningslinjer er ikkje nøkkelordet *demogr* nemnt, men *befolk* er nytta ved eitt høve i den generelle delen, og ved eit anna i den nemnde *Broen*. Tal kontekstord er gått ned frå 54 til 12 frå M87 til L97, som følgje av at nøkkelordet

²⁸⁵ I dei ulike planane er det noko ulikt kva som inngår i den generelle delen. I L97 har du generell del og prinsipp og retningslinjer for opplæringa i grunnskulen. For KWIC-analysen i denne undersøkinga vert alle nøkkelord og kontekstord før fagplanen rekna som ein del av analysen av den generelle delen.

²⁸⁶ Thuen, 2017, s.183.

²⁸⁷ Engelsen, 2012, s.50.

²⁸⁸ Kirke-, utdannings- og forskingsdepartementet, 1996, s.9-49.

²⁸⁹ Øyen, 2020, s.87.

vert nemnt færre gongar i den generelle delen i L97. Dette medfører at eitt kontekstord frå eller til i ein av kategoriane utgjer 8%. Det er dermed vel så nyttig å sjå nærare på kva kontekstord som er vorte nytta.

Tabell 5.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del og Prinsipper og retningslinjer for opplæringa i grunnskulen L97, jf. vedlegg 3

Plan L97	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Generell del	1	8	1	2	12
Prosent	8%	67%	8%	17%	100%

Vitskaps-og verdiord - krisene

Har planens fokus på kunnskap samt ny generell del ført til dominans av vitskapsord og verdiord? Dei to kategoriane har begge eitt kontekstord kvar, og som tabell 5.2.5 syner står dermed dei kvar for ca. 1/10 av KWIC-konteksten. Av verdiord er det «helse» som vert brukt i konteksten, og «teknologi» som vitskapsordet, jf. vedlegg 3. Som verdiord kan ein sjå på «helse» som eit noko positivt lada uttrykk, og at «teknologi» i vitskapsverda er uttrykk for moglegheiter og utvikling. Ved nærlesing av avsnittet der nøkkelordet vert nytta i den generelle delen, er derimot betra helse og teknologi sett opp som negative bidragsytarar i samanfletta kriser:

Verdenskommisjonen for miljø og utvikling har pekt på de problemer som ligger i sammenflettede kriser - f.eks. i bedret helse og økningen av verdens befolkning; i moderne teknologi med overforbruk av ressurser og skade på liv; i økonomisk vekst som forurensar og ødelegger naturen; i fattigdom og forarming.²⁹⁰

Fordi dei to nøkkelorda er nytta få gongar og det ikkje er brukt fleire kontekstord i desse kategoriane, er det vanskeleg å peike ut vidare tema og kva vektlegging desse kontekstorda peikar på i høve befolkning. Kva med samtidsorda?

Samtidsord – nasjonale områder, minoritetar og kriser

Samtidsorda kan gje eit noko betre grunnlag for tolking. Samtidsorda utgjer den største kategorien med 8 kontekstord, eller totalt 2/3 av kontekstorda. Desse orda handlar i hovudsak om geografiske områder i Norge, «Finnmark» og «Troms» og minoritetar og etnisitetar,

²⁹⁰ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.46.

«kvensk» og «finsk». Dei andre samtidsorda rettar seg i hovudsak mot samtidsutfordringar globalt; «verdens», «overforbruk», «økningen» og «moderne». Nøkkelordet *befolk* finn i den generelle delen stad under *Det miljøbevisste menneske*. Her vert det, som sitatet ovanfor synte, lista opp nokre problem som samansette kriser fører med seg. Blant desse finn ein auke i verdas befolkning. I denne samanheng utpeikar L97 ei gruppe med land som særskild forplikta til å handsama desse krisene. Her vert det fremja at «De utviklede land med høyt utdanningsnivå har et særlig ansvar for å sikre verdens felles framtid».²⁹¹ Men kva betyr det i L97 at dei utvikla landa har eit særskild ansvar? Vil det innebere intervensjonar? Skal dei utvikla landa gripe inn i dei mindre utvikla landa i høve befolkning? Desse spørsmåla svarer ikkje den generelle delen på.

5.2.6 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1 – FAGPLAN

Om fagplanen

Fagplanen i L97 strekkjer seg frå s.87-324, og inneheld m.a. fag som samfunnsfag, heimkunnskap og natur-og miljøfag. Det vert t.d. i samfunnsfag først gjort reie for fagets plass i skulen og strukturen i faget, før hovudmomenta i faget samt måla vert gjevne. Det er ein kombinasjon av små avsnitt om tema og konkrete mål formulerte som setningar, som t.d. «- lære å kjenne historiske minnesmerke og arbeide med fortidsleivningar for å utvikle interesse for historia til heimstaden».²⁹² Korleis har konkrete læreplanmål gjort utslag i framstilling av befolkning i fagplanen?

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

I likskap med den generelle delen er også nøkkelordet *demogr* utelate frå fagplanen, medan nøkkelordet *befolk* er brukt 6 gonger, som betyr at analysen av fagplanen er gjort på 36 KWIC-kontekstord. Tabell 5.2.6 syner frekvens av kontekstord i fagplanen, og vedlegg 2 syner alle kontekstorda i fagplan. Kva fortel kvar kategori av kontekstord om framstilling av befolkning i L97?

²⁹¹ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.46.

²⁹² Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.179.

Tabell 5.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i fagplan L97, jf. vedlegg 2

Plan L97	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Fagplan	1	15	17	3	36
Prosent	3%	42%	47%	8%	100%

Verdiord – kultur, ulikskap og rettar

Verdiorda blant KWIC-konteksten i fagplanen handlar i hovudsak om kultur, minoritet og etnisitet, ulikskap, og rettigheter og samarbeid, og står for 47% av konteksten i fagplanen. Av orda som er brukte er «kulturer» nemnt 3 gonger og «kulturvern» ved eitt høve. «Ulikskap» eller «ulike» er samla nemnde 4 gongar i konteksten, jf. vedlegg 2. Dette vitnar om at det er særskild mangfaldet i befolkninga som vert gjeve plass i fagplanen, med vekt på kulturelle skilnadar, t.d. i mål som «-forholdet mellom ulike kulturer, samene som urbefolkning».²⁹³

I den generelle delen under *Det miljøbevisste menneske* vert det fremja at «Undervisningen må vekke deres tro på at solidarisk handling og felles innsats kan løse de store globale problemene».²⁹⁴ Interessant er det at dette verdisynet ikkje har gjort seg utslag ved å i særleg grad ha fremja konkrete tiltak knyta til dei globale problemstillingar kring befolkning i fagplanen. Ord som «befolkningsreduksjon» eller «familieplanlegging» er ikkje nemnt. I konteksten til nøkkelordet finn ein i staden «hjelparbeid» og «rettane». Inntrykket vert dermed at det er etikk og solidariske handlingar framfør den felles innsatsen i form av intervensjonar og regulering, som får prege framstillinga av befolkning.

Samtidsord og vitskapsord – krig, rettar og demografiske komponentar

Samtidsutfordring i form av «krig» gjer seg gjeldande i fagplanen, og i høve urbefolkning vert kjennskap til «ILOs konvensjon» nemnt, og samtidsorda står for 42% av konteksten. Ser ein dette i samband med verdiorda er det ved begge kategoriane ei vektlegging av kontekstord som eksplisitt eller implisitt kan knytast til krig, undertrykking og rettigheter. Men også i denne planen er storleiken på befolkninga noko elevane skal ha kjennskap til. I eine læreplanmålet i samfunnsfag skal elevane «arbeide med befolkningsspørsmål til dømes storleik, struktur, utvikling, flytting og flukt» samt «Diskutere årsakene til og verknadene av byvoksteren».²⁹⁵ Det er også i denne setninga ein finn vitskapsordet «struktur». Indirekte vert dei demografiske

²⁹³ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.103.

²⁹⁴ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.48.

²⁹⁵ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.187.

komponententane ramsa opp, men utan at dei vitenskaplege termene (t.d. «migrasjon») vert nytta. I staden vert befolkningsspørsmål brukt som ein omfangsrikt omgrep, der ord som struktur og utvikling kan opne for læring om dei konkrete demografiske komponentane, t.d. fertilitet. Utifrå dette læreplanmålet samt dei øvrige kontekstorda, kan ein seie at det i fagplanen altså ikkje er befolkningsstilvekst og befolkningsproblem som skal arbeidast med, men det noko mindre konkrete «befolkningsspørsmål». Kvifor har dei brukt «spørsmål»? Trass i at setninga i seg sjølv ikkje er negativt lada, nører formuleringa opp under ei forlenga framstilling, heilt frå M74 til L97, av befolkning som eit problemområde som reiser spørsmål ein må ta stilling til i samtida. Endring frå «problem» til «spørsmål» synest å vere ein språkleg endring.

Tidsdimensjonane og kontekstens gjengingarar – kultur og ulikskap

Framhevinga av «å markere historisk forankring», som det heiter i den generelle delen,²⁹⁶ kjem ikkje særskild til uttrykk i konteksten til nøkkelordet *befolk* i fagplanen. Utifrå kontekstorda er det ingen kontekstord som eksplisitt gjev uttrykk for fortid eller framtid.²⁹⁷ Ved nærlesing av setningane og avsnitta i sin heilskap der nøkkelordet finn stad, kjem det heller ikkje til uttrykk historisk forankring. Om «befolkningsspørsmål» vert rett nok «utvikling» lista opp som eitt av trekka ved befolkninga som skal undersøkjast. Ei undersøking av utvikling kan opne opp for både historisk-demografiske undersøkingar samt framtidsutsikter, men det vert i røynda overlata til læraren kva perspektiv ein vil vektlegge.

I konteksten er gjengingarane å finne blant verdiorda. Det er kultur(vern)»og ulik(skap) som er mest frekvent. Men det er altså ikkje like tydelege gjengingarar her, som i dei føregåande planane. Dette kan vere eit teikn på ei meir nyansert framstilling av demografi og befolkning. Samstundes kan nedgangen i frekvens av dei to nøkkelorda *demogr* og *befolk* spele inn. Kva kan dei andre nøkkelorda fortelje om framstillinga av befolkning i L97?

5.2.7 KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKEWORD I L97

I del av ein nedgang frå M87 i frekvens av nøkkelord er dei demografiske nøkkelorda nemnde 38 gongar i L97, jf. tabell for L97 i vedlegg 1. Nøkkelordet *befolk* er nemnt 8 gongar. Dei demografisk-vitenskaplege uttrykka *fertil*, *mortal*, *migr* og *demogr* er ikkje nemnde i

²⁹⁶ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.39.

²⁹⁷ T.d. «dagens», «tidene», «før», «fremtidens».

det heile. Om tilvekst i befolkning er nøkkelordet *død* nemnt 10 gongar, og *fød* noko færre, 6 gongar. Blant orda som har med migrasjon å gjere er nøkkelordet *flytt* brukt 8 gongar. Nøkkelordet *utvan* finn stad 3 gongar og det same gjer *innvan*, jf. Tabell for L97 i vedlegg 1.

I L97 er *befolk* nemnt hovudsakleg i samfunnsvitskapeleg samanheng og fem av nemningane er variantar av ordstammen urbefolk*. Nøkkelordet er samansett fleire gongar enten som «befolknings spørsmål» eller «urbefolkning».

Blant dei demografiske omgrepa som har med tilvekst i befolkning, er *fød* nemnt eine og åleine i religionsvitskapeleg kontekst, t.d. i setninga «Jesu fødsel. Jesus som barn i templet og Jesus som velsigner barna».²⁹⁸ På same vis vert også nøkkelordet *død* brukt i religionsvitskapeleg kontekst, men også ved eitt høve nemnt i naturvitskapeleg kontekst, der konsekvensane av menneska sin teknologi og vitskap vert belyst, der «skogdød» er ein av verknadane.²⁹⁹

I matematisk samanheng vert nøkkelordet *flytt* nytta mest, men er i relevant samanheng nemnt tre gongar i samband med samfunnsvitskapeleg tema, slik som: helse, teknologi, bustad, flukt, og flytting, m.a. i læreplanmålet om dei demografiske komponentane, sitert i samtidsord og vitskapsord i analysen av fagplanen. Det neste nøkkelordet om migrasjon er *innvan* og er nemnt tre gongar i samfunnsfagleg samanheng. Ved eitt høve skal elevane gjere seg kjende med utviklingstrekk i det norske samfunnet, deriblant «...den store rolla media har fått, den nye innvandringa, endringane i kjønnsrollene og familiestrukturen...».³⁰⁰ Nøkkelordet *utvan* er nemnt kvar sin eine gong i historiefagleg, samfunnsfagleg og religionsfagleg samanheng. I den samfunnsvitskapelege samanhengen til nøkkelordet er det brukt i forbindelse med helse og klasseforhold. I den historiefaglege samanhengen er utvandringa frå Norge tematisert, i målet «gjere seg kjend med innvandringa til Noreg i vår tid og lære noko om utvandringa frå Noreg i førre hundreåret».³⁰¹ I religionsvitskapeleg samanheng er utvandringa av Egypt og feiring av pesach tematisert.

²⁹⁸ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.95.

²⁹⁹ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.46.

³⁰⁰ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.186.

³⁰¹ Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.180.

5.2.8 Oppsummering – «Befolkningsspørsmål»

I L97 er det urbefolkning som særskild vert framheva, men elevane skal også arbeide med det noko vage omgrepet «befolkningsspørsmål». I den forbindelse er det verdiord som rettigheter og kultur som kompetansemåla vert prega av i tilknytning nøkkelordet *befolk*, og verdiorda er også den største kategorien av kontekstord i fagplanen. Men framleis er befolkningsauke eit tema i læreplanen, og gjer seg gjeldande i den generelle delen. I den generelle delen har dei utvikla landa særskild moralsk ansvar for å sikre framtida, men det er få ord som av den grunn peikar på intervensjonar, regulering og forvaltning i fagplanen.

I handsaming av urbefolkning i læreplanen, er det historisk-demografiske perspektivet noko fråverande, og det er først om fremst samtidas kriser og krig som er ein del av framstillinga av befolkning. Tabell 5.2.8 syner tematisk oppsummering av kontekstorda i L97, og vedlegg 2 og 3 syner alle kontekstorda som er i L97.

L97	Vitskap	Samtid	Verdi
Generell del og prinsipp og retningslinjer for opplæringa i grunnskulen (Broen)	Teknologi	Kriser– globalt Namngjevne nasjonale minoritetar Geografiske områder – regionalt (Nord).	Helse
Fagplan	Struktur (befolkning)	Krig og rettar Urbefolkning Skuleverksemda	Mangfald (ulikskap og kultur) Kulturar – minoritet og etnisitet ³⁰² Hjelparbeid og rettar

Tabell 5.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda L97

Trass i planens orientering kring ulikskap, er dei demografiske nøkkelorda knytt til migrasjon ikkje særskild dominerande i planen. I L97 er nøkkelordet *innvan* hovudsakleg eit samfunnsfagleg omgrep. Nøkkelorda *fød* og *død* å er i stor grad knytt til religion. Trass i L97 sin kunnskapsorientering er det få vitskapsord i konteksten til nøkkelorda *befolk* og *demogr*, samt at dei demografisk-vitskapelege orda, *mortal*, *fertil*, *demogr*, er fråverande. Læreplanen koplår også samtidas innvandring frå utviklingsland til Norge, med utvandringa frå Norge på 1800-talet.

³⁰² Orda «minoritet» og «etniske» vert kategorisert som verdi, medan namngjevne minoritetar er kategorisert som samtidsord, jf. Vedlegg 2 og 3 om Kontekstord i fagplan og overordna del. Vektinga av minoritet og etnisitet kan i større grad ha ein plass i verdigrunnet over fleire planar, medan vekting av konkrete minoritetar kan endre seg etter kva fokus dei ulike gruppene får i samtida.

6. LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET 2006

6.1 Innleiing

Det nye Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006 skulle by på endringar i fagplanane, men framhald av den generelle delen frå 1997, som nemnd i delkapittel 3.1.2. Vektlegging av kunnskap skulle også halde fram – til og med forsterka, slik også namnet på planen – Kunnskapsløftet - gjev tydeleg melding om. Om LK06 ber namnet sitt «Kunnskapsløftet» i framstillinga av befolkning og demografi i form av større vektlegging og meir vitskapsord, vert spørsmål for KWIC-analysen. Først - kva utviklingstrekk i samfunnet var som kravde eit kunnskapsløft?

6.2 Analyse av LK06

6.2.1 Den mangfaldige befolkninga i kunnskapssamfunnet

I likskap med store delar av verda, gjekk Norge i år 2000 eit kunnskapsdrive millenium i møte. I st.meld.nr.30 (2003-2004) *Kultur for læring*, får *kunnskap* følgje av *mangfald* som dei to mest sentrale karakteristikkane for samfunnsutviklinga.³⁰³ Utviklinga blei teikna opp som ein overgang frå eit industrisamfunn til eit kunnskapssamfunn. Dette kravde endringar også i skulen, fordi det no blei slått fast at «De viktigste innsatsfaktorene i arbeidslivet er ikke lenger kapital, bygninger eller utstyr, men menneskene selv».³⁰⁴ Om innsatsen no skulle rettast mot menneska, blei skule og utdanning eit naturleg siktemål. Menneska som utgjorde den norske befolkninga blei karakterisert som samansette, og den auka nettoinnvandringa skjedde frå alle kontinenta. Dette medførte at det det både var dei nye – og tradisjonelle etniske minoritetane som skulle innlemmast i eit «homogent kulturfellesskap».³⁰⁵ Det var kompetanse for å navigere kunnskapssamfunnet som LK06 skulle fostre i den mangfaldige elevgruppa.

³⁰³ St.meld.nr.30, (2003-2004), s.23.

³⁰⁴ St.meld.nr.30, (2003-2004), s.23.

³⁰⁵ St.meld.nr.30, (2003-2004), s.23-24.

6.2.2 LK06 - Kunnskapsløftet

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006 (LK06) er del av utdanningsreforma, Kunnskapsløftet. Dette er ein kompetanseorientert læreplan, der elevane etter gjevne årstrinn skal ha tileigna seg kunnskapar og dugleikar som er formulerte i kompetansemål for dei ulike faga.³⁰⁶ Denne orienteringa medfører ei retting mot vurdering og resultat av læringa som føregår hjå den einskilde elev i den norske skule.³⁰⁷ Fordi denne læreplanen ikkje er like innhaldsretta, er den også «...i mindre grad enn før konsentrert om bestemte temaer og arbeidsformer».³⁰⁸ Planen består av generell del, prinsipp for opplæring, fagplanar og fag- og timefordeling.

I LK06 får lærarane noko meir fridom enn i L97, men på eit anna vis enn i M74 og M87. Fridomen kjem m.a. av skilnaden i orientering kring innhald (L97) kontra kompetanse (LK06). Dette inneber at lærarane i større grad står fritt til å velje både innhald og arbeidsmåtar, så lenge dei kan grunngjevast i kompetansemåla.³⁰⁹ Sjølv om LK06 og L97 på dette viset skil seg frå kvarandre kring innhaldsstyring og målformuleringar i fagplanane, så beholdt LK06 same generell del som det L97 hadde. I St.meld. nr.30 (2003-2004) vert vidareføringa grunngjeve med at høyringsinstansane generelt meiner at «...verdigrunlaget og de overordnende målene er formulert på en god måte og at disse må forsterkes i nye læreplaner».³¹⁰

6.2.3 Politisk prosess – PISA-sjokket

I St.meld.nr.30 (2004-2004) la Bondevik II-regjeringa fram den nye skulereforma, kjent som Kunnskapsløftet, i følgje Aasen mfl. Kvalitetsutvalget hadde i to NOU-ar lagt fram sine innstillingar til den nye reforma, som la noko av grunnlaget for regjeringa sitt arbeid med reforma – riktig nok framleis med klare avtrykk etter regjeringas eigne formuleringar og målsetningar.³¹¹ Elevar i norsk skule hadde før utarbeidinga av LK06 ikkje gjort det så godt som myndigheitene ynskte ved fleire store internasjonale undersøkingar, deriblant PISA, Programme for International Student Assessment.³¹² Dette resulterte i eit «...sterkere utdanningspolitisk trykk på det som skulle læres», i form av den allereie nemnde vektlegginga

³⁰⁶ St.meld.nr. 28, (2015-2016), s.10.

³⁰⁷ Sivesind, 2013, s.375.

³⁰⁸ Sivesind, 2013, s.376.

³⁰⁹ Engelsen, 2012, s.27.

³¹⁰ St.meld.nr. 30, (2003-2004), s.30.

³¹¹ Aasen mfl., 2012, s.58.

³¹² Engelsen, 2012, s.22.

av grunnleggjande dugleikar og kompetansemål som elevar skal kunne vurderast etter.³¹³ Denne bekymringa for kunnskapsnivået til norske elevar var ei av fleire årsaker til at det ein politisk meinte det trongst ei ny reform i skulen. I st.meld.nr.30 (2003-2004) finn ein også endring frå industrisamfunn til kunnskapssamfunn - samt endra arbeidsliv òg det stadig vaksande mangfaldet i samfunnet – som særskilde faktorar for endring av læreplanverket for å følgje desse utviklingstrekk i samfunnet.³¹⁴ I følgje Aasen mfl. kan regjeringa si grunngeving i Norge som eit meir pluralistisk samfunn med stort mangfald, vitne om «...en kritikk av 90-tallsreformene i grunnopplæringen der ambisjonene om å styrke et fellesskapsfundament i det norske samfunnet var framtreddene».³¹⁵

Det var i følgje Aasen mfl. Bondevik II regjeringa med utdannings-og forskingsminister Kristin Clemet, som stod føre eit systemskiftet kjenneteikna ved desentralisert ansvar i form av meir fridom og ansvar til kvar einskild skule. Styring gjennom resultat av opplæring og innføring av nasjonale prøver blei oppretta for å sikre kvaliteten i skulen med den nye desentraliserte styringa. Denne måten staten styrer skulane på gjennom kompetansemål blei vidareført med Stoltenberg II-regjeringa frå 2005, men med noko mindre resultatstyring gjennom færre prøver.³¹⁶

6.2.4 Kva karakteriserte planen?

I opplæringslova finn ein føremålet med opplæringa, som er verdigrunnlaget i den norske skule og som vert konkretisert gjennom den generelle delen av læreplanen.³¹⁷ Føremålet blei ståande slik det var med innføringa av LK06,³¹⁸ og den generelle delen frå 1997 blei behalde.

Dale hevdar at den vidareførte generelle delen frå L97 ikkje eigentleg har eit kunnskapssyn som samsvarar med Kunnskapsløftets innretting mot det nye kunnskapssamfunnet. I staden for hevdar han at den generelle delen opprettheld ein måte å tenke kunnskap på som kan skape eit skilje mellom teoretisk og praktisk kunnskap og fag – ein tradisjon som høyrer industrisamfunnet til.³¹⁹ Han skisserer tre former for kunnskap som den generelle delen framhev. Desse er «praktisk virke og læring gjennom erfaring», «vår kulturelle tradisjon», og

³¹³ Sivesind, 2013, s.374.

³¹⁴ St.meld.nr.30, (2003-2004), Innledning.

³¹⁵ Aasen, mfl., 2012, s.59.

³¹⁶ Aasen, mfl., 2012, s.60-61.

³¹⁷ Dale, 2010, s.99.

³¹⁸ Dale, 2010, s.99.

³¹⁹ Dale, 2010, s.111.

«teoretisk utvikling».³²⁰ Den første handlar i større grad om kunnskap tileigna gjennom praktisk utføring, medan den siste i større grad handlar om «...kunnskap som er prøvd ved logikk og erfaring, fakta og forskning».³²¹ Kulturell tradisjon er ein form for samanbinding mellom det praktiske og det menneskelege, og elevar må få skape sjølve. Den generelle delen forsøker å framheve at det er ein symbiose av desse tre som møter elevane ute i arbeidslivet.³²²

6.2.5 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN GENERELLE DELEN

Om verdigrunnlaget og generell del

Den generelle delen av LK06 er på om lag 20 sider, og fordi det er same generell del som i L97, er også denne inndelt i dei allereie nemnte seks sidene av menneske som i L97, som samla utgjør det integrerte menneske. Det er difor også dei same verdiane som i L97. Før fagplanane finn ein *Prinsipper for opplæringen*, samt *Fag-og timestfordeling i grunnopplæringen*, og samla utgjør desse delane 37 sider.³²³ Den generelle delen i LK06 går over færre side enn L97 fordi alle bileta frå L97 er fjerna.

Øyen konkluderer med at LK06 i sin heilskap har eit nyliberalistisk verdisyn, der det viktigaste er kompetansen elevane tileignar seg. Vidareføringa av L97 sitt verdigrunnlag, meiner han viser at «...skolen på verdinivå ikke var så interessant for de avgjørende aktørene, strukturene og systemene».³²⁴ Kan dette ha resultert i få verdiord og fleire vitskapsord i LK06?

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

I den generelle delen av LK06 er nøkkelordet *befolk* nemnt ved eitt høve, medan *demogr* er utelate. Setninga det er nemnt i er formuleringa frå L97 der den generelle delen viser til verdenskommisjonen si utpeiking av m.a. bedra helse, auke i verdas befolkning, moderne teknologi som faktorar i komplekse kriser verda står ovanfor.³²⁵ Setninga med nøkkelordet frå prinsippa for opplæringa som var i L97, er ikkje med i LK06. Denne delen er dermed endra frå L97.

³²⁰ Dale, 2010, s.108-109.

³²¹ Dale, 2010, s.109.

³²² Dale, 2010, s.109.

³²³ Alle treff for nøkkelorda før fagplanen vil inngå i analysen av den generelle delen.

³²⁴ Øyen, 2020, s.87.

³²⁵ Sitatet frå læreplanen er gjengjeve i handsaming av vitskaps-og verdiord i den generelle delen av L97 i kapittel 5.

Plan LK06	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Generell del	1	4	1	0	6
Prosent	17%	67%	17%	0%	100% (101)

Tabell 6.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i generell del av LK06, jf. Vedlegg 3

Tabell 6.2.5 syner frekvens av kvar kategori KWIC-kontekstord. Vitskapsordet er «teknologi» og verdiordet er «helse». Samtidsorda er «økningen», «verdens», «moderne» og «overforbruk». Det er altså samtidsord som utgjer størst prosentdel, men fordi nøkkelordet er nemnt ein gong er det også få kontekstord, og desse er verte gjennomgått i kapittel 5. Det kan difor vere at fagplanen kan gje betre innsikt i kontekstorda i framstilling av befolkning i LK06.

6.2.6 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANEN

Er dei demografiske nøkkelorda *befolk* og *demogr* brukt fleire gongar i fagplanen? Det er berre *befolk* som finst i læreplanen for grunnskule og ungdomsskule, og er nemnt 4 gongar.³²⁶ Dette inneber at tabell 6.2.6 over frekvens av kvar kategori er basert på 24 kontekstord.

Plan LK06	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Fagplan	2	13	4	5	24
Prosent	8%	54%	17%	21%	100%

Tabell 6.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* i fagplan i LK06, jf. Vedlegg 2

Verdiord - verdispørsmål, individ og fellesskap

I fagplanen er det 4 verdiord og dei utgjer 17% av KWIC-konteksten til nøkkelordet *befolk*. Verdiorda kan knytast til høvesvis to tematikkar. Uttrykket «verdispørsmål» finn m.a. stad, og vert brukt i kompetansemålet «drøfte noen verdispørsmål som den samiske urbefolkningen er opptatt av i vår tid» etter 7.trinn for Kristendoms-, Religions-, og Livssynskunnskap.³²⁷ Fordi det her er brukt formuleringa «verdispørsmål» legg ikkje planen føring for kva tematikk som skal fremjast, men kva tematikk den samiske urbefolkninga sjølve vektlegg.

³²⁶ I det samla læreplanverket for 2006 er dei vidaregåande fagplanane integrerte i planen. Sidan VGS ikkje er ein del av fagplanane i dei andre planane, har desse funna for denne undersøkinga vorte luka ut av KWIC-analysen, for å få eit nokolunde likt samanlikningsgrunnlag med dei andre læreplanane.

³²⁷ Kunnskapsdepartementet, 2006, s.77.

Blant dei andre verdiorda finn ein «gode», «individuelle» og «samtale». Desse verdiorda er noko meir generelle og famnar ikkje like tydeleg om eit særskild tema, men kan seiast å inngå i stimulering av individet i samspel med fellesskapet gjennom samtale.

Samtidsord og vitskapsord – sosioøkonomiske forhold og demografiske komponentar

Samtidsorda i fagplanen belyser i hovudsak to forhold ved befolkninga. Nokre av samtidsorda peikar på vanar og skilnadar i befolkninga. Samtidsord som «helseskilnadar», «matvanane», «helsevaner» gjev inntrykk av at fagplanane har ein utforskande framstilling av sosioøkonomiske forhold i befolkninga, som ikkje nødvendigvis har utgangspunkt i dei demografiske komponentane. Desse kontekstorda finn stad i fagplanen for Mat og helse, som ein del av skildringa av føremålet med faget.³²⁸

I kompetansemål etter 10.trinn under tema Geografi i Samfunnsfag, er dei demografiske forholda i befolkninga tematisert. I eine målet skal dei demografiske komponentane handsamast og elevane skal kunne «gjere greie for storleik, struktur og vekst i befolkningar og drøfte befolkningsutvikling og flytting i nyare tid, inkludert urbanisering».³²⁹ Vitskapsord er ikkje særskild markante i KWIC-konteksten i fagplanen, men det er i denne setninga vitskapsordet «struktur» finn stad. Eit interessant grep i kompetansemålet er at nøkkelordet *befolk* står i fleirtal. I motsetnad til dei pessimistiske formuleringane knytt til framstilling av verdas befolkning i M74, opnar fleirtalsformuleringa av befolkning i LK06 for ei at det også finnast forskjellige utviklingstrekk i høve dei demografiske komponentane for ulike befolkningar (sjå vedlegg 2 for alle kontekstorda i fagplanen for LK06).

Tidsdimensjonane - samtida

Frå kompetansemålet som blei belyst under samtidsord og vitskapsord, kjem det fram at det er dei demografiske komponentane (t.d. migrasjon) i «nyare tid» som skal gjerast greie for. I kompetansemålet som er vorte beskrive under verdiord, er det verdispørsmål «i vår tid», som skal drøftast. Fagplanen verkar slik til å ha ei samtidsorientering når det kjem til handsaming av befolkning i kompetansemåla. Sidan den generelle delen er vidareført i LK06, er også

³²⁸ Kunnskapsdepartementet, 2006, s.145.

³²⁹ Kunnskapsdepartementet, 2006, s.124. Det er to nøkkelord i setninga, «befolkningar» og «befolkningsutvikling», og dei verkar som kontekstord for kvarandre.

framhevinga av historisk forankring å finne i verdigrunnlaget i LK06 slik som i L97, men kjem ikkje til uttrykk i framstillinga av befolkning og demografi i sjølve fagplan-delen.

Kontekstens gjengangarar

I motsetnad til M74 og M87 er det ikkje noko kontekstord som skil seg ut med fleire nemningar. For fagplanen i LK06 er det dermed ingen tydelege gjengangarar. Dette vitnar truleg om ei meir nyansert framstilling av befolkning og demografi. Samstundes er ikkje nøkkelordet *befolk* nemnt mange gongar i LK06, og dette kan også ha konsekvensar for kor hyppige kontekstorda er.

6.2.7 KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKELORD I LK06

I både den generelle delen og fagplanen for grunnskulen er altså nøkkelordet *befolk* nemnt, men kva med dei andre nøkkelorda? Nøkkelordet *befolk* er nemnt 5 gongar samla i LK06 for grunnskulen, og er distribuert mellom geografifagleg, religionsvitskapeleg og samfunnsvitskapeleg samanheng. Det vitskapeleg nøkkelordet *demogr* er ikkje nemnt i planen for grunnskule, og det er heller ikkje dei tre vitskapelege nøkkelorda *mortal*, *fertil* og *migr*. Dei øvrige demografiske nøkkelorda er nemnde 15 gongar i LK06 for grunnskulen, jf. Tabell for LK06 i vedlegg 1. Av nøkkelord som har med migrasjon å gjere finn heller ikkje *utvan* og *invan* stad i læreplanen for grunnskule, men *flytt* er nemnt 4 gongar. Dei to nøkkelorda *fød* og *død* er begge nemnde 3 gongar.³³⁰

Blant nøkkelorda som har med tilvekst i befolkning å gjere, er *fød* og *død* begge nemnt i forskjellige fag. I naturvitskapeleg samanheng om artar, samt ved eitt høve i religionsvitskapeleg samanheng om læra om liv og død er nøkkelordet *død* brukt. *Fød* er ved to høve samansett til medfødd, t.d. i kompetansemålet «forklare kvifor kultur ikkje er medfødd og gjere greie for og analysere kulturelle variasjonar»³³¹ og i den naturvitskapelege samanhengen finn ein t.d. kontekstorda «kroppen», «fosterutvikling» og «livsstil».

I høve orda som har med migrasjon er det altså berre nøkkelordet *flytt* som vert brukt i planen. Det er brukt flest gongar i samfunnsvitskapeleg samanheng, og som ein har sett av analysen av

³³⁰ Strukturen i LK06 er slik at ein har kompetansemål t.d. etter 4.trinn, etter 10.trinn, og etter vidaregåande. Dette gjer at vidaregåande ikkje er avgrensa til eigen del, men er inkorporert på ein slik måte i læreplanverket, at eg har manuelt fjerna treff for vidaregåande skule.

³³¹ Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 124.

fagplanen vert omgrepet «flytting» nemnt i eit kompetansemål der dei demografiske komponentane lista. Omgrepet vert også brukt i den generelle delen der det vert fremja korleis geografien i landet ikkje skal vere til hinder for felles språk og utveksling av tradisjonar fordi «Da blir det også lettere for elever som skifter bosted å finne feste på nytt, fordi flytting blir en bevegelse innenfor et kjent fellesskap.»³³² Det vert slik knytt både til verdigrunnet og fellesskap, men også som fagleg omgrep i demografisk samanheng i fagplanen.

6.2.8 Oppsummering – «Befolkningar»

I LK06 vert både dei sosioøkonomiske forholda i befolkninga, samt dei demografiske komponentane omtalte i kompetansemåla. Vekst og utvikling er også i LK06 ein del av forholda elevane skal kunne ha kjennskap til, men i motsetnad til M74 er det ikkje jordas befolkning som desse forholda er knytt til. Planen inviterer til å undersøkje desse tilhøva i ulike befolkningar.

Men det er i hovudsak befolkningar og urbefolkning i samtida elevane skal ha kjennskap til. Dei samanfletta krisene i den generelle delen, deriblant auke i verdas befolkning, er også vorte vidareført i den generelle delen i LK06. Samtidsorienteringa gjer seg også gjeldande ved at samtidsord utgjer størsteparten av KWIC-konteksten, samt at direkte uttrykk for tid også peikar på ei samtidsorientering. Vitskapsord utmerkar seg ikkje i konteksten, og verdiorda er varierte. Tabell 6.2.8 syner tematikken for dei ulike kategoriane av kontekstord i stikkordsform (sjå vedlegg 2 og 3 for alle kontekstorda i fagplan og generell del av LK06).

LK06	Vitskap	Samtid	Verdi
Generell del	Teknologi	Samtidsutfordringar – globalt	Helse
Fagplan	Befolkningsstruktur	Dei demografiske komponentane Sosioøkonomiske forhold	Individ og fellesskap Verdispørsmål

Tabell 6.2.8 Tematisk oppsummering av tema kontekstorda i LK06

³³² Kunnskapsdepartementet, 2006, s.15.

Dei demografiske vitskapsorda uteblir også i LK06, slik som t.d. *demogr* og *mortal*. I høve tilvekst i befolkning er *flytt*, *død* og *fød* dei einaste nøkkelorda som finst i planen. Det er dermed fleire av dei demografiske nøkkelorda som manglar heilt i LK06.

7. LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET 2020

7.1 Innleiing

Den siste norske læreplanen i denne analysen er LK20, og som er det gjeldande læreplanverket. I delkapittel 3.1. blei det skissert nokre utviklingslinjer for læreplanenes generell del og fagplan. Det kom fram at LK20 har mindre detaljstyrte fagplanar, men at læreplanen i sin heilskap skal vere meir resultatorienterte. Sidan det er gått 14 år frå LK06 til LK20 kan det liggje andre føresetnader bak ideane og utarbeidinga av den nye læreplanen. I kva grad viser KWIC-analysen endringar frå tidelegare planar?

7.2 Analyse av LK20

Ludvigsen-utvalet var ein viktig bakgrunn for planen, jf. 1.1. Kva skildrar Ludvigsen-utvalet som dei viktigaste trekka ved dagens samfunn?

7.2.1 Eit samfunn i endring – moglegheiter og utfordringar

I Ludvigsen-utvalet sin NOU *Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser* frå 2015, blir det utreia fornying av fag og kompetansar som skulle resultere i det nye læreplanverket for 2020.³³³ I det eine avsnittet kalla *Sentrale trekk ved samfunnsutviklingen* peikar utvalet på faktorar som pregar og som vil prege samfunnet i framtida. Her vert m.a. globalisering, klimaendringar, konfliktnivået i verda, og den rasande teknologiutviklinga trekt fram. I høve befolkninga vert det trekt fram endringar i samansetjing som ein konsekvens av auka migrasjon som følgje av fleire klimaflyktningar, samt auka urbanisering i Norge.³³⁴ Det vert dessutan sett opp ein kontrast mellom tilstanden i Norge kontra verda, der ein i det norske samfunnet har velutbygd demokrati og velferdsordningar, men «Samtidig er Norge en del av en verden som preges av store utfordringer».³³⁵ Oppsummert skriv utvalet at «...samfunnet fremover vil preges av raske endringer, teknologi- og kunnskapsutvikling, mangfold, kompleksitet, store samfunnsutfordringer og utviklingsmuligheter».³³⁶ Det er altså desse trekka ved samfunnsutviklinga det nye Læreplanverket for 2020 skal utruste dagens elevar til å møte.

³³³ NOU 2015:8.

³³⁴ NOU 2015:8, s.19.

³³⁵ NOU 2015:8, s.19.

³³⁶ NOU 2015:8, s.20.

7.2.2 LK20 – vidareføring av Kunnskapsløftet

Ei orientering kring kompetansemål frå første læreplan i Kunnskapsløftet, LK06, har vorte vidareført i LK20. Som tidelegare beskrive er dette ei utviklingslinje frå den innhaldsstyrte læreplan (L97), til i større grad kompetanseprega planar (LK06 og LK20). Dreining frå innhald til kompetanse er ikkje særnorsk, men ein internasjonal trend i læreplanar, som botnar i argumentasjon om at samfunnet i dag krev meir kunnskap for utvikling av landets ressursar,³³⁷ men også at det er «...avgjørende for enkeltmenneskets selvrealisering».³³⁸ Trass i at heving av kunnskap og kompetanse i den norske skule er av klår ambisjon hjå Solberg-regjeringa, som sat i gong arbeidet med læreplanen, har LK20 fått færre kompetansemål enn det LK06 har for å rette fokuset mot djupnelæring.³³⁹

7.2.3 Politisk prosess – ny generell del

Kunnskapsdepartementet leverte St.meld. (28 2015-2016), der regjeringa la fram forslag til fornying av læreplanen.³⁴⁰ Innleiingsvis vert ambisjonane om «...Norge som kunnskapsnasjon», slått fast av Solbergs regjering.³⁴¹ Dette inneber at arbeidet med LK20 er ei ikkje berre er ei fornying, men også ei forlenging av Kunnskapsløftet. Her vert det også førelagt at regjeringa ikkje berre ynskjer ein ny læreplan i form av nye fagplanar, men også å fornye den generelle delen av læreplanen, som hadde fått stå i fred i norske læreplanar sidan den generelle delen frå 1993. Den skulle no heite overordna og saman med dei andre delane av læreplanen har delen status som forskrift, og måtte ut på høyring for Stortinget før den endeleg kunne fastsettast.³⁴² Med forskrift fekk planen status som lov og er dermed bindande både for borgarane og styresmaktene.³⁴³

I stortingsmeldinga går det fram grunngjeving for kvifor regjeringa ynskjer å fornye læreplanverket.³⁴⁴ Det vert peika på eit behov for ein betre samanheng i læreplanen, mellom den generelle delen av læreplanen og dei ulike fagplanane, som ein følgje av at delane er komne til på ulike tidspunkt. Dette skal følgjeleg medverke til at «...skolens verdigrunnlag og brede

³³⁷ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.43.

³³⁸ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.44.

³³⁹ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.117.

³⁴⁰ St.meld.nr. 28 (2015-2016).

³⁴¹ St.meld.nr. 28, (2015:2016), s.5.

³⁴² St.meld.nr. 28, (2015-2016), s.66.

³⁴³ Bernt & Boe, 2021.

³⁴⁴ St.meld.nr.28 (2015-2016).

formål får større betydning i skolens praksis».³⁴⁵ Vidare vert det beskrive at regjeringa ynskjer å få inn klare tverrfaglege tema, og dei «...må være knyttet til samfunnsutfordringer som er aktuelle over tid, være overordnende og reflektere innholdet i formålsparagrafen».³⁴⁶ Ambisjonane frå politisk hald var at LK20 skulle vere eit realløft for skulen,³⁴⁷ og fornying av den overordna delen blei ikkje berre eit reiskap for - men også sjølv utgangspunktet for verdiløftet også i dei andre delane av læreplanen.³⁴⁸

7.2.4 Kva kjenneteiknar læreplanen?

I ein rapport har Karseth, Kvamme og Ottesen, mellom anna undersøkt kompetansemåla i LK20 – eit særmerke ved begge planane i Kunnskapsløftet. I rapporten går det fram at kompetansemåla i LK20 er formulerte meir generelt, men at ein finn fleire kompetansemål med fleire verb enn i LK06. Dei finn også at kompetansemåla er mindre innhaldsstyrande for undervisninga, og faginnhald vert i større grad overlata til læraren.³⁴⁹

Rapporten tek føre seg eine hypotesa for påverknad på framstilling av befolkning og demografi, som er gjort reie for i denne analyse; nemleg vitkapsorienteringa i læreplanen. Her peikar dei på at kompetansemål kan medføre at «...kompetanseorientering utfordrer den tradisjonelle læreplanens omdreiningspunkt, nemlig skolefagenes kunnskapsmessige forankring i vitenskapsfaget».³⁵⁰ Dette fordi kompetanseorienteringa kan dempe fokuset på kunnskap i skulen. Vidare vert kompetansebasert læreplanlogikk beskrive som ei bekymring som er delt av fleire, deriblant utdanningssosiologane Young & Muller.³⁵¹

Young & Muller hevdar at ei sterk sosialisert forståing av kunnskap, som det kompetanseorientering i læreplanar representerer med redusert kunnskapsretting, kan føre til at grensene mellom vitkapsfaget, kunnskap i skulen og den allmenne kvardagskunnskapen vert utviska, noko som i verste fall kan resultere manglande evne til å forstå verdien av ekspertkunnskap.³⁵² Dette skriv dei allereie kan sporast hjå unge i Europa, og utpeikar paradokset der «...we deride specialised knowledge and knowers even as our lives are even

³⁴⁵ St.meld.nr. 28, (2015-2016), s.7.

³⁴⁶ St.meld.nr.28, (2015-2016), s.7.

³⁴⁷ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.13.

³⁴⁸ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.135.

³⁴⁹ Karseth, Kvamme & Ottesesen, 2020, s.122.

³⁵⁰ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.43.

³⁵¹ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.45-46.

³⁵² Young & Muller, 2010, s.18.

more dependent upon them”.³⁵³ I følgje rapporten til Karseth, Kvamme & Ottesen meiner rett nok fleire at denne kritikken er overdriven. Dei meiner å finne at skulefaga framleis har sin «...selvstendige strukturer ved siden av hverandre»,³⁵⁴ men samanhengen mellom dei vert skapa ved at dei tverrfaglege emna og dei sentrale verdiane vert nemnte på nytt og konkretiserte for kvart fag.

I st.meld.nr.28 (2015-2016) vert skilnaden mellom verdier og kompetanse definert som at verdier primært handlar om danning og utvikling over tid medan kompetanse i større grad dreier seg om at «...elevanes faglige læringsutbytte og opplæringen i fagene bidrar både til å gi kunnskap om, praktisere, konkretisere og begrunne verdigrunnlaget, og til å ivareta opplæringens brede formål». ³⁵⁵ Likevel vert det påpeika at verdiar og kompetanse er nær tilknytt kvarandre, og at verdiar på sett og vis har ein samanbindande funksjon gjennom dei ulike delane av LK20 og ikkje berre i den overordna delen.³⁵⁶

Forskingslitteraturen har også undersøkt arbeidet bak LK20. I følgje Sæle er det ulike historiske forteljingar i Ludvigsen-utvalet sitt arbeid med utreiinga om framtidens skule: samordningsforteljing, nedgangsforteljing og ei deterministisk omstillingsforteljing.³⁵⁷ Han identifiserer ei nedgangsforteljing i utvalet si utreiing, der skulefaga har bevegde seg frå ein ideell tilstand med klår konsentrasjon kring kjernekunnskap, til i nyare tid ha vorte for omfangsrike og for vidtgåande for sitt eige beste.³⁵⁸ Om utvikling av kompetanse skal vere gjennomgåande i elevanes skuleløp, meiner utvalet at skulefag som famnar for breidt er til hinder for dette.³⁵⁹ Fokuset på djupnelæring fører med seg at det til skilnad frå L97, ikkje er innhaldet, men dei metodane og tenkjemåtane som har tilhøyrse i dei særskilde faga, som skal prege fagets utfolding i skulen.³⁶⁰

Ei anna forteljinga omtalar Sæle som ei deterministisk omstillingsforteljing, der samfunnsutviklinga har hovudrolla. Han peikar på korleis utvalet bruker historia til å vise korleis menneske, med stort hell, alltid har tilpassa seg det nye og ukjende – ei førestilling som verkar å redusere menneske til passive passasjerar på utviklingas skute.³⁶¹ Her gjeld det å

³⁵³ Young & Muller, 2010, s.21.

³⁵⁴ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.134.

³⁵⁵ St.meld.nr.28, (2015-2016), s.21.

³⁵⁶ St.meld.nr.28 (2015-2016), s.21.

³⁵⁷ Sæle, 2017.

³⁵⁸ Sæle, 2017, s.188.

³⁵⁹ Sæle, 2017, s.188-189.

³⁶⁰ Sæle, 2017, s.185.

³⁶¹ Sæle, 2017, s.190-191.

omfamne utviklinga i samfunnet, og dette vert oppgåva for det nye læreplanverket. Men utvalet si utreiing av samfunnsutviklinga er alvorstyngta. Eit raskt tempo, m.a. som følgje av teknologiutvikling og globalisering, kan få alvorlege følgjer om ein ikkje evnar å tilpasse seg.³⁶² I eit notat frå utarbeidinga kjem det også fram åtvaringar om befolkningsvekst i Afrika, og Sæle skriv at vi i Norge som konsekvens av dette «Også demografisk er truet...».³⁶³

I delutredninga frå 2014 kan ein finne påstanden «Befolkningsvekst er et av de mest dominerende globale utviklingstrekkene».³⁶⁴ Påstanden finn stad under overskrifta *Demografi og mangfold*, under delkapittel om utviklingstrekk i samfunnet. Her vert dei demografiske konsekvensane knytt til befolkningsvekst tematisert. Blant anna vert urbanisering, høgare levealders betydning for arbeidslivet, samt opplevinga immigrantar har av å vere «de andre» i det norske samfunn som følgje av migrasjon og mangfald, utpeikte som plausible utfall av veksten.³⁶⁵ Altså verkar det som dei ved eitt høve i prosessen, har vendt attende til bruken av omgrepet befolkningsvekst frå M74 og M87 med tilknytt negativ konnotasjon - fungerande som åtvaring mot den demografiske utviklinga.

Om det er ei noko passiv tilpassing som er svaret på samfunnsutviklinga i LK20, kan dette resulterer i færre ord som har med regulering og tiltak å gjere i høve befolkning og demografi. Det kan altså vere at læreplanen si framstilling ikkje handlar om korleis vi kan bremse befolkningsveksten, slik som enkelte av dei føregåande planane, men korleis vi kan tilpasse oss befolkningsveksten. Samstundes kan mindre detaljert plan medføre at konkrete tema som befolkning og demografi er tematisert i liten grad. Korleis er befolkning og demografi framstilt i ein kompetansebasert læreplan?

7.2.5 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: DEN OVERORDNA DELEN

Den overordna delen i LK20 er på om lag 16 sider og er inndelt i formålet med opplæringa, opplæringens verdigrunnlag, prinsipper for læring, utvikling og danning, prinsipper for skolens praksis. Opplæringas verdigrunnlag er delt inn i dei seks kategoriane menneskeverdet, identitet og kulturelt mangfold, kritisk tenkning og etisk bevissthet, skaperglede, engasjement og utforskertrang, respekt for naturen og miljøbevissthet. demokrati og medvirkning. Blant ord

³⁶² Sæle, 2017, s.193-195.

³⁶³ Sæle, 2017, s.194. Sæle viser til Utkast til delutredning 12. mai 2014, kapittel 8 og 9. I følgje Sæle er desse demografiske påstandane om Afrika vorte fjerna, og er verken del av NOU-ane frå 2014 eller 2015.

³⁶⁴ NOU 2014:7, s.115.

³⁶⁵ NOU 2014:7, s.115.

som er nemnde i verdigrunnlaget finn ein m..a. demokrati, ukrenkelighet, omsorg, rettstaten, menneskerettighetene, likeverd, likestilling, ulikheter, identitet, solidaritet, tilgivelse, kulturarv, nasjonale minoriteter, samhold, refleksjon, ansvarlig, nysgjerrig, kritisk tenking, kreative, innovasjon, miljøbevissthet, globale, fellesskap, urfolkperspektiver, mangfold og samfunnsborger.³⁶⁶

I St.meld.nr.28 (2015-2016) vert det vektlagt at verdigrunnlaget skal vere tufta på eit sett felles verdiar, trass bakgrunn, religion og livssyn og desse verdiane finn ein i føremålsparagrafen.³⁶⁷

Øyen hevdar at det er brei politisk einigheit om verdigrunnlaget i LK20, og at verdiane i planen er prega av humanisme, sosialisme, nyliberalisme og kristendom – altså ei samansmelting av verdiane frå alle dei føregåande planane.³⁶⁸

KWIC: KEYWORD IN CONTEXT

Kan vektlegging av kompetanse, metodar og arbeidsmåtar ha påverka framstilling av befolkning og demografi i den overordna delen? I motsetnad til dei føregåande planane er i alle høve det vitskapelege nøkkelordet *demogr* å finne ved eitt høve i den overordna delen, samt at *befolk* er nemnt to gongar. Sjå vedlegg 3 for alle kontekstorda i overordna del i LK20.

Plan LK20	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Generell/overordna	0	5	10	3	18
Prosent	0	28%	56%	17%	100% (101)

Tabell 7.2.5 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *befolk* og *demogr* i overordna del LK20, jf. Vedlegg 3

Verdiord – moglegheiter og kulturell berikelse

Fleire av kontekstorda til nøkkelorda er direkte knytt til verdiane som vert beskrive i verdigrunnlaget, og verdiorda utgjer størstedel av KWIC-konteksten med om lag halvparten av kontekstorda, jf. Tabell 7.2.5. Av kontekstord dreier dette seg om m.a. om «kulturtradisjon», «demokratisk», «rettigheter», «utdanning» og «likestilling». Eitt av verdiorda kan seiast å oppsummere det fleire av verdiorda knytt til *befolk* handlar om: «muligheter». Den

³⁶⁶ Saabye, 2019, s.8-12.

³⁶⁷ St.meld.nr.28, (2015-2016), s.20.

³⁶⁸ Øyen, 2020, s.88.

overordna delen framhev dei like moglegheitene og rettane alle i befolkninga i utgangspunktet skal ha, trass i - eller kanskje fordi «...befolkningen er mer sammensatt enn noen gang».³⁶⁹

I tillegg til det som kjenneteiknar likskapar i befolkninga, vert også ulikskapar i form av kultur trekte fram i verdigrunnlaget. Nøkkelordet *befolk* finn ved eitt høve stad under tema *Identitet og kulturelt mangfold*. Under dette tema vert det vektlagt dei kulturelle berikelsane ei samansett befolkning fører med seg, men som samstundes fordrar gode «...språkkunnskaper og kulturforståelse».³⁷⁰ I avsnittet vert det vedkjent dei dugleikane og kunnskapane det krevst av dagens elevar for å manøvrere seg i mangfaldet. Altså vert ikkje ei samansett befolkning sett på som utan utfordringar, men det vert framheva det verdifulle ved historisk og kulturelt mangfald i befolkninga.³⁷¹

Samtidsord – straumningar i verda

Kan samtidsorda seie noko om tiltak og regulering, eller tilpassing til befolkningsutvikling? Blant kontekstorda dukkar det globale perspektivet opp gjennom samtidsordet «verden», men det er ikkje samtidsord som kan knytast til regulering og forvaltning blant kontekstorda. Nokre av samtidsorda, slik som «strømninger» og «konflikter», kan lenkjast til skildringar av det som pregar samfunnet i samtida og for framtida, og som verdiane i læreplanen skal ruste elevane for. Dei to nemningane av nøkkelordet *befolk* vert i den overordna delen dermed ikkje knytt til forhold og eigenskapar ved befolkninga som krevst intervensjonar frå samfunnet – i staden er dei knytt til verdiar vi ynskjer skal ivareta kjernen i det norske mangfaldige samfunnet (sjå vedlegg 3 for alle kontekstord i overordna del).

Vitskapsord – demografi og berekraft

Det er ikkje brukt vitskapsord i konteksten til nøkkelorda, men det vitskapelege nøkkelordet *demogr* er som kjent brukt. Under det tverrfaglege tema *Bærekraftig utvikling* er nøkkelordet nemnt som «demografi» i samband med ei opprømsing av problemstillingar som fell innanfor temaet. Her vert m.a. fordeling av ressursar, klima, likestilling og konflikhtar nemnde og samanhangen mellom desse problemstillingane skal elevane ha kunnskap om.³⁷² Det teiknar

³⁶⁹ Saabye, 2019, s.10.

³⁷⁰ Saabye, 2019, s.10.

³⁷¹ Saabye, 2019, s.10.

³⁷² Saabye, 2019, s.17.

seg slik opp eit mogleg skilje i bruken av dei to nøkkelorda *befolk* og *demogr* i LK20. Der nøkkelordet *befolk* vert brukt i handsaming av kulturelle forhold i befolkninga, vert *demogr* brukt som omgrep for dei demografiske komponentane i befolkninga. Demografi vert altså her brukt som eit fagomgrep. Er det same skilje å finne i fagplanen?

7.2.6 KWIC-ANALYSE NIVÅ 1: FAGPLANEN

I fagplanen er det nøkkelordet *demogr* som er nemnt 3 gongar i fagplanen. Det er med andre ord ikkje råd å spore same skilje i bruken av dei to nøkkelorda i fagplanen som i den overordna delen, men korleis vert fagomgrepet *demogr* brukt i fagplanen?

Plan LK20	Vitskapsord	Samtidsord	Verdiord	Ubest	Total
Fagplan	6	7	3	2	18
Prosent	33%	39%	17%	11%	100%

Tabell 7.2.6 Frekvens av kontekstord til nøkkelordet *demogr* i fagplan i LK20, jf. Vedlegg 2

Verdiord – mangfald, berekraft og demografiens kompleksitet

Nøkkelordet er brukt i samfunnsfag og om faget står det at «Gjennom samfunnsfaglege tenkjemåtar og metodar skal elevane utvikle eit aktivt medborgarskap bygd på medvit om demokrati, miljø, menneskerettar, likestilling og verdien av mangfald».³⁷³ Dei tre verdiorda som utgjer 17% av KWIC-konteksten, byggjer særskild oppunder verdiar om miljø, toleranse og mangfald; «forståinga» og «forskjellige».³⁷⁴ Mellom anna skal elevane etter 10 trinn kunne samanlikne korleis ulike forhold har påverka «...demografi i forskjellige delar av verda...» og i høve berekraftig utvikling vil «Kunnskap om samanhengar mellom natur og samfunn, om korleis menneska påverkar klima og miljø, og om korleis levekår, levesett og demografi heng saman...» bidra til forståinga.³⁷⁵ Denne framstillinga i fagplanen, framhevar kompleksiteten ved demografi – korleis demografi kan vere forskjellig, korleis den påverkar, men i størst grad korleis den vert påverka.

³⁷³ Saabye, 2019, s.46.

³⁷⁴ «Saman» er det tredje verdiordet. Trass i at KWIC-analysen fangar opp eit ord som «saman» i konteksten, og det vert kategorisert som verdiord, er det ved nokre høve ikkje nødvendigvis denne betydninga ordet har i ei setning. I planen vert nemleg ordet brukt i uttrykket «heng saman».

³⁷⁵ Saabye, 2019, s.48.

Samtidsord og vitkapsord – befolkninga si livsførsel

Det er liten grad variasjon i tematikken blant samtidsorda i fagplanen, som utgjer 39% av KWIC-konteksten jf. Tabell 7.2.6 og vedlegg 2. Det globale perspektivet trer fram igjennom «verden», som i den overordna delen, og det er i hovudsak «levesett, «levekår» og «livsgrunnlag» elevane skal lære om. I ei forlenging av fokuset for samtidsorda på befolkninga si livsførsel, utgjer vitkapsorda m.a. «busetjingsmønster» og «geografiske», 33% av kontekstorda. Respekt for naturen og miljømedvit er eit tema i verdigrunnlaget i den overordna delen samt at *Berekraftig utvikling* er eit eige tverrfagleg tema. Desse nemnde samtids-og vitkapsorda vidarefører og operasjonaliserer denne delen av verdigrunnlaget i fagplanen, trass i at dei ikkje er vorte kategoriserte som verdiord i denne analysen.

Tidsdimensjonane – menneske i fortida

I undersøking av tidsdimensjonane i høve befolkning og demografi, er ikkje kontekstorda i fagplanen til hjelp. Lesing av kompetansemåla i sin heilskap, der nøkkelordet *demogr* finn seg, gjev derimot meir innsikt.

I kompetansemålet etter 7.trinn skal elevane «...utforske korleis menneske i fortida livnærte seg...».³⁷⁶ Kva ernæring befolkning har hatt i tidelegare tider, er vorte undersøkt i historisk-demografiske undersøkingar, grunna den moglege påverknaden på befolkningstilveksten og levealder.³⁷⁷ I målet vert rett nok ikkje ernæring knytt til demografi som mogleg påverkar. Det er i andre del av same kompetansemål at elevane skal «...samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka og påverkar demografi, levekår og busetjingsmønster».³⁷⁸ Her famnar «livsgrunnlag» om ein meir samansett påverknad på demografi, der også ernæring og føde kan inngå. I denne andre delen av kompetansemålet opnast det for både samtids-og historiske undersøkingar, gjennom at ein skal samtale både om det som påverka og påverkar.

Kontekstens gjengangarar - levekår

Gjengangarane manglar i KWIC-konteksten, men fleire av orda både blant samtidsord og vitkapsord syner at berekraftig utvikling og livsførsel er hovudlinja i framstillinga av

³⁷⁶ Saabye, 2019, s.51.

³⁷⁷ Sjø Johansen, 2018 for oversikt over mortalitetsdebatten i Norge.

³⁷⁸ Saabye, 2019, s.51.

demografi i fagplanen. Samtidsordet «levekår» vert brukt ved tre høve i konteksten og vitskapsordet «busetjingsmønster» vert brukt eit par gongar. Kontekstens tema og gjengangar vitnar altså ikkje om eit fokus på kor stor befolkninga er, men kor mykje plass befolkninga tek gjennom måte å leve og bu på. Vil det same mønsteret syne att i analysen av dei andre demografiske nøkkelorda for heile læreplanen?

7.2.7 KWIC-ANALYSE NIVÅ 2: NØKKEWORD

I LK20 er dei demografiske nøkkelorda nemnt seks gonger. Nøkkelordet *befolk* er nemnt to gongar, medan *demogr* er nemnt fire gongar. Dette vil sei at ingen av dei andre demografiske nøkkelorda er nemnde i det heile, jf. tabell for LK20 i vedlegg 1. Konteksten til dei to nøkkelorda er vorte gjennomgått i nivå 1 av analysen av overordna del og fagplan. Det står likevel igjen eitt moment som kan belyst. Kva fagleg samanheng inngår nøkkelorda i?

Nøkkelordet *befolk* er begge gongane brukt i ein samfunnsvitskapeleg samanheng, medan nøkkelordet *demogr* er brukt i samfunnsvitskapeleg, geografisk og historisk samanheng, jf. tabell for LK20 i vedlegg 1. Det eine kompetansemålet bindar saman demografi og tema frå dei tre faga: «...samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levekår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar verda».³⁷⁹ Altså vert ikkje dette vitskapelege nøkkelordet bunden til éin fagdisiplin.

7.2.8 Oppsummering – «Demografi»

I LK20 er det forholdet mellom livsførsel og demografi i høve berekraft som kompetansemåla dreiar seg om. Det vert tematisert demografiens forhold til faktorar som klima og levekår, og det er vekt på korleis demografi har vorte påverka og korleis den vert påverka i dag, gjennom t.d. livsgrunnlag og teknologi. Altså trer det fortidige perspektivet fram, der kompetansemåla eksplisitt uttrykk at tema i høve demografi både skal undersøkjast for menneske i fortida og for samtida. Det er altså ikkje særskild fokus på korleis demografi påverkar, og befolkningsvekst eller befolkningsutvikling er heller ikkje tematisert. Tabell 7.2.8 syner oppsummering av tema for kontekstorda. (Sjå også vedlegg 2 og 3 for alle kontekstorda for LK20.)

³⁷⁹ Saabye, 2019, s.52.

Tabell 7.2.8 Tematisk oppsummering av kontekstorda i LK20

LK20	Vitskap	Samtid	Verdi
Overordna del	Nøkkelordet *demogr* er brukt, men ingen vitskapsord i konteksten.	Straumningar og konflikt Verda og samfunnet	Moglegheiter og rettar Kultur og mangfald
Fagplan	Busetjingsmønster Geografi	Levesett, levekår og livsgrunnlag Verda	Mangfald og forståing

Dei demografiske komponentane er ikkje eksplisitt uttrykte i planen, og ei heller er dei andre utvalde demografiske nøkkelorda i denne oppgåva, som t.d. *innvan* eller *fød*, nemnde i læreplanen. Det er altså berre dei to nøkkelorda *befolk* og *demogr* som vert brukte og framstilt i LK20.

8. KOMPARASJON: DEI FEM LÆREPLANANE

I dette kapittelet vil funna i analysen av kvar einskild læreplan verte samanlikna med kvarandre for å undersøke utvikling over tid i framstillinga av befolkning og demografi. Kapittelet har fem delar i: haldningar til befolkning, nøkkelorda, forholdet mellom tidsdimensjonane, skilnad mellom generell del og fagplan, og til slutt kontekstorda.

8.1 Haldningar til befolkning

Særskild i det første nivået i analysen, synte KWIC-konteksten til nøkkelorda at det i læreplanane er ord som peikar på ulike haldningar til befolkning. Det er særskild i tematisering av befolkningsvekst at slike kontekstord trer fram. Kva haldningar dreiar det seg om, og korleis har dei endra seg gjennom læreplanane?

Utsiktene for framtida, samt intervenserande tiltak og regulering i samtida pregar særskild framstillinga av befolkning i M74. Dette ikkje uventa sett i samanheng med Telhaug si beskrivne aktualitetsbølgje på 70-talet som prega samtida, politikken og skulen.³⁸⁰ Læreplanen verkar særskild å vere opphengt i auke og problem i samband med befolkningsvekst. Sjølv i læreplanmålet der elevane skal undersøke befolkning gjennom tidene, er formuleringa prega av samtida; dei skal undersøkje befolkningsveksten gjennom tidene. Desse kontekstorda i M74 gjev uttrykk for ei pessimistisk framstilling av befolkning t.d. «befolkningsproblemene» og «overbefolkning». Kva kjem pessimismen av?

Dei demografiske data for tida etter 2.verdskrig kan mogleg forklare pessimismen kring befolkning i 1970-åra. I 1960-åra opplevde verda ein årleg vekstrate i jordas befolkning, som ein aldri tidelegare hadde sett. Vekstraten i befolkninga nådde eit toppunkt i 1962 med ein årleg vekst på 2,2%, og heldt seg over 2% fram til byrjinga av 1970-åra. I 2020 var vekstraten i underkant av 1% jf. figur 8.1.1 nedanfor.³⁸¹ I 1974 fann også den første befolkningskonferansen med statar stad i Bucuresti, og på agendaen stod befolkningsveksten og korleis ein kunne hindre ytterlegare vekst – der vesten fremja familieplanlegging som tiltak i utviklingsland.³⁸² Forholdet og skilnadane mellom landa i sør og nord blei diskuterte under pessimismens åsyn, og Brunborg omtalar det som konfrontasjonar mellom dei to aksane.³⁸³ KWIC-analysen av


³⁸⁰ Telhaug, 1994, s.315-318.

³⁸¹ Roser, Ritchie & Ortiz-Ospina, 2013. Hos ourworldindata.org finn ein statistikk over verdas befolkningsvekst.

³⁸² Brunborg, 2006. Oversikt over sentrale moment ved befolkningsvekst og befolkningskonferansane finn ein på Norsk Utenrikspolitisk Institutt (NUPI) sin nettstad, skrive av seniorforskar Helge Brunborg i SSB.

³⁸³ Brunborg, 2006.

kontekstorda i M74 synte at det vert fremja skilje mellom utvikla land og utviklingsland i høve befolkningsproblem. Dette føyer seg inn i forskingslitteraturens to tema «oss og de andre» samt Nord-Sør-perspektivet. Larsen beskriv korleis enkelte befolkningsteoriar også nøra oppunder og legitimerte frykt for overbefolkning, før det i nyare tid har kome teoriar som ikkje er like negative til utviklinga.³⁸⁴ I omtalen av befolkningstilhøve skil M74 mellom i-land og u-land, på same måte som på befolkningskonferansen i Bucuresti.




Figur 8.1.1. Årleg vekstrate for verda befolkning henta frå Roser, Ritchie & Ortiz-Ospina (2013) frå Ourworldindata.org

I M87 verkar framstillinga av befolkninga som mindre pessimistisk. Endring i diskurs frå «tilvekst» til «utvikling» og «endring» gjer det freistande å omtale dette som eit haldningsskifte i framstilling av befolkning frå M74 og M87. Men over ein tidsperiode på 13 år mellom planane, er skiftet i beste fall å beskrive som atterhalde. Befolkningsvekst er framleis til stades i M87. Grafen over årleg vekstrate i verdas befolkning syner at den kring 1980 var gått ned til 1.7%, og beveg seg oppover mot 1.8% ilt av 80-talet. Befolkningsveksten såg i andre ordlag ikkje like illevarslande ut på 80-talet, noko tematikken på den andre befolkningskonferansen i Mexico i 1984 vitna om. I følgje Brunborg blei ikkje befolkningsvekst diskutert med same negative utgangspunkt av vesten som for den første konferansen, og ein hadde i større grad trua på at dette kunne løyse seg også utan særskilde tiltak mot fødselsreduksjon.³⁸⁵ Trass nedgangen i årleg vekstrate, syner grafen over årleg tilvekst i den globale befolkninga at ein i 1988 nådde eit toppunkt med 92 millionar, jf figur 8.1.2. Økonomiske reformar gav fornøya håp om at

³⁸⁴ Larsen, 2016, s.5-9. Han omtalar m.a. Malthus, Boserup og Rosling.

³⁸⁵ Brunborg, 2006.

befolkningssituasjonen ville gå seg til i utviklingslanda,³⁸⁶ og at frykt for overbefolkning blei noko moderert i samfunnet. Dette håpet gjaldt også i M87.



Figur 8.1.2 Årleg endring i befolkning henta frå Roser, Ritchie & Ortiz-Ospina (2013) frå Ourworldindata.org

I 1990-åra fall både vekstrate og årleg tilvekst, jf. Figur 8.1.2, i høve 1980-åra. På befolkningskonferansen i 1994 i Kairo var heller ikkje befolkningsvekst i fokus, men moralske spørsmål kring seksuell helse.³⁸⁷ Likevel er auke i befolkning å finne i den generelle delen av L97, men ikkje som eit isolert fenomen – men som ein del i eit større bilde av samanfletta kriser og problem. Slik Nordkvelle & Tvette fann,³⁸⁸ viser denne analysen generelt vag tematisering av Nord-Sør i M74 og M87. I L97 og LK06 (som har same generell del), kjem Nord-Sør perspektivet -og «oss» og «de andre» - fram ved at den generelle delen ansvarleggjer særskild dei utvikla landa. Analysen viste også at det vert vektlagt solidariske handlingar i høve globale problem. Dette vitnar om eit syn der befolkning i utviklingsland ikkje lenger på same vis *er* problem som i M74, men *har* problem som dei utvikla landa skal hjelpe med - ikkje fordi det gagnar dei utvikla landa, men fordi ein er moralsk forplikta til å hjelpe. Men fordi formuleringa i den generelle delen ikkje er eit kompetansemål, finst det ikkje verb som fortel korleis elevane skal arbeide med dette skiljet i ansvar mellom Nord og Sør. I staden inngår skiljet i verdigrunnet av den generelle delen i høve det å vere eit miljøbevisst menneske. Eit

³⁸⁶ Brunborg, 2006.

³⁸⁷ Brunborg, 2006.

³⁸⁸ Nordkvelle & Tvette, 2010, s.13.

miljøbevisst menneske i eit utvikla land som Norge skal slik sett vere medviten - men også føle særskild ansvar for å jobbe mot berekraftig utvikling.

Haldningsendringar i høve befolkning kjem også fram i bruk av ulike verb som ikkje inngår i KWIC-analysen av kontekstord, men som kjem til syne ved å lese kompetansemåla med nøkkelordet, i sin heilskap. I L97 var det som kjent kome på plass kompetansemål, og vedrørande befolkningsspørsmål og byvokster skulle elevane *arbeide* og *diskutere årsaker*.³⁸⁹ Nordkvelle & Tvette poengterer at «Når elevene kan drøfte, gi eksempler på, beskrive og gi årsaker til de ulike innholdselementene læreplanene ramser opp, er det fortsatt en holdningsdimensjon som ikke er stramt rammet inn».³⁹⁰ Det vil sei at denne type formuleringar i kompetansemåla ikkje tek stilling til eller uttrykk haldningar til dei tema dei tek opp. Slik omgår læreplanen å syne partipolitisk tilknytning – særskild i handsaming av Nord-Sørperspektivet.³⁹¹ Dette kan også forklare det mindre konkrete uttrykket «befolkningsspørsmål» som L97 innfører.

Også i LK06 og LK20 er denne type formuleringar av kompetansemåla til stades i framstilling av befolkning. I LK06 skal elevane *gjere greie* for og *drøfte* i høve befolkning,³⁹² og i LK20 skal elevane *samanlikne* og *utforske* i høve demografi.³⁹³ Analysen av kontekstorda synte også at det er få negativt lada ord knytt til nøkkelorda i dei to planane. Mellom år 2000 og 2020 ser ein på grafen i figur 8.1.1 at årleg vekstrate i befolkninga har gått ned frå 1.2% til under 1%. Likevel synte Sæle og delutredninga i høve utarbeiding av LK20, at befolkningsvekst framleis er tema som dukkar opp også i tilknytning skule.³⁹⁴ Samstundes tematiserer både L97, LK06, og LK20 enten kriser, krig eller konflikter i tilknytning befolkning – dei tre K-slagsidene som Koritzinsky beskrev at massemedia var påverka av.³⁹⁵ Midtbøen, Orupabo & Røthing fann at LK06 hadde mål som var lite konkrete, men kunne mogleg opne for handsaming av særskilde tema i høve befolkning.³⁹⁶ Min analyse har synt at dei meir opne formuleringane og bruk av verb som ikkje verkar haldningsførande, gjer til at framstillinga av befolkning L97, LK06, og LK20 verkar meir nøytrale. For Rosling og oppgåvene til Fagerslett, Larsen og Fjose har synt

³⁸⁹ Kirke,-utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.187.

³⁹⁰ Nordkvelle & Tvette, 2010, s.14.

³⁹¹ Nordkvelle og Tvette, 2010, s.14.

³⁹² Kunnskapsdepartementet, 2006, s.124.

³⁹³ Saabye, 2019, s.51.

³⁹⁴ Sæle, 2017, s.194: NOU 2014:7, s.115.

³⁹⁵ Koritzinsky, 2014, s.151.

³⁹⁶ Midtbøen, Orupabo & Røthing, 2014, s.33.

at utdaterte haldningar til befolknings situasjonen særskild i utviklingsland framleis finst både blant lærarar, elevar og befolkninga elles.³⁹⁷

8.2 Nøkkelorda

For det andre nivået i analysen av læreplanane var det dei demografiske nøkkelorda som blei undersøkte t.d. *innvan* og *fød*. I KWIC-analysane har det vorte synt kor mange gongar orda har vorte brukt i kvar læreplan, samt kva skulefagleg kontekst dei inngår i. Kva endringar skjer i bruken av dei demografiske nøkkelorda gjennom dei fem læreplanane?

Frå M74 og M87 til LK20 har det vore ein sterk nedgang i frekvensen av nøkkelorda i læreplanane. I M74 og M87 var dei demografiske nøkkelorda brukt over 90 gongar i planane, medan dei i LK20 berre var brukt ved 6 høve,. Den kraftigaste nedgangen skjer frå M87 til L97, men nedgangen held fram i både LK06 og LK20 jf. tabellane i vedlegg 1. Kva kjem nedgangen av?

For det første, har det kome fram gjennom analysane korleis dei fem læreplanane er ulike kvarandre i oppbygging og i styring av innhaldet. Det er naturleg å tenkje at dette også har påverknad på kor hyppig dei demografiske nøkkelorda vert nytta. Læreplanane L97, LK06 og LK20 har alle kompetansemål og ikkje tema og stikkord utan samanhengande setningar. M74 og M87 presenterer i større grad forslag til eit mangfald av tema, medan dei tre nyaste læreplanane er mindre omfattande og meir opne i innhaldet - gjennom kompetansemål.

For det andre er det relevant å sjå på kor lang kvar læreplan er. M74 er på 387 sider. M87 er på 313 sider. L97 er på 353 sider. LK06 er på 245 sider. LK20 er på 128 sider. Dei tre planane frå M74 til L97 er altså alle over 300 sider. Dei to første læreplanane er like kvarandre i måten å styre på gjennom å vere rammeplanar, samt måten å føre opp både setningar, tema og stikkord. Med tanke på at nøkkelorda er nemnt 38 gongar i L97 kontra 97 gongar i M87, kan det verke som at nedgangen i nøkkelord er større enn den er med tanke på kor mange sider planen har. Dette styrkar også at skilnad mellom oppramsing av tema og deleemner i M74 og M87 og kunnskapsmål i L97 gjer planen mindre konkret i høve innhald. Dessutan er utforminga av L97 prega av fleire bilete, og mindre tekst på sidene.

Samstundes kan det også sjåast i samanheng med eit tredje poeng. Utviklinga mot mindre pessimisme kring befolkning på 1990-åra, som omtalt i 8.1, kan ha gjort tilhøve ved befolkning mindre relevant å handsama i L97 – som også vert konsekvensen i LK06 og LK20. Det er altså

³⁹⁷ Fagerslett, 2015; Larsen, 2016; Fjose, 2018; Rosling, 2018.

nedgang i bruken av omgrepa totalt, men korleis ser endringane ut for dei ulike demografiske nøkkelorda?

Nøkkelord befolkning og demografi

Kor ofte er orda befolkning og demografi nytta i læreplanane mellom 1974 og 2020?

I alle læreplanane er nøkkelordet *befolk* til stades, men utviklinga er at bruken av ordet er fallande i læreplanane. Frå å vere brukt 23 gongar i både M74 og M87, er det berre nemnt ved to gonger i LK20, jf. tabellane i vedlegg 1. Sett i samanheng med nedgangen generelt i dei demografiske nøkkelorda, kan dette kome av same grunnar som nemnde ovanfor. Det interessante er kanskje i større grad forholdet mellom bruken av nøkkelorda *befolk* og *demogr*. Demografi eller ulike formar for ordstammen *demogr* er heilt fråverande i læreplanane for grunnskule og ungdomsskule, heilt fram til LK20. I læreplanen frå 2020 er til og med ordet brukt fleire gongar enn *befolk*. Ikkje nok med det, «demografi» er i eit kompetansemål for kva elevar skal kunne etter 7.trinn i Samfunnsfag.³⁹⁸ Ordet «demografi» går frå å mangle fullstendig i læreplanar for grunnskule før LK20, til i LK20 å vere eit omgrep det er forventa at elevane skal ha kjennskap til allereie på barneskule. Dette kan vitne om ei vitskapeleggjering. På mange måtar talar dette i mot Young og Muller som meinte kompetanseorientering gjer at ein i dag beveg seg vekk frå vitskapsfaget og kunnskapen i skulen.³⁹⁹ Innføringa av omgrepet demografi, er i tråd med Sæle sin observasjon av det er metodar og tenkjemåtar frå dei ulike vitskapsfaga som først og fremst skal prege skulefaga i LK20.⁴⁰⁰

Demografiske komponentar: Fødsel og død

Dei tidelege læreplanane har vist seg å vere oppteken av tilvekst i befolkning. Men analysen har synt at tilveksten først og fremst vert omtalt med overgripande termar som t.d. «befolkningsvekst», «befolkningsutvikling», «storleik» og «struktur» - i læreplanene. Dette utan at konkrete omgrep som har med dei to demografiske komponentane fødsel og død vert brukte i særskild grad. I M74 vert rett nok «fødseloverskudd» nytta, og «fødselsreduksjon» i M87. Men i samfunnsfagleg, geografifagleg og historiefagleg samanheng er nøkkelorda *fød* og *død* lite til stades i framstillinga av befolkning, og i dei to første læreplanane er dei først

³⁹⁸ Saabye, 2019, s.51.

³⁹⁹ Young & Muller, 2010, s.18.

⁴⁰⁰ Sæle, 2017, s.185.

og fremst å finne i høve religionsfagleg tema. Dei meir vitskapelege nøkkelorda *mortal* og *fertil* er ikkje brukt i det heile. Kvifor er ikkje læreplanane meir eksplisitte i omgrepsbruken knytt til demografiske komponentane?

For det er hovudsakeleg i naturfag og religionsfagleg samanheng at desse to nøkkelorda vert brukt i framstilling av livet, artar, religiøse hendingar og ritar. Altså er orda først og fremst brukt i framstillinga av dei religiøse og biologiske sidene ved samfunn og befolkninga, men ikkje i høve demografiske framstillingar av befolkninga. Det verkar som at dette føyar seg inn i eit mønster der læreplanane let omgrep som t.d. «befolkningsspørsmål» «befolkningsutvikling» og «demografi», vere paraplyomgrep der læraren står friare til å velje kva som skal vektleggast i høve dette, jf. tabell 8.2. I konkretisering av desse omgrepa finn ein i både i dei tidelege og nyare læreplanane omgrep som t.d. «utvikling», «storleik» og «struktur». Dette kan reflektere skilnaden mellom vitskapsfaget og skulefaget, som teksten vil kome attende til i 8.5. Skulefaget går opp ein vitskapeleg sti i framstilling av befolkning, men går ikkje like teknisk og metodisk til verks.

Tabell 8.2 Døme på læreplanmål 1974 til og med 2020: demografiske komponentar.

M74– fødselsoverskudd (befolkningstilvekst)	Befolkningskunnskap: Jordas befolkning, utbredelse, fødselsoverskudd. Framtidsutsikter. ⁴⁰¹
M87- befolkningsutvikling	Befolkning og bosetting: Befolkningsutvikling, befolkningsstruktur og bosettingsmønster. Urbanisering. Distriktpolitikk. Samfunnsplanlegging. ⁴⁰²
L97- befolkningsspørsmål	-I opplæringen skal elevene arbeide med befolkningsspørsmål til dømes storleik, struktur, utvikling og flytting og flukt. Diskutere årsakene til og verknadene av byvoksteren. ⁴⁰³
LK06- befolkningar	-Gjere greie for storleik, struktur, og vekst i befolkningar og drøfte befolkningsutvikling og flytting i nyare tid, inkludert urbanisering. ⁴⁰⁴
LK20 – demografi	- Utforske korleis menneske i fortida livnærte seg, og samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka og påverkar demografi, levekår og busetjingsmønster. ⁴⁰⁵

⁴⁰¹ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.183.

⁴⁰² Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.235.

⁴⁰³ Kirke,-utdannings- og forskningsdepartementet, 1996, s.187.

⁴⁰⁴ Kunnskapsdepartementet, 2006, s.124.

⁴⁰⁵ Saabye, 2019, s.51.

Demografiske komponentar: Flytting og migrasjon

I M74 vert dei demografiske nøkkelorda som har med migrasjon å gjere – nemnt få gongar. Frå M74 til M87 skjer det derimot ei endring. Frå å vere nemnt ved eit par høve i M74, vert *innvan* brukt 31 gongar i M87, jf tabell i vedlegg 1. Samstundes går nøkkelordet frå å vere eit historiefagleg omgrep i M74, til å verte brukt 14 gongar i samfunnsfagleg samanheng i M87. I L97 går bruken av nøkkelordet ned igjen, med berre 3 gongar i læreplanen, men beheld posisjonen som samfunnsfaglege omgrep i læreplanen. Kvifor skjer denne endringa i bruken av nøkkelordet?

Dette kan sjåast i samanheng med verdiane M87 skulle vektleggje, og kvifor dei skulle fremjast. Slik det er vorte påpeika i kap 4., jf. Telhaug, skulle fellesskap stå sentralt i M87, fordi samfunnsutviklinga hadde medført mindre tilhøyrsløse til institusjonane i samfunnet. Den auka innvandringa på 80-talet, medførte fleire religionar og kulturar, som ytterlegare kan ha utfordra fellesskapskjensla og tilhøyrsla.⁴⁰⁶ Difor kan det tenkjast at tematisering av innvandring i M87 skulle verke i mot svekka tilhøyrsløse, og for større forståing.

Kontrasten er dermed stor til LK06 og LK20 der korkje *innvan* eller *utvan* er nytta, jf vedlegg 1. *Flytt* er derimot brukt ved nokre høve i LK06. Dette betyr ikkje at desse to planane ikkje fremjar fellesskap og mangfald i befolkninga – men planane tematisere ikkje dette ved å bruke omgrep for migrasjon som t.d. utvandrar og innvandrar.

8.3 Forholdet mellom tidsdimensjonane

Det historisk demografiske perspektivet og det framtidige perspektivet har synt seg å tre fram i framstillinga av befolkning og demografi i nokre av læreplanane. Måten det fortidige og framtidige perspektiva står fram i framstillinga, har vist seg å vere forskjellig. Korleis kjem tidsaspektet fram i læreplanane?

I den tidelegaste læreplanen i denne undersøkinga, M74, vert befolkningstilvekst gjennom tidene trekt inn i handsaming av befolkning for å syne kvifor ein har det ein såg på som befolkningsproblem i 1970-åra.⁴⁰⁷ Objektet for denne undersøkinga er rett nok ikkje historiebruk, og vil difor ikkje bevege seg langt inn i dette. Likevel er det interessant å merke korleis vektlegging av fortida i M74 illustrerer korleis samtida set utgangspunktet for framstillinga av historiske fenomen. Det same kan ein sjå i M87 i framstilling av fortidige

⁴⁰⁶ Telhaug, 1994, s.404.

⁴⁰⁷ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1974, s.186.

fenomen knytt til befolkning. Her har analysen synt at det er befolkningsutvikling, med vekt på innvandring, utvandring og folkeflyttingar som skal undersøkjast i fortida.⁴⁰⁸ Fremjing av innvandring i denne læreplanen knytast som nemnt til innvandringsbølga Telhaug & Mediås skildra i 1980-åra.⁴⁰⁹ I LK20 er det fokus på korleis menneske livnærte seg i fortida og korleis livsgrunnlaget har endra seg, jf. Tabell 8.2. Dette kan seiast å inngå i samtida sitt medvite om miljø og berekraft. Såleis verkar det også i M87 og LK20 som at det er samtidsutfordringane som har innflyting på det fortidige perspektivet som trer fram i læreplanane

I følgje Stoa har L97 ein gjennomgåande tematisering av urbefolkning gjennom heile læreplanen. Ho knytar direkte inkluderinga av den samiske befolkninga i læreplanane på 1900-talet til linja i det offentlege rom (samtida).⁴¹⁰ Både vektlegging av urbefolkning og den generelle delens fremjing av historisk forankring, ga i denne undersøkinga forventning om at eit historisk perspektiv ville kome til syne i direkte framstilling av befolkning i KWIC-analysen. Dette slo ikkje til. Stoa finn rett nok at det er kompetansemål i L97 som tek opp historiske hendingar knytt til samane – t.d. Kautokeinoopprøret.⁴¹¹ Dette kan tyde på at nøkkelordet *urbefolk* ikkje i like stor grad som *befolk* vert knytt til demografiske komponentane i fortida – men at det heller er namngjevne urbefolkningar som vert knytt til historiske hendingar. Stoa forklarar vektlegging av historiske hendingar med at norske myndigheiter i nyare tid er oppteken av korleis konkrete historiske hendingar knytt til urbefolkning syner korleis dei er vorte behandla dårleg av norsk befolkning og myndigheiter.⁴¹²

Ein må fram til LK20 før det som liknar eit historisk demografisk perspektiv igjen trer fram. Elevane skal lære om korleis menneska tidelegare livnærte seg – utan at det vert sett ein eksplisitt tidsepoke – dette i tråd med Karseth, Kvamme & Ottesen sine funn om LK20 som mindre styrande i høve faginnhald.⁴¹³ Elevane skal også både lære om tidelegare og samtidige påverknadar på demografiske forhold. Til skilnad frå M74, vert ikkje inntrykket i LK20 at historia skal tene samtida. I staden er det å lære om korleis fortidige befolkning levde, ein verdi i seg sjølv.

Der LK20 har kompetansemål med formuleringar som «påverka og påverkar», som opnar for undersøking av både fortida og samtida, er den føregåande læreplanen meir eksplisitt i

⁴⁰⁸ Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s.234.

⁴⁰⁹ Telhaug & Mediås, 2003, s.280-282.

⁴¹⁰ Stoa, 2019, s.84.

⁴¹¹ Stoa, 2019, s.83.

⁴¹² Stoa, 2019, s.76.

⁴¹³ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.122.

formulering av samtidsperspektiv. I LK06 er det konkrete formuleringar som peikar på samtida som trer fram både i framstillinga av befolkninga. To av kompetansemåla der *befolk* er brukt, skal fenomen undersøkjast i høve samtida – gjennom uttrykk som t.d. «i vår tid»⁴¹⁴. Samstundes er M74 den læreplanen som er mest eksplisitt i formulering av framtidsperspektiv i høve befolkning t.d. gjennom ord som «framtidutsikter», medan M87 og L97 er vagare. M87 syner likevel ei orientering rundt situasjonen, befolkningsendringar og - utvikling i samtida.

8.4 Skilnad mellom generell del og fagplan

Gjennom analysen av læreplanane er det ved hjelp av forskingslitteraturen vorte beskrive skilnadar i funksjonen og strukturen til generelle del og fagplan. På grunnlag av dette skulle ein vente å avdekkje skilnadar mellom den generelle delen/overordna delen og fagplanen i høve prosentdel verdiord og vitskapsord i konteksten til nøkkelorda *befolk* og *demogr*. Dette fordi den generelle delen skal gjere reie for verdigrunnet i skulen, og fordi fagplanane for skulefaget har rot i vitskapsfaget. Korleis er forholdet mellom dei to delane i framstilling av befolkning, og skjer det endringar frå M74 til LK20?

Skilnaden mellom fagplanen og generell del av M74 kjem ikkje først og fremst fram gjennom forskjell i prosentdel av kategoriane av kontekstord til nøkkelordet *befolk*. Fagplanen har rett nok større del samtidsord, enn den generelle delen – men i høve vitskapsord og verdiord er det ikkje store skilnadar, jf. Tabell 8.4. Det er først og fremst tema i høve befolkning som visar ulikskap. Den generelle delen har større vektning av nasjonale minoritetar og nasjonale områder. Fagplanen vendar i større grad blikket utover mot verda, og trekk fram fleire formar for kriser som svolt og matvaremangel, og tiltak og reguleringar som familieplanlegging.

I M87 er det også den generelle delen som vektlegg etniske og nasjonale minoritetar i størst grad. Men til skilnad frå M74 er det blant samtidsorda større vektning av norsk økonomi, næringsliv og distrikt i fagplanen. Både den generelle delen og fagplanen løftar fram eit nasjonalt perspektiv. Tabell 8.4 nedanfor, viser ein skilnad mellom den generell delen og fagplanen i M87 for verdiord på 5%-poeng. Dette er mindre enn venta, særskild med tanke på at både kristne og humanistiske verdiar skulle løftast i M87.⁴¹⁵ Det er likevel skilnad i planen i høve vitskapsord, der fagplanen har 11%-poeng fleire vitskapsord for M87, og desse vitskapsorda handlar m.a. om urbanisering og naturforhold. Også verdiane i fagplanen

⁴¹⁴ Kunnskapsdepartementet, 2006, s.77.

⁴¹⁵ Telhaug, 1994, s. 389-401.

omhandlar natur, gjennom tematisering av naturvern – medan den generelle delen i større grad er oppteken av kultur. M87 har dermed ein venta skilnad i del vitskapsord mellom fagplan og generell del.

Tabell 8.4 Frekvens av kontekstord i generell del (GD) og fagplan (F) i læreplanane mellom 1974 og 2020

Læreplan	Vitskapsord		Samtidsord		Verdiord		Ubestemt	
	GD	F	GD	F	GD	F	GD	F
M74	11%	8%	53%	81%	8%	5%	28%	6%
M87	4%	15%	52%	64%	15%	10%	30%	11%
L97	8%	3%	67%	42%	8%	47%	17%	8%
LK06	17%	8%	67%	54%	17%	17%	0%	21%
LK20	0%	33%	28%	39%	56%	17%	17%	11%

I L97 er ikkje dette tilfellet. I denne planen er det 5%-poeng færre vitskapsord i fagplanen enn i den generelle delen. Dette må også sjåast i samanheng med del verdiord i L97. I høve verdiord kan ein utifrå KWIC-analysen lese ein interessant skilnad mellom den generelle delen og fagplanen. For L97 har den generelle delen 8% verdiord, medan fagdelen 47%. Det er nemleg 39%-poeng fleire verdiord i konteksten til nøkkelordet *befolk* i fagplanen, enn i den generelle delen. Kva kjem dette av?

I KWIC-analysen blei det påpeikt korleis den generelle delen av L97 fremjar solidariske handlingar og felles innsats som viktige for å handsama globale problem – samt at dei utvikla landa har eit særskild ansvar.⁴¹⁶ Verdiorda i fagplanen i KWIC-konteksten til *befolk* handla som kjent m.a. om rettigheter og samarbeid. Fagplanen fremjar slik eit lite intervensjonistisk syn på befolkning enn i føregåande planar, med vekt på solidaritet framfor tiltak som familieplanlegging. Det kan slik vere at skilnaden mellom den generelle delen og fagplanen i høve verdiord, vert til som følgje av budskapet i den generelle delen. I fagplanen vert dei solidariske handlingane frå den generelle delen konkretisert gjennom omgrep som «hjelparbeid» i konteksten til nøkkelordet.

Funna må også sjåast i høve samansetjinga av nøkkelordet. Sidan det er urbefolkning som er hyppigast nemnd i fagplanen, verkar det også som at denne samansetjinga har konsekvens for kva kategori av kontekstord som vert brukt mest. Tendensen er at urbefolkning særskild vert omgjeven av verdiord, i større grad enn befolkning, fordi dei ofte vert knytt til kultur og mangfald. Øyen skriv også at den generelle delen i L97 verkar idealistisk, og at Hernes har særskild vore oppteken av konservative idear om bevaring av kultur og kristendom – som igjen

⁴¹⁶ Kirke-, og forskingsdepartementet, 1996, s.46.

inngjekk i eit nasjonsbyggingsideal.⁴¹⁷ Dette tyder på at der den generelle delen i L97 er idealistisk – er fagplanen pragmatisk ved operasjonaliseringa av verdiane i kompetansemåla. Skilnaden gjev seg til kjenne ved omgrep som både er verdiorienterte og samstundes verkar handlande i høve til befolkning, t.d. «hjelparbeid» og «kulturvern».

Trass at Dale meiner at det er ein diskrepans mellom kunnskapssynet i den vidareførte generelle delen frå L97 og ambisjonane for LK06,⁴¹⁸ syner KWIC-analysen at det er få skilnadar mellom den generelle delen og fagplanen i høve kategoriane av kontekstord. Det er rett nok større del vitskapsord i den generelle delen – men her er berre nøkkelordet brukt ein gong, og det vil sei at sjølv eitt kontekstord til eller frå utgjer 17%. Difor er det meir nyttig å sjå på heilskapen. Det er i begge delane over 50% samtidsord, og verdiane utgjer i begge delane 17%. I likskap med M87 og M74 er det altså ikkje særskild skilnad mellom den generelle delen og fagplanen i høve verdiord.

Påstanden om flest verdiord i den overordna delen, og flest vitskapsord i fagplanen slår til i M87, men endå tydelegare i LK20. I fagplanen av LK20 utgjer vitskapsorda 33% og verdiorda 17%, kontra 0 vitskapsord og 56% verdiord i den overordna delen. Dei to funksjonane til dei to delane av læreplanen kjem dermed tydelegare til uttrykk i framstilling av befolkning og demografi i LK20, enn i dei føregåande planane. Det er heller ikkje klåre skilnadar mellom dei to delane i høve tema i framstilling av befolkning og demografi.

8.5 Kategoriseringa av kontekstord: Påverknadar på framstillingane

Det blei innleiingsvis gjort reie for tre hypoteser for påverknad på framstillinga av befolkning og demografi; vitskap, samtid og verdier. Dei tre hypotesene har i analysen blitt operasjonalisert gjennom inndeling av kontekstord i kategoriar samsvarande med dei tre hypotesene, og skil seg frå handsaming av konkrete tidsuttrykk i 8.3. Kategorisering av kontekstorda for kvar læreplan har synt at vitskapsord, samtidsord og verdiord er representerte i alle læreplanane i konteksten til nøkkelorda *befolk* og *demogr*– men i ulik grad. Kva kan kategoriseringa av kontekstord fortelje om påverknad på framstillingane av befolkning over tid i dei ulike planane?

I samtlige av læreplanane bortsett frå i LK20 er det samtidsorda som utgjer størst prosentdel av kontekstorda, som ein kan sjå av tabell 8.5 nedanfor. Frå M74 til LK20 har prosentdel samtidsord falt frå 74% til 33%, og det er M74 som har flest samtidsord i konteksten til

⁴¹⁷ Øyen, 2020, s.57.

⁴¹⁸ Dale, 2010, s.111.

nøkkelordet *befolk*, og LK20 har færrest. Men utviklinga er ikkje lineær frå M74 til LK20. Utviklinga av del samtidsord frå M74 til L97 er nedgåande frå 74% til 48%, medan samtidsorda får eit oppsving igjen i LK06 med 57%.

Læreplan	Vitskap	Samtid	Verdi	Ubestemt
M74	9%	74%	6%	12%
M87	11% (+)	59% (-)	12% (+)	18%
L97	4% (-)	48% (-)	38% (+)	10%
LK06	10% (+)	57% (+)	17% (-)	17%
LK20	17% (+)	33% (-)	36% (+)	14%

Tabell 8.5 Samla tabell over prosentdel kontekstord for heile læreplanar, 1974 til 2020

Det er ikkje uventa at M74 ber preg av å vere påverka av samtidsord i konteksten, slik også haldningane i M74 til befolkning er prega av samtidsutfordringar. Telhaug & Mediås⁴¹⁹ samt Telhaug⁴²⁰ beskrev korleis samfunnet i 1970-åra var orientert kring skeivskap i verda på ulikt vis, og i følgje Engelsen også samfunnskritikk.⁴²¹ Fokuset kring samfunnsproblema var kompleks.⁴²² Det var ikkje éi særskild sak som prega samtida, men ei rekkje. På eit vis kan ein tenkje seg at det sterke engasjementet og medvitet kring samfunnsutfordringar medførte at det var mykje ein meinte skulle få plass i M74 – særskild i høve det globale perspektivet. I st.meld.nr.46 (1971-1972) Om Mønsterplanen for grunnskolen står det om samfunnsfaget at

Departementet har ønsket å understreke at det også for elever 1-3 klassetrinn vil være naturlig å bygge undervisningen mer på det globale perspektiv. Det er viktig at barn så tideleg som mulig blir seg bevisst tanken om en internasjonal samhörighet. Et naturlig utgangspunkt for undervisningen i heimstadi lærer vil fremdeles være hjemmet, nabolaget og hjemstedet, men feltet må så raskt som mulig utvides også til den fjernere verden.⁴²³

Elevane skulle med andre ord tidlig krøkast i internasjonale forhold, samstundes som at M74 skulle inkludere nasjonale etnisiteter og områder. Dette står i kontrast til den typiske perspektivutvidinga i skulen desse eldre elevane blir, som beskrive av Koritzinsky.⁴²⁴ Stoa påpeikar i samfunnsfag, at trass konkret nemning av samar og samiske områder – så verkar formuleringar i fagplanen å oppmuntre til innhenting av globale perspektiv som kan gå på

⁴¹⁹ Telhaug & Mediås, 2003, s.207-208.

⁴²⁰ Telhaug, 1994, s.317.

⁴²¹ Engelsen, 2012, s.83.

⁴²² Telhaug, 1994, s.317.

⁴²³ St.meld.nr. 46, (1971-1972), s.30.

⁴²⁴ Koritzinsky, 2014, s.153.

kostnad av nasjonale døme på konflikt og kulturskilnadar.⁴²⁵ Ser ein dette i samanheng med kor mange gonger *befolk* vert nemnt i læreplanen (23), samt at konteksten til nøkkelordet omfattar reguleringar, forvalting, kriser og problem, utviklingsland og verdsbyar, og minoritetar, jf. tabell i kapittel 3.2.8 – ber ambisjonane i M74 preg av å vere overgripande og vidtomfattande når det kjem til vektlegging av både globale og nasjonale samtidsutfordringar i framstilling av befolkning. Slik vert det heller lite plass til verdiar og vitskap i framstillinga av befolkning i læreplanen.

Men sjølv om prosent samtidsord har gått ned i M87, er kategorien høgast også for denne planen med 59%. M87 har også like mange nemningar av nøkkelordet *befolk* som M74. Sjølv om endra haldning i M87 kring befolkning har gjort seg utslag i mindre fremjing av globale problem, er læreplanen i større grad oppteken av nasjonalt næringsliv og distriktspolitikk for samtida. Dette i tråd med Telhaug sin skildring av merksemd kring nasjonal politikk og tema.⁴²⁶ Mogleg har prosentdel samtidsord gått ned som følgje av mindre pessimisme kring globale befolkningsproblem, samt vending mot nasjonale. Det at dei politisk ynskte å fremje fellesskapskjensle og tilknytning til dei nære institusjonane hjå elevane, slik Telhaug beskreib,⁴²⁷ kan også tenkjast å ha bidrege til mindre pessimisme i planen, og eit større fokus på verdiar. For å best fremje tilknytning og fellesskapskjensle er gjennom verdiar. Samstundes er prosentdel verdiord i M87 ikkje meir enn 12%. Både M87 og M74 er slik påverka av samtida i framstillinga, men perspektivet på samtidsproblematikken er forskjellige.

For det er først i L97 at verdiar er ein tydelegare påverkar i framstilling av befolkning. Verdiord utgjer 38% av kontekstorda i planen. På eit vis kunne ein venta at kunnskapshevinga med L97 skulle medføre fleire vitskapsord, og mogleg mindre vekt på verdiar. Koritzinsky har som vist peikt på at den politiske tanken bak L97 har vore prega av vitskapelege og akademiske tradisjonar,⁴²⁸ men trass dette har L97 den lågaste prosentdelen vitskapsord i KWIC-konteksten.

Ei tese er likevel at den nye måten å lage generell del signert minister Hernes, med rikare utforming og mindre vanskeleg språk, kan ha gjort at verdiar er tydelegare i alle fall i denne delen av planen. Men, analysen synte at det er fagplanen i L97 som har klårt større del verdiord i framstilling av befolkning. Dette må også sjåast i samanheng med korleis ordstammen *befolk* er vorte sett saman til urbefolkning ved fleire høve i fagplanen. Mogleg som følgje av

⁴²⁵ Stoa, 2019, s.33.

⁴²⁶ Telhaug, 1994, s.384.

⁴²⁷ Telhaug, 1994, s.404.

⁴²⁸ Koritzinsky, 2000, s.37.

merksemd kring innvandring, er det ulikskap, kultur og urbefolkning som pregar læreplanen. Mangfaldet og migrasjon i befolkninga verkar å bli framstilt i læreplanen med vekt på verdiar. Det er også verdt å merke at det var Arbeidarparti-regjering som utarbeidde L97, og i tråd med Thuen som trekk fram korleis kunnskapsheving og sosialdemokratisk einskap skulle gå hand i hand, gjennom felles kunnskap og toleranse for ulikskap.⁴²⁹ Det verkar som at tema kring befolkning har betydning for kva det er som påverkar framstillinga. Urbefolkning, mangfald og migrasjon verkar i større grad å verte framstilt med vekt på verdiar, og ikkje samtidsutfordringar.

I høve påverknad på framstillinga av befolkning minner kanskje overraskande fordeling av kontekstord mellom dei tre kategoriane i LK06 å ha større samsvar med M87, enn L97, som ein kan sjå av tabell 8.5. Det skjer ein tilbakegang i verdiar i konteksten i LK06, og ein oppgang i samtidsord. Kan dette handle om LK06 som ein reaksjon på L97? L97 blei til under Arbeidarparti regjering, medan LK06 blei vedteke av regjering der Høgre hadde kunnskapsministeren, Kristin Clemet.⁴³⁰ Dette gjorde seg som kjent utslag i klåre kompetansemål, og som elevane skulle testast i. Slik som Øyen påpeikar verka det som at kompetansesentreringa i LK06, medførte at verdigrunnlaget og den generelle delen blei oppfatta som mindre interessant for politikarane.⁴³¹ At den generelle delen av læreplanen frå L97, utforma av ein AP-minister, fekk stå under Høgre-ministeren – talar mogleg i mot oppfatning av LK06 som ein reaksjon på L97. Det er difor meir nærliggande å trekkje fram både sterk kompetanseorienteringa i LK06 òg mindre vektlegging av tema etniske minoritetar og urbefolkning i framstilling av befolkning - enn i L97, som faktorar for nedgang i verdiord.

Verdiorda får på nytt eit oppsving i LK20 (36%), omtrent på høgde med L97 (38%). Dette er ikkje overraskande, all den tid ein av ambisjonane for LK20 var verdiløft – slik det kjem fram i eine stortingsmeldinga.⁴³² Som beskrive i rapporten til Karseth, Kvamme & Ottesen er verdiane meir gjennomgåande gjennom heile planen, og ikkje avgrensa til verdigrunnlaget – samt at tverrfaglege tema og samfunnsufordringar vert gjentekne for kvart fag⁴³³. Likevel – om ein ser på forholdet mellom verdiord i konteksten i den generelle delen (56%) og fagplanen (17%), jf. tabell 8.4, så er det ikkje først og fremst i fagplanen at verdiane er mest framtrudande.

⁴²⁹ Thuen, 2017, s.203.

⁴³⁰ Aasen, mfl. 2012: Øyen, 2020.

⁴³¹ Øyen, 2020, s. 87.

⁴³² St.meld.nr. 28, (2015-2016), s.7.

⁴³³ Karseth, Kvamme & Ottesen, 2020, s.136.

I den generelle delen har analysen synt at det er særskild moglegheiter, rettigheiter og kultur som vert fremja av verdiar i konteksten til *befolk* og *demogr*, medan det er mangfald og toleranse som vert vektlagt i fagplanen. Verdiane og tema kring befolkning og demografi framhev i liten grad skilnadar og inndelingar av befolkninga, t.d. etter etnisitet og minoritet. LK20 verkar i større grad å løfte fram generelt mangfald og kulturskilnadar i befolkninga, framfor fokus på grupper. Verdiane som kjem fram i konteksten i generelle del og i fagplanen, vitnar om ei vedkjenning av ulikskap og mangfald – men fremjing av det som skal vere likt for befolkninga: like rettigheiter og moglegheiter.

Trass i at fagplanen i LK20 ikkje har så stor del verdiord, inngår dei samtidsorda og samtidsufordringane som vert tekne opp, inn i eit større tema som i seg sjølv kan vere verdilada: miljø og berekraft. For i LK20 har analysen synt at det først og fremst er befolkninga si livsførsel som vert teke opp som samfunnsutfordring – og går inn i det nemnte tema. Både i den overordna delen og fagplanen kjem «verden» fram i konteksten. Det verkar som at når læreplanane vektlegg tema som etnisitetar og minoritetar i høve befolkning – med eit nasjonalt perspektiv, vert verdiar lagt vekt på. Det same når det gjeld mangfald i befolkninga. Men i tematisering av større globale tema knytt til befolkning, er konteksten først og fremst prega av samtidsord.

Ein kan seie at prosentdel kontekstord for dei ulike kategoriane varierer, men likevel er det samtidsord som i alle planane har ei særskild innflyting på framstillinga av befolkning – men dette er tydelegast i dei to første læreplanane M74 og M87, og med ei tilbakevending til same tendens i LK06. Særskild i globalt perspektiv vert det brukt samtidsord i konteksten til nøkkelorda, medan det oftare er verdiord når det nasjonale perspektivet trer fram. L97 og LK20 har størst prosentdel verdiord, men samtidsorda utgjer også ein betydeleg prosentdel. Kva så med vitskapsorda, og kva hypotese stemmer?

Hypotesene og vitskapen

Nokre av dei demografiske nøkkelorda er i større grad typiske vitskapelege uttrykk, og gjerne ikkje like vanlege i daglegtalet. Det andre nivået i KWIC-analysen har synt at dei vitskapelege nøkkelorda som *mortal* og *fertil* ikkje vert brukt i nokre av læreplanane. Samstundes vert det vitskapelege nøkkelordet *demogr* i læreplan for grunnskule og ungdomsskule først nytta i LK20. Ser ein dette i samanheng med prosentdelen vitskapsord i konteksten i læreplanane, som er på sitt høgaste i LK20 med 17%, og på sitt lågaste i L97 med 4%, jf. tabell 8.5 ovanfor,

verkar det som at påverknaden vitskapsfaget demografi har på framstilling av befolkning i læreplanane, er beskjeden. Kva kan vere årsaka til få vitskapelege uttrykk i framstilling av befolkning?

Larsen tek opp skilnaden i skulefag og vitskapsfag. Larsen viser til at skulefaget har «...forpliktelser ovenfor elever og samfunsmessige interesser».⁴³⁴ Dette er dimensjonar vitskapen ikkje på same vis treng å forhalda seg til i forskingsøyemed. Ein kan ikkje stride i mot at det er skilnad mellom vitskapsfag og skulefag. Det er dermed ikkje å vente at læreplanane brukar like mange uttrykk henta frå vitskapen. Men syner læreplanane vitskapleggjing i framstilling av befolkning på anna vis enn dei konkrete uttrykka i KWIC-analysen?

I tabell 8.2 blei det sett opp eit døme på eit læreplanmål frå kvar av læreplanane. Dette er ikkje tilfeldige læreplanmål frå kvar plan, men mål der det gjennom ulike måtar å formulere seg på er dei demografiske komponentane (fruktbarhet, dødelighet og migrasjon) som på forskjellige vis skal handsamast. Tabellen syner at L97 og LK06 har læreplanmål som mest eksplisitt fremjar dei tre komponentane, samt at urbanisering og byvokster vert eksplisitt trekt fram i M87, L97 og LK06. Trass at LK20 er den einaste læreplanen for grunnskule og ungdomsskule der det vitskapelege uttrykket «demografi» vert brukt, er den samstundes minst tydeleg i høve til omgrep for dei demografiske komponentane. Dette også sett i samheng med at analysen av LK20 syner at planen er mindre oppteken av storleik på befolkninga, og meir oppteken av generelle tema om livsførsel og befolkninga.

Trass i at fleire av læreplanmåla i tabell 8.2 eigentleg ikkje brukar særskilde demografisk vitskapelege uttrykk, vitnar formuleringane om at utgangspunktet for måla er vitskapsfaget demografi. Samstundes ser ein den påviste påverknad frå samtida, gjennom skifte frå ord som t.d. «fødselsoverskudd» i M74, til t.d. «befolkningsutvikling» i M87. Desse døma på læreplanmål som handsamar demografiske komponentar med både konkrete og implisitte formuleringar – illustrerer korleis vitskapen i desse måla har vorte tilpassa tema i samtida i framstillinga av befolkning i læreplanane.

⁴³⁴ Larsen, 2016, s.19.

9. Konklusjon

Denne masteroppgåva har teke sikte på å undersøkje *korleis befolkning og demografi vert framstilt i norske læreplanar i perioden mellom 1974 og 2020*. Og vidare: *korleis er vektlegginga mellom historisk demografi, samtidsdemografi og demografiske scenario om framtida i norske læreplanar? Kva har påverka framstillingane og vektlegginga over tid?*

Tidelegare forskingslitteratur har synt korleis særskilde tema innanfor befolkning og demografi er vorte framstilt i læreplanar og i skuleverket. Deriblant tema som etniske minoritetar, oss og dei andre, haldningar til befolkning og Nord-Sør-perspektivet. Samtida har prega framstillinga av nokre av tema, men framstillingane har også vore prega av tidsforseinking i høve til demografisk forskning. Noko av forskingslitteraturen har altså peikt på manglande samsvar mellom vitenskapleg kunnskap og framstillingane av befolkning og demografi.⁴³⁵

Den tidelegare forskinga har stort sett hatt utgangspunkt i andre fagdisiplinar enn historie, og har vore opptekne av undervisning og lærebøker. Forskingslitteraturen har sett på enkelttema i høve befolkning, og har vore meir orienterte kring samtida, og mindre orienterte kring historisk endring. Fokuset i denne oppgåva har vore på befolkning i sin heilskap i læreplanar, med eit langt tidsperspektiv – frå læreplanen M74 til LK20. I denne oppgåva er det brukt kvantitativ og kvalitativ tekstanalyse for å undersøkje problemstillinga.

Kva er funna i den kvantitative tekstanalysen? Analysen av keyword in context (KWIC) i denne undersøkinga, har synt at befolkning er tema i alle læreplanane mellom 1974 og 2020, men at det har skjedd endringar på fleire måtar. I læreplanane M74, M87 og LK20 er det samtidsord som dominerer. I LK20 og L97 er forholdet mellom verdiord og samtidsord meir likt. Særskilde nøkkelord i analysen, t.d. innvandring (*innvan*), har vore meir frekvente i læreplanane når dei har passa samtidsaktuelle tema, t.d. innvandringsbølge. Om det t.d. er befolkningsvekst eller etniske minoritetar som er tema i samtida, vert dette tema for framstilling av befolkning og demografi.

I høve vitenskapleggjering held vitkapsorda seg lågare enn verdiorda og samtidsorda blant kontekstorda i læreplanane. Det er først i LK20 at læreplanen for grunnskule og ungdomsskule at det vitkapelege omgrepet «demografi» vert brukt. Dei vitkapelege termene mortalitet (*mortal*) og fertilitet (*fertil*) vert ikkje er brukt i nokon av planane. Dette trass i at det allereie på 70-talet i Norge blei sett i gong tiltak for at demografi blei breiare forankra i fleire

⁴³⁵ Fagerslett, 2015; Larsen, 2016; Fjose, 2018; Rosling, 2018.

vitskapar ved universiteta, samt at historisk demografi fekk fleire avanserte metodar med betydning for demografisk forskning.⁴³⁶ Det verkar ikkje som at denne spesialiseringa av vitskapsfaget har ført til påverknad på læreplanar for grunnskulen gjennom vitskapelege omgrep. Trass i at det slik sett er lite bruk av vitskapelege demografiske omgrep i læreplanane, har analysen synt at den vitskapelege forankringa i læreplanane kjem fram gjennom kompetansemål som, med ulik omgrepsbruk, tematiserer dei demografiske komponentane – konkret eller implisitt.

